

Asgeir Stanghelle

Kristologien i "De duabus Naturis in Christo" - Chemnitz som  
arvtakar og nyvinnar

Masteravhandling i kristendomskunnskap (MK VI) ved  
NLA Høgskolen, Bergen

Våren 09



## Føreord

Arbeidet med Martin Chemnitz har vore ei lang reis, med ein del omvegar. Eg er takksam for at eg har kome til måls. Det har vore ei gleda å arbeida med kristologi, og den rikdomen som ligg i skriftet "De duabus Naturis in Christo". Studiet av dette vil fylgja meg vidare, og vil vera til nytte for resten av livet.

Takk til vegleiar Oddvar Johan Jensen, for god og sikker vegleing, viktige innspel og interessante samtalar om emnet. Ein serleg takk går til Sigmund Aarvik, som sette meg på sporet av emnet, som hjalp til med å korrigera kursen undervegs, og som har gjeve utallige oppmuntringar og formaningar som har kome til nytte. Takk og til Magnus Vistvik for støtte og hjelp med å lesa gjennom, og gode råd elles. Takk til biblioteket for hjelp med litteratur.

10. august 2009

Asgeir Stanghelle



# Innhald

## Innhold

1.0 Innleiing .....	7
1.1 Oppgåveformulering .....	7
1.2 Korleis løysa oppgåva? .....	8
1.3 Tilhøvet til andre arbeid - endring eller kontinuitet? .....	10
1.4 Målet med oppgåva .....	15
1.5 Gangen i hovudteksta .....	15
2.0 Historisk bakgrunn: Martin Chemnitz sitt liv og rolle i vedkjenningsarbeidet .....	17
2.1 Martin Chemnitz – kort biografi .....	17
2.2 Litt meir om den politiske situasjonen .....	19
2.3 Bakgrunnen for konfesjonaliseringa .....	20
2.4 Chemnitz si rolle i vedkjenningsarbeidet .....	22
2.5 Nokre viktige skrift .....	26
3.0 Kristologien i "De duabus naturis in Christo" .....	27
3.1 "korkje blanda saman naturane eller skilja personen" .....	27
3.1.1 Mønster og samansetjing i "De duabus naturis in Christo" .....	27
3.1.2 Grunnlaget .....	30
3.1.3 Korleis skjøna sameininga mellom naturane, kapittel IV - XI .....	32
3.2 Chemnitz si lære om <i>communicatio idiomatum</i> .....	35
3.2.1 Kapittel XII: Fylgjene frå den hypostatisk unionen .....	35
3.2.2 Kva meinest med det 1. genus ? .....	38
3.2.3 Kva meinest med det 2.genus? .....	45
3.3 Genus <i>majestaticum</i> .....	47
3.3.1 Kva meinest med genus <i>majestaticum</i> ? .....	47
3.3.2 Fører det 3.genus til ei endring, utlikning eller samanblanding av naturane? .....	50
3.3.3 <i>περιχώρησις</i> som berebjelke i det 3.genus .....	54
3.3.4 Kvifor eit 3.genus? .....	57
3.3.5 Skriftavsnitt om kommunikasjonen av majesteteten .....	60
3.3.6 Fedrane og Luther som vitne og autoritet for genus <i>majestaticum</i> .....	66
3.4 Bruken av det 3.genus i truslivet og i kyrkja .....	73
3.4.1 Læra om at Kristus er alle stader hjå Chemnitz .....	73
3.4.2 Er Kristi menneskenatur nær i og hjå alt det skapte ? .....	80
3.4.3 Kristi menneskenatur i høve til tilbeding, tru og trøyst .....	84
4.0 Avslutning .....	87
5.0 Kjelder: .....	91

## **FORKORTINGAR**

DNC - De duabus naturis in Christo

CA - Confessio Augustana

FC - Konkordieformelen

CT - Catalogus Testimoniorum

sol dec - Solida Declaratio

epit - Epitome

Lat - Latinske tekst til De duabus naturis in Christo

# Kristologien i "De duabus Naturis in Christo" - Martin Chemnitz som arvtakar og nyvinnar

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Oppgåveformulering

"Vi holder det derfor for å være en skadelig villfarelse, hvor Kristus etter sin menneskelige natur blir fratatt en slik majestet. For slik blir de kristne fratatt sin høyeste trøst, den de - slik det er vist foran - har fra deres hodes, konges og yppersteprests nærvær og tilstedeværelse. Det er han som har lovet dem at ikke bare hans rene guddom skal være hos dem. Hans guddom er mot oss arme syndere som en fortærende ild mot tørr halm. Men det er derimot han, han, mennesket, han som har talt med dem, han som har prøvet all trengsel i sin antatte menneskelige natur, han som derfor også kan ha medlidelse med oss som mennesker og sine brødre, han som vil være hos oss i all vår nød, også etter den natur han er vår bror og vi kjød av hans kjød."<sup>1</sup>

Frå tidleg i reformasjonen hadde usemje om nattverd og kristologi satt sitt preg på protestantiske område i Tyskland. Etter at Luther døydde i 1546 blussa striden opp på ny over heile området, ikkje berre etter dei gamle frontane, men og innanfor områda som hadde Confessio Augustana (CA) som si vedkjenning. Striden fekk so stort omfang at fyrstar og teologar etterkvart fant det naudsynt å freista samla CA-kyrkjene under eit nytt vedkjenningsdokument, som mellom anna måtte stadfesta kva som var den rette tolkinga av CA i høve til nattverd og kristologi. I soga om prosessen mot eit nytt vedkjenningsdokument mellom CA-kyrkjene spela Martin Chemnitz(1522-1586) ei sentral rolle i høve til å forvalta og tolka det lutherske standpunktet, og det var han som førde i pennen og utforma den mest utfyllande delen i Konkordieformelen om Kristi person, nemleg Solida Declaratio artikkel VIII. Striden mellom CA-teologane i høve til artikkel VIII var knytt til spørsmåla om communicatio idiomatum (samfunnet mellom eigenskapane) i høve til Kristi person og verk. Korleis skulle ein nærare skjøna

---

<sup>1</sup> Sol dec VIII, 87.

sameininga mellom det guddomelege og det menneskelege i Kristus, og kva fylgjer hadde dette for Kristi verk? Det mest kontroversielle punktet i læra om *communicatio idiomatum*, var spørsmålet om majesteteten til mennesket Kristus ved Høgre Handa å Gud, kalla det tredje genus eller *genus majesticum*. Sitatet ovanfor er sluttordet som vart brukt i framstillinga av dette punktet.

Samstundes med arbeidet for eit nytt vedkjenningsdokument skreiv Chemnitz på sitt store kristologiske verk ”*De duabus naturis in Christo*”. I ei sjølvstendig framstilling av heile kristologien, finn ein her punktet om *genus majesticum* som ein del av læra om *communicatio idiomatum* fullt utmynta og grunngjeve serleg frå Skrifta og fedrane. Lærepunktet dekkjer omlag halve skriftet, og er eit avgjerande punkt for heile teologien hans. Oppgåva her tek utgangspunktet i dette og har fylgjande problemstilling: **Analyse av Chemnitz si læra om *communicatio idiomatum* i ”*De duabus naturis in Christo*”, med serleg vekt på grunngjevinga og forsvaret av *genus majesticum*.** Dette tyder at argumentasjonen og strukturen hjå Chemnitz kring fylgjande spørsmål vert det sentrale: Korleis skjønar Chemnitz omgrepa ”*communicatio idiomatum*” og ”*genus majesticum*” utifrå dei tre kjeldene Skrifta, fedrane og Luther, og kvifor er *genus majesticum* so viktig for han?

## 1.2 Korleis løysa oppgåva?

Med tanke på emnet kristologi og siste halvdel av 1500-talet er Chemnitz ein mykje representativ teolog. Kristologi og nattverd var dei lærepunkta han skreiv mest om i karriera si, og han var nok den av dei viktige teologane som arbeidde mest med emnet i det heile.<sup>2</sup> ”*De duabus naturis in Christo*” er opphavelig skriva på latin i ei fyrsteutgåve i 1570, som kom i ei utvida utgåve i 1578. Sidan fylgde omlag 8 nye utgåver fram til 1690, med berre små endringar og tillegg.<sup>3</sup> I oppgåva er skriftet lest i ei engelsk vitskapeleg omsetjing av 1578 utgåva av J.A.O. Preus frå 1971, men med høve til å konsultera ei

---

<sup>2</sup> Preus 1994, s. 257.

<sup>3</sup> DNC, s. 11.



latinsk utgåva frå 1653 ved sidan av. Skriftet er eit mykje representativt uttrykk for Chemnitz sin kristologi, kva som var det serskilde hjå han, og eventuelt kva som var nytt eller annleis i høve til andre teologar. Skriftet har eit mål om å dekkja heilskapen i kristologien, inkludert punkt som det ikkje var strid om i samtida, og det er ikkje eit akutt polemisk skrift, sjølv om stridspunkta i samtida heng saman med tyngdepunktet i skriftet. Chemnitz sin kristologi kan og finnast i det posthume *Loci Theologici* frå 1591, i FC (men her i direkte samarbeid med andre) og i andre mindre skriftet, men for oppgåva her er "De duabus naturis in Christo" eit meir naturleg og betre val.

"De duabus naturis in Christo" er eit langt skrift, i høve til å gjera eit utval i skriftet og å finna det serskilde hjå Chemnitz tek ein tak i dei problemstillingane han sjølv har lagt vekt på. Oppgåva er difor hovudsakleg avgrensa i retning av kapitla XII-XXXIII om *communicatio idiomatum*, og mest til kapitla XIX-XXXIII om *genus majestaticum*. Mellom desse skjønar ein kapitla frå XXI-XXVI og XXX som dei viktigaste. Dette tyder at ein del av fullnaden i Chemnitz si framstilling i høve til handsaminga av dei einskilte naturane i byrjinga av skriftet, og den fullydande framstillinga av den hypostatiske unionen i kapitla frå IV til XI ikkje kan leggjast like mykje vekt på, sjølv om det kunne ha vore det beste i høve til å skildra balansen i Chemnitz si framstilling. Oppgåva avgrensar seg i høve til eit nærare kjennskap til kristologiske arbeid frå sentale teologar som Melancton, Brenz, Andreae og til dels Luther, men i samband med kapittel XIV, XXV og XXX vil det vera eit attersyn til korleis Chemnitz tolkar kristologien hjå Luther. Grunnen til at eg kan gjera dette er eit visst kjennskap til nokre viktige kristologiske skrift av Luther frå slutten av 1520-talet, "Dass diese Wort..." frå 1527, og "Vom Abendmahl Christi, Bekenntnis", og litt til "Von den Konziliis und Kirchen" frå 1539 og "Von den letzten Worten Davids" 1543. Oppgåva avgrensar seg elles til eit kjennskap til dei eventuelle filosofiske fylgjene som kunne liggja bak Loci-metoden og bruken av eit skolastisk omgrepsapparat. Gjennom oppgåva vil ein og jamføra framstillinga hjå Chemnitz med kristologien i Konkordieformelen og *Catalogus Testimoniorum*.

### 1.3 Tilhøvet til andre arbeid - endring eller kontinuitet?

Når det gjeld å plassera oppgåva i høve til andre arbeid, held ein seg so langt som råd berre til spørsmålet om Kristi person, og legg spørsmålet om nattverden til sides der det er mogleg. Dette gjeld for heile oppgåva. I granskingslitteraturen er det ofte tre relasjonar som nemnast i ulik mon når det gjeld Martin Chemnitz. Det fyrste er tilhøvet mellom Chemnitz og Luther, det neste er det mellom Chemnitz og Melanchton, og det siste er tilhøvet mellom dei som skreiv under og stod bak Konkordieformelen. Det siste gjeld serleg teologar som Johannes Brenz og Jakob Andreae frå sørvest-Tyskland på den eine sida, via Chemnitz frå Braunschweig i Låg-Saksen til Nicolaus Selnecker og David Chytreus frå nordaust på den andre, dei tre sistnemnde alle rekna som Melanchton-elevar. Tilhøvet til Calvin og romersk-katolske teologar, som og er relevante, må plasserast utanfor rammene for denne oppgåva. Dette kan forsvarast med at ein viktig del av striden rundt kristologien gjaldt teologar som i utgangspunktet hadde bunde seg til CA.<sup>4</sup>

Viktige spørsmål generelt i granskinga har vore knytt til *utviklingstendensar* mellom kristologien hjå Luther, CA og den som kom fram i Konkordieformelen, og mellom dei ulike forfattarane til han. I granskinga er det mogleg å finna to spor eller tendensar. På den *eine sida* er det dei som legg vekt på *endringa eller brotet* når dei vurderer tilhøvet mellom Luther og Chemnitz og Konkordieformelen, og på den andre dei som legg vekt på *kontinuiteten og harmonien*. Innanfor ein luthersk samanheng var det vanleg frå tida etter Konkordieformelen og fram til nyprotestantismen, å hevda ein grunnleggjande harmoni om desse spørsmåla, medan teologar på reformert side meinte det motsatte.<sup>5</sup> Eit brot med dette på luthersk side kom med ein teolog og kyrkjehistorikar som Karl Holl (1866-1926). På same sida men litt i andre enden av skalaen er det naturleg å nemna Werner Elert (1885-1954). Han meinte i utgangspunktet at tilhøvet mellom skrivarane av Konkordieformelen og Luther var prega av både kontinuitet og endring,<sup>6</sup> og skilde seg slik ut frå den einsidige tendensen hjå nyprotestantiske granskarar som Holl, der ein la all

---

<sup>4</sup> Sol dec VIII, 1. "Det har også oppstått strid mellom teologene av Den augsburgske bekjennelse om Kristi person..."

<sup>5</sup> Eit tidleg reformert skrift mot Konkordieformelen bar tittelen "Concordia Discors"(1607), og det lutherske motsvaret var "Concordia Concors" (1614). Preus 1994, s. 371.

<sup>6</sup> Elert 1962, s. x i føreordet til Jaroslav Pelikan i den engelske utgåva.

vekta på den unge Luther i motsetnad til den seinare Luther og til Konkordieformelen, og som difor fant eit klart brot mellom dei.

I "Morphologie des Luthertums", skriv Elert at eitt felles punkt for alle teologane på luthersk side var at dei alle ynskje å vara personeininga i Kristus under alle omstende,<sup>7</sup> men at teologane bak Konkordieformelen ikkje heilt lukkast. Om tredelinga av *communicatio idiomatum* skriv han: "das sie aus den propositiones personales, aus unitio, unio, communio, *communicatio idiomatum* und deren drei genera über der alten zweinaturenlehre errichtet hatten. Dieser Bau ist das glänzendste Denkmal der dogmatischen Architektonik jenes Geschlechts, das die Konkordienformel geschaffen hat."<sup>8</sup> Eit svakt punkt ved denne bygninga var at ho vart eit hinder for å føra vidare det fullydande hjå Luther, og at ho hindra eit meir effektivt forsvar mot skuldinga frå reformert hald om at det endelege ikkje kan bera det uendelege. Problemet med artikkel VIII i *Solida Declaratio* låg for Elert mellom anna i korleis den guddommelege naturen vert definert i oppramsingar som "å være allmektig, evig, udelelig og alle steder"<sup>9</sup> av di dette er eigenskapar som like godt høyrer til i "deus absconditus" - den skjulte Gud - og at definisjonen av den guddommelege naturen ikkje godt nok understrekar Luther sine tankar om "deus incarnatus" og den serskilde openberringa av hans miskunn, kjærleik og vilje til å forlata.<sup>10</sup>

Elert meinte at skilnaden mellom Luther og kristologien i FC ikkje var stor, og at det 3.genus om korleis menneskenaturen og har del i Gud sitt verk retta opp noko av dette, men ikkje nok slik han ser det. Skilnaden fann Elert mellom anna i spørsmålet om tilhøvet mellom genus *majestaticum* og spørsmålet om Kristi allstadverande slik det kom fram i *Sol dec VIII*.<sup>11</sup> Han meinte at det var ein skilnad mellom Chemnitz på den eine sida og Luther/Brenz/Andreae på den andre med tanke på korleis dei tenkte om Kristi generelle allstadverande og trøysta dei kristne hadde av dette. Her kallast posisjonen til

---

<sup>7</sup> Elert 1965, s. 200.

<sup>8</sup> Elert 1965, s. 202.

<sup>9</sup> *Sol dec VIII*, 9.

<sup>10</sup> Elert 1965, s. 202-203.

<sup>11</sup> Elert 1965, s. 202-208.

Chemnitz for multivolipresens, og i dette ordet ligg det at Chemnitz tok større atterhald i høve til kor mykje ein skulle nemna og leggja vekt på dette punktet.

Edmund Schlink (1903-1984), i "Theology of the Lutheran Confessions", har gjeve uttrykk for tvil når det gjeld samsvaret, "theological cogency",<sup>12</sup> mellom kristologien i FC og i dei tidlegare vedkjenningsskriftene, CA og Apologien. Han meinte at det er vanskeleg å sjå at kristologien i FC VIII, er ei nærare utgreiing og stadfesting av ein artikkel i CA slik som overskrifta til FC lyder.<sup>13</sup> Han hevda noko liknande som Elert at tendensen i FC vert ei meir "teknisk" merksemd kring tonaturslæra og visse guddommelege eigenskapar på kostnad av kjennskap til Kristi velgjerningar og Guds nåde, dette trass i at han og ser FC sin intensjon om å taka vare på trøysta som ein sann kristologi gjev, jfr. Sol dec VIII, 87. Schlink dreg og i tvil samsvaret mellom kristologien i Kalkedon og Konkordieformelen. Han peika og som Elert på ein skilnad mellom forfattarane til FC i høve til spørsmålet om Kristi allstadverande, og i høve til korleis Brenz og Chemnitz tenkte om dei to stadia, Kristi nedring og høgjing i frelsessoga.<sup>14</sup>

Meir i retning av kontinuitet, og ei bok som reknast som obligatorisk for emnet er "Das neue Dogma der lutherischen Christologie Problem und Geschichte seiner Begründung" av Theodor Mahlmann (1931-). Boka er eit studium av opphavet for den andre striden om kristologi og nattverd i protestantiske område i perioden 1551 - 1561. Det serlege emnet for boka er å finna døme på kva som låg i skuldinga om nytt dogme som kom frå Melanchton og sveitsiske teologar. Han arbeider med spørsmåla om korleis dei ulike aktørane skjøna tilhøvet mellom nattverden og kristologi; skulle ein gjeva grunnar for realpresensen i nattverden utifrå innsetjingsorda eller taka utgangspunktet i andre kristologiske føresetnader? Mahlmann tek føre seg korleis Melanchton, Westphal, Bötker, Osiander, Brenz og Chemnitz plasserte seg i dette spørsmålet. Chemnitz sitt syn kallar han for ei kritisk tileigning av Luther. Til saman ynskje Mahlmann med boka å retta opp det skeive inntrykket av kristologien i etterreformatorisk tid som nyprotestantiske granskarar hadde skapt om at Jesus av desse var gjort ukjenneleg. "Die

---

<sup>12</sup> Schlink 1967, s. 192.

<sup>13</sup> Schlink 1967, s. 192.

<sup>14</sup> Schlink 1967, s. 189, 191.

klassische lutherische Christologie ist relevant für heutige christologische Besinnung, kein lästiges Erbe."<sup>15</sup>

Vidare, og meir avgjort på den *andre* sida finn ein teologar og granskarar som fyrst og fremst hevdar ein kontinuitet av tilhøvet mellom Luther og Chemnitz, at Chemnitz tok nok omsyn til Melanchton sine avvik, og at tilhøvet mellom Konkordieformelen sine fedre ikkje skal spelast ut mot kvarandre i høve til teologisk skilnad. På denne sida kan ein plassera Bengt Hägglund. I artikkelen "'Majestas hominis Christi' Wie hat Martin Chemnitz die Christologie Luthers gedeutet?" frå 1980, handsamar han spørsmål som er relevante for oppgåva her. I artikkelen tonar Hägglund generelt sett ned tendensen frå den granskinga der Brenz vert sett på "als der treue Lutherschüler.., der die Christologie Luthers gerettet habe, während Chemnitz als Melanchtonschüler bezeichnet wird, der sich gerade der Christologie von Luther distanziert haben soll. Dieses urteil ist irreführend. Denn beide sind Verteidiger der Theologie Luthers aber beiden geht es um eine selbständige Fortführung, nicht um eine Nachahmung dessen, was Luther gesagt hat."<sup>16</sup> Spørsmåla han stiller i artikkelen er om korleis Chemnitz har tolka og vidareutvikla Luther i sin eigen kristologi. Han arbeider serleg med to problemkrinsar frå "De duabus naturis in Christo" der Chemnitz tek direkte stilling til Luther. Den fyrste er omgrepa "natur" og "person", og den andre er spørsmålet om Kristi allstadverande. Hägglund ynskjer med artikkelen å syna at Chemnitz grunnleggjande arbeider innanfor same ramma som Luther, trass i ein abstraherande eller teoretiserande tendens hjå Chemnitz. Dette gjeld for alle viktige punkt hjå Chemnitz, tonaturslæra, personeininga og *communicatio idiomatum* i tre genera.

I USA har representantar frå Missouri-synoden heile vegen hevda eit grunnleggjande samsvar.<sup>17</sup> Til dømes kan ein nemna Robert Preus (1924 -1995). I "The Theology of Post-Reformation Lutheranism" ser Preus Chemnitz som eit mellomledd til den

---

<sup>15</sup> Mahlmann 1969, omslaget.

<sup>16</sup> Hägglund 1980, s. 72-73.

<sup>17</sup> Ein typisk representant er Francis Pieper (1852-1931), i "Christian Dogmatics", Vol II, sjå til dømes drøftinga under "Lutherans agree on the doctrine of the communicated omnipresence", s. 195 - 205.

ortodokse perioden, og som den viktigaste teologen i perioden han kallar "The golden age of Orthodoxy", frå om lag 1570 – 1618.<sup>18</sup> I boka spør han: "Were the orthodox Lutherans of the late-16th and 17-th centuries true followers of the spirit and theology of Luther? Or was genuine Lutheranism somehow truncated(kutta av, avkorta) shortly before or after the time of the Formula of Concord, as has been implied even by such a sympathetic historian as Werner Elert?"<sup>19</sup> Preus svara nei, og meinte at det ikkje fanst nokon teologisk skilnad mellom dei, men at dei delte det same evangeliet og den same Kristus.

Om "De duabus naturis in Christo" skriv han at skriftet er verd å merkja seg av tre grunnar. For det fyrste meiner han at Chemnitz her overtydande syner at den lutherske kristologien er i samsvar med symbola frå Gamlekyrkja og fedrane.<sup>20</sup> Vidare at Chemnitz si eksegese av viktige skriftstader som Kol 1 og Fil 2 er verdfulle. Og for det tredje at skriftet er eit systematisk og overtydande arbeid, som aldri har vorte overgått av nokon, og er slik ei monumental og dekkjande handsaming av læra om Kristi person."After reading Chemnitz one is persuaded not only that the old doctrine of a communion of natures and a communication of attributes with its threefold classification (genus idiomaticum, genus majesticum, and genus apotelesmaticum) is in accord with Scripture but that this is still the most effective and successful way to present Christology."<sup>21</sup>

Jacob A. O. Preus (1920-1994), som må reknast som ein av dei fremste Chemnitz-kjenningarane, har hevda mykje det same som nyss er nemnd hjå dei to føregåande. Han har omsett dei viktigaste skriftera av Chemnitz om nattverd og kristologi, "The Lord's Supper" (1979) og "The two Natures in Christ"(1971), samt "Loci Theologici" til engelsk, og har skriva ei lengre bok om Chemnitz sitt liv og teologi "The Second Martin The Life and Theology of Martin Chemnitz", som kom ut i 1994. Preus legg vekt på at spørsmålet om genus majesticum "was the most debated during the Reformation. It is also the crucial

---

<sup>18</sup> Preus, R. 1970, s. 45.

<sup>19</sup> Preus, R. 1970, s. 40.

<sup>20</sup> Preus, R. 1970, s. 49.

<sup>21</sup> Preus, R. 1970, s. 49.

one for the theology of Chemnitz."<sup>22</sup> Kort kan ein nemna at tilhøvet til Luther her vurderast som ei vidareføring og utbyggjing av punkt som allereie finst i dei tidlege lutherske vedkjenningsdokumenta: "While nearly all of Chemnitz' arguments and points can be traced back to one or more of Luther's statements, and while they are explicit or implicit in the AC and the Apology (Articles III and X), in the SA and the two Catechisms, it is manifest that Chemnitz greatly expands on all of these documents, but in no way contradicts them."<sup>23</sup>

#### 1.4 Målet med oppgåva

*Målet* med oppgåva er å få fram det serskilde i Chemnitz sin kristologi knytt til det som Hägglund har kalla ei *sjølvstendig vidareføring* av den lutherske kristologien.<sup>24</sup> Med utgangspunktet i korleis Chemnitz sjølv legg fram kristologien er det meint at oppgåva skal kasta ljøs over tilhøvet mellom Luther og Chemnitz, og peika i retning av at denne relasjonen hovudsakleg er prega av kontinuitet, men at det gjeld ei form for sjølvstendig kontinuitet. Chemnitz var ein sjølvstendig teolog som i fyrste omgang arbeider og argumenterar bibelsk og eksistensielt for sin kristologi, og meinte i alt dette å halda fram i spora frå Luther. Innanfor ramma av oppgåva ynskjer eg difor å syna at det er relevant og mogleg å skjønna Chemnitz både som ein arvtakar etter Luther, og at han vant ut noko meir frå Skrifta og fedrane utan å føra inn noko grunnleggjande nytt i høve til det teologiske innhaldet.

#### 1.5 Gangen i hovudteksta

Etter ei historisk innleiing, vil ein syna grunnlaget og samanhengen for omgrepa "communicatio idiomatum" og "genus majestaticum" i 3.1, læra om dei to fyrste genera

---

<sup>22</sup> Preus, J. 1994, s. 268.

<sup>23</sup> Preus, J. 1994, s. 268.

<sup>24</sup> Hägglund 1980, s. 73.

fulgjer so under 3.2, medan arguemntasjonen kring om genus majesticum kjem under 3.3, og handsaminga av eigenskapen "allstadverande kjem til slutt under 3.4.



## 2.0 Historisk bakgrunn: Martin Chemnitz sitt liv og rolle i vedkjenningsarbeidet

### 2.1 Martin Chemnitz – kort biografi

Martin Chemnitz vart fødd 9.november i 1522, og vaks opp i Treuenbrietzen, Brandenburg, som ligg på vegen mellom Berlin og Magdeburg, nær grensa til Saksen. Familien til Chemnitz var hardt arbeidande handelsfolk, og barndomen var relativt ultraumatisk, men faren døydde då Chemnitz var 11 år gamal, og han hadde etter ei nær-drukningssulukke ein tendens til å halda seg litt for seg sjølv. Den unge Chemnitz syntetidleg at han hadde intellektuelle emne og interesse for bøker. Utdanningsløpet var ikkje heilt enkelt, då familien i utgangspunktet ikkje hadde råd til å senda han frå seg. Talentet til Chemnitz var likevel so tydeleg at vener og kjende oppmoda og hjalp han ved ulike høve i ungdomen. Han var i Wittenberg frå 1536-38, der han mellom anna kunne høyra Luther preika, vidare i Magdeburg frå 1539-42, Calbe i 1542, Frankfurt an der Oder 1543-44, og Wittenberg 1545-47 der Chemnitz vart introdusert for Melanchton (1497-1560), som etter kvart ”came to admire more and more the genius of Chemnitz and decided that he was to take his master’s degree.”<sup>25</sup> Faginteressene i den fyrste delen av utdanninga var prega av klassiske humanistiske fag som latin, gresk, retorikk, diktning, dialektikk, matematikk, astronomi og astrologi. Som type kan ein seia at Chemnitz var fredsæl, hardtarbeidande, sjølvstendig, sakleg og fast.

Frå 1547 til 1553 var han i Königsberg, som nyleg hadde vorte universitetsstad. I denne perioden var det at han byrja med teologiske studier, mellom anna etter råd frå Melanchton. Det var slektningen og den hjelpfulle professoren Georg Sabinus, som tok han med seg dit. Her livnærte Chemnitz seg som privatlærer for nokre polske adelsfolk, og han skreiv almanakkar til stor glede for fyrsten i Preussen, August. For ikkje å mista

---

<sup>25</sup> Preus 1994, s. 91. Boka til Jacob Preus er hovudkjelde for denne delen av oppgåva. Preus nemner til dømes at festskriftet "Der zweite Martin der Lutherischen Kirche" av Wolfgang Jünke frå 1986, arbeid frå Inge Mager og Theodor Mahlmann har vore viktige kjelder for han. For eit oversyn over det biografiske materialet han har bruka, sjå Preus 1994, s. 83-85.

Chemnitz baud August han oppgåva som bibliotekar i fyrstebiblioteket i Königsberg i 1550. Dette var ei stor lukka for Chemnitz, og han skildra denne hendinga slik: "I look upon this as the greatest fortune God bestowed upon me during the time of my studies."<sup>26</sup> Jacob Preus vurderar dette som "the turning point in his life, and he then determined definitely to take up theology. He disliked superficial studies, but now that he had all the books he wanted and could study things in depth, he turned all his attention toward theology."<sup>27</sup> Det var her i biblioteket han la grunnlaget for sin store bibelkunnskap, det omfattande kjennskapet til kyrkjefedrane og dei teologiske debattane i samtida. Ein kan og nemna at Chemnitz i denne perioden markerte seg sterkt i den osiandriske striden.

Før Chemnitz reiste til Braunschweig i 1554, var han ein kort periode i Wittenberg, der han hadde nær kontakt med Melancton, men utan å trivast serleg godt ved universitetet. Det var Braunschweig som skulle bli staden der Chemnitz budde og verka heilt til sin død i 1586. Chemnitz vart kalla dit av venen og den gnesio-lutherske leiaren Joakim Mörlin (1514-1571), superintendent i Braunschweig, som assistent for superintendenten og sokneprest i Martinkyrkja i Braunschweig. Melancton freista å halda på Chemnitz i Wittenberg, men utan å lukkast. Braunschweig var ein stor, velståande og sjølvstendig stad, som hørde til mellom Dei Frie Stadene eller Den Hanseatiske Ligaen. Staden tok imot reformasjonen i 1528, medan fyrstedømet var det siste området nord i Tyskland som vart luthersk, på grunn av Henry den Yngre si negative haldning til reformasjonen. So lenge Henry levde var staden under trugsmål frå fyrsten og han ynskje å føra området attende til Rom.

Oppdelinga av livet i Braunschweig kan for skuld oversynet delast i to, der 1554 – 67 er knytt til samarbeidet med Mörlin som assistent, og 1567 – 86 til samarbeidet med fyrst Julius(1528-1589, son til Henry) etter at Chemnitz vart superintendent. Samarbeidet med desse peika i retning av det arbeidet som enda med Konkordieformelen i 1577 og Konkordieboka 1580. I perioden 1566-1573 skreiv han og eit større verk om og mot Tridentinerkonsilet, og Chemnitz var på sett og vis den einaste teologen som skreiv og

---

<sup>26</sup> Preus 1994, s. 92.

<sup>27</sup> Preus 1994, s. 92.

arbeidde med fronten mot både Roma og Geneve samstundes. Det var mellom anna romersk-katolske teologar som kom til å kalla han for "den andre Martin", og var opphavet for den kjende seiinga "Si Martinus non fuisset, Martinus vix stetit" (Om Martin ikkje hadde vore, ville ikkje Martin ha vorte ståande). Chemnitz hadde pastorale oppgåver gjennom heile livet, ved sidan av dei meir akademisk-teologiske og kyrkjepolitiske. I 1555 sytte Mörlin for ei kona til Chemnitz, Anna Jæger, dotter til ein lovkyndig i Braunschweig. Dei fekk til saman 10 born, 6 av dei nådde vaksen alder. Chemnitz døydde 18.april 1586 i Braunschweig.

## 2.2 Litt meir om den politiske situasjonen

Medan Luther levde hadde dei illojale protestantiske områda kome unna den reaksjonen som var lova i Wormsediktet av 1521, avdi keisar Karl V. og paven var hindra av andre meir presserande oppgåver. I 1546 endra situasjonen seg slik at keisaren fekk høve til å tenkja på kva han ville gjera med områda, og han prøvde med krig. Den Schmalkaldiske krigen byrja i desember 1546, og enda med tap for den svake Schmalkaldiske alliansen i slaget ved Mühlberg, april 1547, og dei protestantiske områda kom difor under full keisarleg kontroll. Fredsvilkåra dikterte Karl V. ved å gjera Augsburginterimet, ei slags truvedkjenning, til lov i riket i juni 1548. Interimet skulle berre gjelda frå 1548 til det kom ei avgjerd om dei religiøse problema frå Konsilet i Trent (1546-63).

Keisaren sitt framlegg lukkast ikkje, då korkje den lutherske sigerherren Moritz av Saksen eller paven tykte noko om det. Moritz, ny kurfyrste i Saksen, ville av politiske og religiøse grunnar ikkje ha lova i området sitt, og baud at teologar i Wittenberg og Leipzig skulle utforma eit betre dokument. Ein av desse var den no naturlege leiaren av den lutherske rørsla, Melancton, som stod Moritz nokso nær. Trugsmålet om ny krig var risikoen i arbeidet, og arbeidet resulterte i Leipzig-interimet, desember 1548, som til dømes innehaldt store kompromiss i høve til pavemakta, rettferdiggjering, gode gjerningar og fri vilje. Interimet førde til stor teologisk uro: "Within three days of its adoption the Leipzig document was under protest, particularly among the north Germans.

It spelled 35 years of controversy for Lutheranism. And the entire career of Chemnitz hinged(var bunden til) upon it. Melanchton never again regained his position as the one and acknowledged leader, nor did anyone else hold a leadership position until years of controversy had passed. It was at this point that the terms Gnesio-Lutherans and Philipists began to be used. Out of this conflict came other efforts, usually involving Melanchton, to make common cause with the Reformed against the Romanists and even with Romanists themselves.”<sup>28</sup>

Interimet vart likevel ikkje ståande som vedkjenningsdokument. For bak keisaren sin rygg gjekk Moritz inn i nye alliansar med lutherske fyrstar og franskekongen, og kunne gå inn i Augsburg som utfriar i april 1552. Ved Avtalen i Passau same året vart Leipziginterimet annullert. Ved religionsfreden i Augsburg 1555 fekk dei lutherske områda fridomen attende, men ein underordna status i keisarriket. Den gamle trua og CA vart sidestilte som uttrykk for sann kristentru. Prinsippet var at fyrsten sin region skulle ha fyrsten sin religion. Dei politiske vilkåra frå religionsfreden i Augsburg var rammene for heile Chemnitz si karriere i Braunschweig.

### 2.3 Bakgrunnen for konfesjonaliseringa

Noko som ikkje var ordna med religionsfreden i Augsburg var alto den teologiske usemja som hadde brote ut i samband med Melanchton si rolle og vakling. Det overordna spørsmålet var om CA skulle tolkast i retning av Melanchton eller Luther.

"Motsætningen gjaldt først og fremmest de to Hovedpunkter, hvor Melanchtons moralistiske Humanisme og Traditionalisme havde fjernet ham fra Luther: 1) Naaden og den frie Vilje, 2) Nadveren.”<sup>29</sup> I tillegg hadde dei meir reindyrka ”reformerte” områda fått ein dugande intellektuell kapasitet og leiar i Jean Calvin(1509 – 1564) i Geneve, som Melanchton samarbeidde op med. Til saman i perioden 1547-1577 vart det kjempa om den rette læra i høve til serleg 4 stridspunkt, kalla den majoristiske striden(1551-62), den

---

<sup>28</sup> Preus 1994, s. 61-62. Nemnd av Chemnitz, DNC, s. 21.

<sup>29</sup> Holmquist/Nørregaard 1965, s. 293.

synergistiske striden(1555-67), den osiandristiske striden(1549-66) og endeleg, den kryptocalvinistiske striden (1552-74) om nattverd og kristologi, som var den mest omfattande og sentrale på grunn av bakgrunnen frå nattverdsstriden på 1520-talet. Hovudseta for den kryptocalvinistiske striden var stader som Witttenberg, Leipzig, Braunschweig, Tübingen, Jena og Rostock. Sentrale aktørar var mellom anna Mörlin, Chemnitz, Brenz (1499-1570), Andreae(1528-1590, læresvein til Brenz), Selnecker(1532-1592, byta side omlag 1570) og Chytreus (1530-1600) på den eine sida, og Melanchton med fleire på den andre.

I prosessen som kom etter 1555, konfesjonaliseringa, fant det stad eit nært samspel mellom teologar, fyrstar og andre politiske leiarar. Generelt hadde desse to gruppene ei felles interesse i å verna områda sine mot meir ufred og krig, samstundes som og fyrstane var vel kjend med den potensielle sprengkrafta som låg i ei eventuell usemje innanfor eit område. Dessutan kunne og fyrstane vera overtydde kristne, og ynskje å taka vare på reformasjonen. I høve til keisaren var det og viktig for eit område og ein fyrste å syna at ein haldt seg til grensene for CA, og om det kom fram at ein tenderte i "svermerisk" eller sveitsisk retning stod ein i fare for å kome på utsida av religionsfreden frå 1555. I dei teologiske diskusjonane freista motpartane å framstilla kvarandre som fråfalne frå CA-1530, noko som då auka den politiske fara. I høve til den formelle kyrkjeordninga var kyrkjene i dei lutherske områda i Tyskland kyrkjer som hadde fyrsten som øvste leiar og siste instans, og formelt arbeidde difor alle teologane under ein fyrste eller eit byråd, og eit "corpus doctrinae" var ikkje offisielle dokument i kyrkja før fyrsten eller byrådet hadde skrive under. Tendensen mellom dei to gruppene, fyrstar og teologar, var at fyrstane var meir opptekne av i det heile å få samla områda, medan teologane såg meir til det reelle innhaldet og presise formuleringar.

Holmquist/Nørregaard deler avsnittet om "Fyrsternes Konkordiepolitik" inn i tre stadier. Det fyrste var at dei søkte å samla seg ved å oversjå teologiske motsetnader og skapa semje ved einfaldig å venda attende til CA frå 1530. Då dette ikkje lukkast prøvde kvar fyrste innanfor sitt område å utvikla eit "corpus doctrinae". Eit "corpus doctrinae" kan definerast som "the doctrinal, theological, or confessional portion of the church order,

representing the formally and lawfully adopted doctrinal position of a city or territorial church."<sup>30</sup> Felles for dei lutherske områda var at Skrifta, tre symbol frå Gamlekyrkja og CA var med som vedkjenningsdokument, men elles kunne det vera skilnader i kva som var med. Det tredje stadiet vart å samla desse områda att i eit felles corpus doctrinae som skulle gjelda for alle områda.<sup>31</sup>

## 2.4 Chemnitz si rolle i vedkjenningsarbeidet

Generelt kom dei viktigaste initiativa til avgjerder i lærediskusjonane, og arbeidet for fred og semje, både frå sør, ved Andreae, og frå nord, ved Chemnitz. Eit viktig år for både konfesjonaliseringa og Chemnitz si rolle i ho var 1561, og det fyrste som hendte var møtet i Naumburg, vinteren 1561.<sup>32</sup> Møtet kom i stand av di vona om ein synode mellom CA-kyrkjene var ute, og i tillegg markerte Melancton sin død i 1560, og Flacius (1520-1575) sitt minkande truverde eit høve for nye tider. Fyrst Kristoffer av Württemberg (1515-1568), i samråd med Jacob Andreae, kalla inn andre fyrstar, inkludert to kurfyrstar og politiske leiarar, slik at alle viktige lutherske områder var godt representert. Føremålet med møtet var å eina alle CA-kyrkjene i ein felles front mot Tridentinerkonsilet, samt å stogga framgangen for calvinismen. Mest merksemd fekk diskusjonane rundt korleis ein skulle tolka CA, artikkel X. Katolikkar kunne nemleg tykkja om og finna støtte for si nattverdlære i ei viss tolking av 30-utgåva, medan calvinistar kunne samtykkja til formuleringane til artikkel X i 40-utgåva, der teksten i artikkel X lyder: "Christ is truly present giving through this ministry his own body and blood to him who eats".<sup>33</sup> Sluttresultatet av møtet var at ein ikkje klarte å velja side, men endte opp med at CA, Apologien, og Variata vart gjort gjeldande som forpliktande lære i dei lutherske områda. I tillegg hadde møtet vist vilje, interesse og ei viss emne til å einast om at ein skulle verna om reformasjonsverket.

---

<sup>30</sup> Preus 1994, s. 154.

<sup>31</sup> Holmquist/Nørregaard 1965, s. 296-297.

<sup>32</sup> Nemnd i fortalen til Konkordieboka, Mæland(red.) 1985, s. 4.

<sup>33</sup> Preus 1994, s. 77.

Chemnitz var på dette stadiet i prosessen fyrebels mest tydeleg som leiande teolog på regionalt plan. Han var sentral i utforminga av kyrkelovgjevinga og eit corpus doctrina for staden Braunschweig, og tok elles del i det meste av einingsarbeidet i Nord-Tyskland. Generelt ynskjde han å finna ein veg mellom tendensen som nokre hadde til å glatta over all usemje eller å krangla og tretta om dei minste ting, slik at alt einingsarbeid vart umogleg. I 1561 gav Chemnitz ut to skrift om nattverden, "Anatome" skrive i samband med Hardenberg-saka i Bremen, og "Repetitio".<sup>34</sup> Det sistnemnde vart utvikla vidare, etter mellom anna tilbakemeldingar frå Andreae og Brenz midt på 1560-talet, til dei to standardverka han gav ut om kristologi og nattverd i 1570,<sup>35</sup> og er slik opphavet for "De duabus naturis in Christo". Han skreiv og eit skrift til privat bruk, "Iudicium", om situasjonen i samtida, og kva kriterier og prinsipp som skulle gjelda for dokument som skulle vera med i eit corpus doctrinae. Her kom det til dømes fram at i saker kor Luther og Melanchton hadde ulike meiningar om noko, skulle Luther ha forkøyrretten,<sup>36</sup> og at kriteriet for dokumenta i corpus doctrinae måtte vera at det var skrive i namnet åt folket og ikkje berre i ein person sitt namn.<sup>37</sup>

I juli 1561 tok han og Mörlin del i eit møte mellom fyrstar og teologar frå Låg-Saksen i Lüneburg. Dette møtet stadfesta Naumburg-avgjerda, med unnatak av punktet om Variata og tendensen til tvisyn i fortalen. Som eit viktig tillegg for korleis ein skulle tolka CA kom Dei Schmalkaldiske Artiklane, Luther si Vesle og Store Katekisme, og Mörlin/Chemnitz sine vurderingar av dei mest aktuelle spørsmåla, kalla "Erklerung...und kurzer Bericht", med som vedkjenningsdokument.<sup>38</sup> Til saman kalte ein avgjerda på dette møtet for Lüneburgartiklane, og dei vart underskrivne av ei rekkje viktige stader i Låg-Saksen. Med dette stadfesta dei og negativt at det mest konkrete alternative corpus doctrina i samtida, Corpus Philippicum, ikkje skulle brukast av di det vart rekna som private skrifter. Omlag 1561 var slik ein del av områda i Nord-Tyskland

---

<sup>34</sup> Skriftet er utgangspunktet for Mahlmann si vurdering av Chemnitz i "Das neue dogma der lutherischen Christologie".

<sup>35</sup> TRE, band 7, s. 715-716. Mellomskriftet om kristologi som Chemnitz la fram for eit utval teologar i 1566 vart kalla "Über die persönliche Einigung der beiden Naturen in Christus". Nemnd i hyllingsbrevet til "De duabus naturis in Christo", DNC, s. 20.

<sup>36</sup> Preus 1994, s. 123.

<sup>37</sup> Preus 1994, s. 121.

<sup>38</sup> Preus 1994, s. 114.

samla, og vart eit fast punkt for einingsarbeidet vidare. Seinare hindra Chemnitz at Philippicum vart teken inn i corpus doctrinae for heile fyrstedømet Braunschweig, og han overtala Selnecker til etterkvart å gjera det same i Saksen. Etter mønster frå Braunschweig sytte han og for eit corpus doctrinae for Preussen i 1567, og for Celle-Lüneburg i 1575.

Ein ny fase i konfesjonaliseringa vart innleia når Chemnitz vart superintendent i Braunschweig i 1567, og Julius vart fyrste i Braunschweig-Lüneburg i 1568. Det fyrste Julius gjorde var å konvertera området sitt til lutherdomen med hjelp frå serleg Chemnitz, og å knyta Chemnitz til seg som kyrkjeleiar og teologisk rådgjevar i fyrstedømet. I samband med omdanninga av fyrstedømet sende og Julius bod etter Jacob Andreae og Nicolaus Selnecker for å hjelpa seg etter samråd med fyrst Kristoffer frå Württemberg og kurfyrste August frå Saksen (1526-1586). Slik vart tre viktige teologar førd saman for ei stund, (noko dei neppe ville ha gjort om dei sjølve fekk styra) og kunne ved sidan av oppdraget i Braunschweig diskutera og arbeida med tanke på vidare einingsarbeid. Hendinga er eit døme på at fyrstane sitt mål om å samla kyrkjene var heilt avgjerande, og det er mogleg å hevda at det var fyrstane sine initiativ som var det aller viktigaste. Jacob Preus skildrar tilhøvet mellom fyrstane og teologane slik: "From the outset we need to stress that the strongest impetus toward peace among the Lutherans and the Formula of Concord came from the princes. The distrust and rivalries among the theologians were so great that had it not been for the constant push of the secular rulers, it is doubtful if there would ever have been a Formula of Concord. Chemnitz did not trust either Andreae or Selnecker. Andreae and Chemnitz seemed constitutionally opposed to one another in almost every point of procedure. Selnecker could not stand Andreae, and while Chytreus was a great admirer of Chemnitz, he became disillusioned with the entire process of producing the Formula of Concord and in many ways simply backed out of it."<sup>39</sup>

Ei ny avgjerande hending som letta prosessen var avsløringa av krypto-calvinistane i Wittenberg i 1574, som førde til at kurfyrste August gjekk meir heilhjarta inn for Andreae og Chemnitz sin teologiske kurs, og vart ein slags leiar mellom fyrstane i siste

---

<sup>39</sup> Preus 1994, s. 170.



delen av prosessen. Andreae og Chemnitz hadde vurdert situasjonen omlag 1570 slik at Saksen var eit tapt område, då August ikkje ville tru åtvaringane om at teologane ved universitetet i Wittenberg i røynda var calvinistiske. Den fyrste utgåva av "De duabus naturis in Christo" i 1570, kor Chemnitz offentleggjorde sin kristologi, var retta mot desse teologane. Men der Melancton hadde gått stille i dørene, klarte ikkje elevane hans det same, og i eit skrift frå 1573 "Exegesis perspicua et ferme integra controversiae de sacra coena" vart det tydeleg at dei ville ha bort den lutherske læra om nattverden. Sentrale punkt som sakramental eining mellom Kristi lekam og brødet, at dei som ikkje trur likevel tek imot Kristus når dei et, at Kristi lekam er på ein avgrensa stad i himmelen og skuldninga om at Brenz si lære om Kristi allstadvera måtte føra til Eutyhianisme, kom fram i skriftet.<sup>40</sup> Selnecker var sentral i striden rundt dette skriftet, og det opna augene til August.

Etter dette kom det ei rekkje av skriftlege arbeid, revisjonar og diskusjonar kor Andreae og Chemnitz arbeidde relativt godt saman, for når desse eingong var førd saman, dreiv kvarandre framover og utfylte kvarandre. Chemnitz (og Chytreus) var den største og mest djuptenkte teologen, og den viktigaste forfattaren,<sup>41</sup> medan Andreae var meir energirik, avgjerdsam og hadde emne til å driva ting igjennom. Utgangspunktet for den siste delen av vegen mot Konkordieformelen var Andreae sitt skrift "Seks kristne preiker om kløyvingane mellom teologane..." frå 1573, som han etter samråd omarbeidde til "Schwäbiske konkordie", denne vart på ny omarbeidd av Chemnitz, Chytreus, Selnecker og fleire, til "Schwäbisk-Saksiske Konkordie" i 1575. Dette vart so sendt til August, som same året, 1576, og fekk "Maulbronner Formelen" på bordet, som han hadde tinga frå Württemberg. Teologar frå dei tre viktige områda vart so kalla saman i Torgau, kor dei sette saman dei to innkomne dokumenta til "Torgau-boka", som hadde 12 artiklar slik som Konkordieformelen. I 1577 kom desse saman på ny for å arbeida med tilbakemeldingane av "Torgau-boka", som mange meinte var for lang. Andreae forkorta so "Torgau-boka" til "Epitome", og i mai same året vart "Bergiske bok" eller "Solida Declaratio", forfatta og overlevert til kurfyrste August. 2/3 av områda som hadde skrive

---

<sup>40</sup> Preus 1994, s. 174-176.

<sup>41</sup> Hevda av Jobst Ebel, Preus 1994, s. 186-190. Dette gjeld og for artikkel VIII om Kristi person, at han i hovudsak er bygd på Chemnitz sin kristologi, Dingel 2001, s. 390.

under CA skreiv under, og vart slik samla på ny i høve til dei stridane som hadde vore i tida etter Luther døydde. I 1580 kom Konkordieboka som innehaldt ein fortale og det samla corpus doctrinae for dei lutherske områda. I etterkant av dette var Chemnitz den ivrigaste forsvararen av Konkordieformelen, og skreiv saman med Selnecker ein apologi for han i 1583.

## 2.5 Nokre viktige skrift

**1553** Oratio de lectione patrum, utgjeve 1591.

**1555** Føreles over Loci Communes, hans eigen Loci Theologici utgjeve 1591

**1561** Anatome propositionum Alberti Hardenbergii de Coena Domini.

**1561** Repetitio sanae doctrinae de vera praesentia corporis et sanguinis Domini in Coena.

**1561** De Controversiis quibusdam quae superiori tempore circa quosdam Augustanae Confessionis articulos motae et agitatae sunt Iudicium d. Martini Chemnitii.

**1566-73** Examen Concilii Tridentini

**1569** Enchiridion

**1570** Fundamenta sanae doctrinae de vera et substantiali praesentia, exhibitione et sumptione corporis et sanguinis Domini in Coena

De duabus naturis in Christo, 1.utgåva

**1583** Apologi for Konkordieformelen

## 3.0 Kristologien i "De duabus naturis in Christo"

### 3.1 "korkje blanda saman naturane eller skilja personen"

For å gjeva eit visst oversyn i skriftet vil ein i delen som fylgjer nemna nokre sermerke ein finn hjå Chemnitz med omsyn til arbeidsmåtar, struktur og generelle mønster gjennom heile skriftet. Vidare vil det koma fram noko om korleis han legg grunnen for læra om *communicatio idiomatum* ved fyrst å stadfesta dei to naturane, og so korleis desse er sameina. Målet for Chemnitz tykkjest vera å syna at den lutherske kristologien tek vare på balansen som vert uttrykt i Chalkedonavgjerda og i Athanasianum om korkje å blanda saman naturane eller skilja personen. Utan ein slik balanse, same korleis ein feilar, meiner han at frelsa og trøysta for dei kristne stend på spel, og kan gå tapt som realitet i kyrkjelæra.

#### 3.1.1 Mønster og samansetjing i "De duabus naturis in Christo"

I høve til mønsteret, og korleis "De duabus Naturis in Christo" er sett saman, finn ein visse sermerke hjå Chemnitz som er verde å nemna. Det *fyrste* er at han med skriftet so langt som råd er, skiljer mellom kristologi og nattverd. Chemnitz var den fyrste som gjorde eit slikt skilje mellom sakene av dei viktige teologane i tida frå omlag 1560, noko som gjev kristologien hjå han eit generelt preg i høve til tidlegare.<sup>42</sup> I eit skrift frå 1577 "De incarnatione filii dei...", skriv han at grunnen for dette var bruken av kristologiske argument hjå motstandarane i nattverdsstriden, og at ein del CA-teologar hadde slutta seg til ein slik kristologi.<sup>43</sup> Frå Zwingli og Karlstadt av hadde desse serleg hevda at læra om Kristi sanne menneskenatur, Kristi himmelferd og sete ved Høgre Handa åt Gud tala imot ei likefram tolking av innsetjingsorda og det verkelege nærveret i nattverden. I tillegg meinte dei at Joh 6,63, "kjøtet gagnar inkje", skulle skjønast om menneskenaturen i

---

<sup>42</sup> Mahlmann 1969, s. 17. "und damit der Christologie zur Freiheit vom Anlass ihrer Entstehung verhilft"

<sup>43</sup> Preus 1994, s. 258, Sol dec VIII, 1-4.

Kristus, som slik var utan nytte i høve til trua og frelsa.<sup>44</sup> I skriftet frå 1577 skriv Chemnitz at Luther i denne situasjonen fant det naudsynt "also to explain the true understanding of the two natures in Christ and their hypostatic union, as well as the doctrine of the exaltation of the human nature to the right hand of the divine majesty and power".<sup>45</sup> Chemnitz såg det slik at han tok over desse problemstillingane frå Luther,<sup>46</sup> at dei framleis måtte stadfestast, og ein kan seia at dette har vore styrande for kva delar av kristologien Chemnitz sjølv har gjeve mest merksemd i "De duabus naturis in Christo". Skiljet mellom nattverd og kristologi hadde og ein pragmatisk grunn på den måten at han ynskje å skapa oversyn i ein rotete konflikt, og at dette var beste måten å framstilla læra på.<sup>47</sup> I Konkordieformelen har forfattarane gjort det same, og handsama emna under kvar sin artikkel, VII og VIII. I "Locis Theologici" er og desse emna handsama kvar for seg.

Det *andre* Chemnitz gjer er at han arbeider ut i frå ein tredelt grunnstruktur i kristologien. Ut i frå den fullydande tittelen til skriftet kan ein sjå denne tredelinga: "De Duabus naturis in Christo: de hypostatica earum unione: de communicatione idiomatum, et aliis quaestionibus inde dependentibus". Dei tre delane fylgjer etter kvarandre slik at (1) i den inkarnerte Kristus er det to naturar, (2) desse naturane er sameina og eksisterar under og i Kristi person, og (3) av denne personeininga fylgjer det eit samfunn<sup>48</sup> mellom eigenskapane til dei to naturane. I hyllingsbrevet til Prins Christian, sonen til kurfyrste August i Saksen, nemner Chemnitz at tredelinga er vorte eit generelt mønster i den lutherske kristologien, og at ho er objektet for det frelsande kjennskapet til Kristus.<sup>49</sup> Utifrå tredelinga i DNC, og den saklege rekkjefylgja i skriftet, er det mogleg å sjå at dette har vore eit førebilete for framstillinga i Solida Declaratio VIII. I Sol dec kan ein seia at punkt 7-10 tek føre seg dei to naturane, 11-30 personeininga og 31-87 samfunnet mellom eigenskapane, med dei tre genera. Epitome er bygd opp litt annleis, men ein kan seia at 5-

---

<sup>44</sup> Luther kalla desse argumenta for sveitsarane sine to hjørnesteinar, til dømes WA 23, s. 274 og LU V, s. 121-122.

<sup>45</sup> Preus 1994, s. 258-259.

<sup>46</sup> I Hyllingsbrevet skriv han at framstillinga i "De duabus naturis in Christo" til saman er meint å vera "the knowledge, study, and defense of the Lutheran faith concerning the person of Christ.", DNC, s. 21.

<sup>47</sup> DNC, s. 21.

<sup>48</sup> På nynorsk kan samfunn, samband, samverknad eller meddeling høyra med som omsetjing til ordet "communicatio".

<sup>49</sup> DNC, s. 15-16.

8 har mest fokus på dei to naturane, 9-10 på personeininga, og 11-18 på konsekvensar av personeininga i høve til Kristi verk. I Loci Theologici har ikkje Chemnitz, etter døme frå Melanchton, eit eige punkt om samfunnet mellom eigenskapane, men det har tre punkt knytt til den guddommelege naturen, menneskenaturen og personeininga.<sup>50</sup> Det er mogleg å tenkja at førebiletet til den tredelte strukturen kan han ha funne i Kalkedonense eller Athanasianum, der kvar av naturane definerast fyrst, før ein seier meir om korleis naturane er sameina, til dømes med orda "utan samanblanding og uendra, udelt og uskiljelege", (ἀσυγχύτως ἀτρέπτως ἀδιαίρῆως ἀχωρίστως), og med dømet om at Maria er Gudberaren.<sup>51</sup> Dessutan kan det seiast at desse vedkjenningsdokumenta har ei vektleggjing av personeininga.<sup>52</sup>

I dei 33 kapitla i "De duabus Naturis in Christo" finn ein att tredelinga slik at han fyrst brukar kapittel II – III, s. 37-65, til å stadfesta dei to naturane, so legg han ut om den hypostatiske unionen frå IV- XI , s. 67-156, og so kjem den tredje hovuddelen frå kapittel XII til XXXIII, s.157-495. Kapitla her er delt opp etter tre aspekt eller genera av samfunnet mellom eigenskapane, slik at XIII-XVI er knytt til 1.genus, genus idiomaticum i trong meining, XVII-XVIII til 2.genus, genus apotelesmaticum, og XIX-XXXIII, s. 241-495, til 3.genus, genus majestaticum, som slik utan samanlikning er det lærepunktet som er gjeve mest merksemd, ikkje berre i tredje hovuddelen, men i skriftet i det heile. Merksemda kring communicatio idiomatum generelt og genus majestaticum spesielt er eit mønster som ein og kan finna i FC, både i Epitome og Solida Declaratio VIII.<sup>53</sup> Den tydelege inndelinga i tre genera i samband med læra om communicatio idiomatum kan ein kalla for det *tredje* sermerket for Chemnitz, og syner noko om korleis kristologien hans har satt sitt preg på FC VIII. Inndelinga hadde han utvikla nokso tidleg i karriera, og kan sporast attende til eit skrift som fylgde med "Repetitio" frå 1561.<sup>54</sup>

---

<sup>50</sup> Preus 1994, s. 260.

<sup>51</sup> Skard 1971, s. 99-100, Häggglund 1994, s. 80. Athanasianum, 27-35.

<sup>52</sup> Skard 1971, s. 100.

<sup>53</sup> Sol dec VIII, 31-87, her handsamast det tredje aspektet frå punkt 48 - 87. Og i Epit VIII er majestetsaspektet gjeve stor merksemd, i 15-16, og 30-39, jfr. fotnote 11 i den norske utgåva, Konkordieboken 1985, s. 413.

<sup>54</sup> Häggglund 1980, s. 81, fotnote 20. Mahlmann 1969, s. 229-230.

Sjølv om "De duabus naturis in Christo" hovudsakleg er retta mot krypto-calvinistane i Wittenberg<sup>55</sup> er ikkje stilen hjå Chemnitz utprega polemisk. Dei teologiske motstandarane vert omtala som "sakramenterarar", men elles er til dømes ikkje andre kallenamn nytta. Skriftet er eit heilskapeleg, grundig og balansert arbeid, som og tek med lærepunkt som det ikkje var direkte strid om i samtida. Elles verkar det klart at Chemnitz arbeider etter ein medviten plan, der han gjeng fram frå punkt til punkt gjennom heile skriftet. Ofte innleiast til dømes eit nytt kapittel med orda "We now proceed..."<sup>56</sup>, "Up to this point we have spoken..."<sup>57</sup>, "Now that we have firmly established..."<sup>58</sup> På denne måten legg han stein på stein i ei slags tanke- og lærebygning, og tek stendig opp att kva han i det føregåande har vore igjennom for å kommunisera med lesaren, og legg so til eit nytt moment. Chemnitz arbeider systematisk og samstundes med alle dei tre kjeldene Skriftera, fedrane og Luther ved alle desse punkta.

### 3.1.2 Grunnlaget

#### **Grunnregelen frå Athanasianum**

Det er viktig å få fram korleis grunnregelen frå Athanasianum om korkje samanblanding av naturane eller skiljing av personen pregar alt Chemnitz gjer i skriftet. Målet om å halda kursen mellom begge desse skjera, mellom Nestorius og Eutyches, kan vera eit leieljos for korleis ein skal skjøna den meir overordna strukturen i Chemnitz sin kristologi, medrekna genus majesticum. Det fyrste kapitlet, "Definisjonen av visse omgrep", opnast med å syna til åtvaringa frå Athanasianum: "The Athanasian Creed gives the correct and salutary warning that we must believe and speak concerning the incarnate Christ in such a way that we neither confound the natures nor separate the person. Damascenus, Bk.3, ch.5, adds that this leads heretics into error because they do

---

<sup>55</sup> Preus 1994, s. 260.

<sup>56</sup> DNC, s. 143.

<sup>57</sup> DNC, s. 157, 197, 257.

<sup>58</sup> DNC, s. 181, 287, 313.

not distinguish or discern between the essence and the person.”<sup>59</sup> I kapitlet finn han verkty som gjer det mogleg å halda oppe balansen frå Athanasianum, og her definerar han serleg tre sentrale omgrepsspar som kjem att gjennom heile skriftet, ”natur-person”, ”abstrakt-konkret” og ”eigenskapar”. Det meste i kapitlet er prega av Johannes Damascenus sine arbeid, og utgangspunktet for dei fleste definisjonane har Chemnitz funne i ”De Fide Orthodoxa” og ”Dialectica”.<sup>60</sup> Generelt sett legg Chemnitz vekt på å halda definisjonane frå Gamlekyrkja vedlike, med tanke på korleis dei har brukt desse i teologien, då eit omgrep kan ha ulik tyding i ulike samanhengar.

### **To sanne og fulle naturar**

Skriftet igjennom understrekar Chemnitz at den lutherske vektleggjinga av personeininga ikkje gjeng på kostnad av læra om to intakte og fulle naturar med deira naturlege eigenskapar. Utan grunnlaget i tonaturslæra vil det ikkje gjeva meining å diskutera sameininga av naturane eller samfunnet mellom eigenskapane, og om Kristus etter inkarnasjonen ikkje lenger verkeleg er både Gud og mann, er vona om frelse tapt for mennesket, like mykje som om naturane ikkje verkeleg skulle vera sameina. Uttrykka essence (οὐσία), nature (φύσις) og form (μορφή) gjeld i skriftet som synonym for natur, anten guddommeleg (θεότης) eller menneskeleg (άνθρωπότης). I kapitla II-III stadfestar Chemnitz noggrant og tolmogdig den guddommelege naturen som faktum og so den menneskelege, noko som til saman skal stadfesta den doble homoousi. Det vil seia at Kristus er eitt med Faderen etter sin guddom og lik oss etter sin manndom.

Chemnitz nemner då at Kristus eksisterte før inkarnasjonen, at han verkeleg har ein sann guddommeleg natur, og at i høve til Treeininga so var det berre Sonen som ikledde seg kjøt og blod.<sup>61</sup> I høve til menneskenaturen stadfestar han at Sonen tok opp i seg både ein menneskeleg lekam og sjel, gjekk under dei vanlege vilkåra for menneskelivet, men utan

---

<sup>59</sup> DNC, s. 29.

<sup>60</sup> DNC, s. 36.

<sup>61</sup> DNC, s. 38-39.

synd, for at han kunne vera eit offer for oss.<sup>62</sup> Begge desse kapitla er grunngeve ut i frå Skrifta og fedrane, og er skildra ut i frå stridane i Gamlekyrkja på same måten som dei meir kontroversielle punkta om personeininga og *communicatio idiomatum*. I høve til bruken av uttrykka natur-person når det kjem til inkarnasjonen, skriv Chemnitz at menneskenaturen som Logos tok opp i seg var ein "personlaus", men elles ein unik og sann menneskenatur: "But He assumed (*assumptio*) one particular individual unit(*massa*) of human nature which was distinct from others by particular attributes. It did not subsist by itself individually before He assumed it, but it subsists in the person of the Logos as an individual as a result of the union in which it was assumed, as we shall explain later."<sup>63</sup> I og med dette so eksisterar ikkje den menneskelege naturen i og for seg sjølv, men den "eksisterar i nokon annan" (*ἐνυπόστατον*), eit stikkord som han har frå Damascenus.<sup>64</sup>

### 3.1.3 Korleis skjøna sameininga mellom naturane, kapittel IV - XI

I det fyrste kapitlet nemnde Chemnitz at uttrykka "subsistence", (*ὑφιστάμενον*), "hypostasis" eller "substance" (*ὑπόστασις*), "person" (*πρόσωπον*) og "individual" (*ἄτομον*) skal reknast som synonym og at dei alle tyder person. I kapitla frå IV - XI er Chemnitz ute etter å gjeva ein nærare definisjon og skildring av den hypostatiske unionen eller inkarnasjonen som han av og til brukar synonymt.<sup>65</sup> Kva er forma og kva er det unike med personeininga i Kristus er utgangspunktet for han: "Therefore, the chief and principal question, the answer to which lies at the heart of the entire discussion, is this: How are the natures in Christ joined together, or of what nature is the hypostatic union of the two natures in Christ, and wherein is the difference from other modes of indwelling or union with the deity determined?"<sup>66</sup> Det er ikkje nok, skriv han, berre å tru og vita at det finst to naturar i Kristus, men ein må leggja til at dei er intimt sameina under ein person, slik at Kristus eksisterar i og alltid er i to naturar (*constans duabus illis naturis, &*

---

<sup>62</sup> DNC, s. 49.

<sup>63</sup> DNC, s. 30-31.

<sup>64</sup> DNC, s. 31.

<sup>65</sup> DNC, s. 70, 72, 91, 115.

<sup>66</sup> DNC, s. 75. Korleis skjøna sameininga mellom naturane var ein del av hovudspørsmålet i FC VIII, slik det er skildra i Epi VIII, 2-3.



subsistens in duabus naturis).<sup>67</sup> Det er berre ein Son, ein Kristus, Herre, Jesus, mann og mellommann. Kapitla om den hypostatiske unionen er grunnlaget som han seinare tek i bruk i framstillinga av *communicatio idiomatum*, og ein del av innhaldet og dei viktige stikkorda "περιχώρησις" og Kol 2,9 frå IV - XI er ei førebuing for dei brennande stridspunkta som kjem i kapitla mellom XIX - XXXIII. I det fylgjande vil berre nokre hovudpunkt frå IV - XI nemnast.

### **Definisjon og skildring av den hypostatiske unionen**

Kapitla IV -XI er ei utfalding av måten Chemnitz arbeider på og målet han har med skriftet. Han er for det fyrste oppteken av å minna seg sjølv og lesaren på at inkarnasjonen er eit stort mysterium og at ein difor må halda seg til grensene for openberringa, som inneheld nok for eit frelsande kjennskap til Kristus på denne sida av livet. Ved ei sers noggrann, utfaldande og samvitsfull framstilling, til dømes under overskrifter som "Kva er den hypostatiske unionen", "Definisjon av den hypostatiske unionen", "Skildring av den hypostatiske unionen", kjem han fram til ein gjennomdrøfta, presis definisjon av personeininga som inneheld sju hovudpunkt, som han meiner er utleidd frå Skrifta og fedrane.

Dei sju punkta er på ulikt vis knytt til dei fire grunnane som høyrer til ein definisjon etter aristotelisk mønster. Det vil seia at "the efficient cause"<sup>68</sup> er det fyrste punktet i definisjonen. Dette knyter Chemnitz til at inkarnasjonen er ei gjerning av heile Treeininga på den måten at Faderen sender Sonen, Heilaganden kom over Maria slik at ho vart med born. Det andre punktet, den materiale grunnen, knytast til at guddomsnaturen i Sonen tok opp i seg ein komplett menneskenatur utan synd, slik at Sonen for alltid vil ha menneskenaturen i seg som sin eigeidom. For det tredje tyder ikkje inkarnasjonen at det er to personar, men at naturane gjeng saman under ein person (σύνθετον ὑφιστάμενον)<sup>69</sup>, som er den inkarnerte Kristus.

---

<sup>67</sup> DNC, s. 67. Lat s. 17.

<sup>68</sup> Dei fire grunnane nemnast DNC, s. 69 - 70.

<sup>69</sup> DNC, s. 70, uttrykk henta frå Gregor Nazianz, DNC, s. 78.

Vidare, for det fjerde, ved den formale grunnen til den hypostatiske unionen, skildrar han korleis naturane er sameina utan endring, samanblanding eller utlikning av nokon av dei, samstundes som dei er intimt, uskiljeleg og uløyseleg sameina. Det fjerde punktet er ei hovudsak i definisjonen. Til dømes gjeng Chemnitz gjennom alle aktuelle skriftord som peikar på personeininga, og stansar serleg opp og legg nærare ut Joh 1,14; Heb 2, 14-16 og Kol 2,9 i kapittel IX "Ljos over saka frå hovudorda i Skrifta og Gamlekyrkja".<sup>70</sup> Det unike ved personeininga vert og peikt på ved samanlikning og eliminering av andre typar sameiningar som finst i naturen og i tilhøvet mellom Gud - mennesket - det skapte. Dette gjerast etter førebilete hjå Kyrill og Damascenus i kapittel VII "Skildring av den hypostatiske unionen". Ved hjelp av ein gjennomgang av biletbruken i Gamlekyrkja finn han vidare stikkordet "περιχώρησις", som kan omsetjast til gjennomtrenging eller kvarandreverknad,<sup>71</sup> som han meiner er det mest nyttige av alle for å skjøna det unike ved personeininga. Og ord som ὑπόστασις og οἰκονομία er nærare handsama.<sup>72</sup>

Det femte punktet i definisjonen er den finale grunnen. Inkarnasjonen fann stad for mennesket og til vår frelse. Dette utfaldast nærare i eit eige kapittel, "Om nytten av denne læra"(XI). Naudsynet av ein gjennomarbeidd og ei nær skildring av den hypostatiske unionen skjønast betre om ein ser det frå ein slik soteriologisk vinkel meiner han.<sup>73</sup> For i atterløysinga var det naudsynt at Kristus nettopp var både Gud og menneske i ein person, og at han hadde to intakte naturar, då gjerninga kravde både liding og allmakt. Det sjette punktet er at personeininga i Kristus fær visse fylgjer i høve til eit samfunn mellom naturane, deira eigenskapar og gjerningar, noko som peikar fram mot kapitla XII - XXXI. Det sjuande punktet er knytt til korleis ein skal skjøna personeininga og dei to naturane i samband med læra om dei to stadia av fornedring og opphøgjing, noko som nemnast med jamne mellomrom i kapitla frå XXIV - XXV, og handsamast for seg i XXXII og XXXIII.

---

<sup>70</sup> DNC, s. 115-119.

<sup>71</sup> DNC, s. 124.

<sup>72</sup> DNC, s. 91, 120-121.

<sup>73</sup> DNC, s. 147, 148.

Som ei oppsummering av det som har kome fram i denne fyrste delen, 3.1, av oppgåva, vil ein bruka eit sitat frå Hägglund, der han oppsummerar sermerka og målet til skriftet slik: "Chemnitz nahm die Christologie aus diesem engen[Nattverdlæra] Kontext heraus und behandelte sie als selbständigen Lehrpunkt. Für ihn stellte sich die Frage, wie man die Person Jesu Christi verstehen und die Christologie formulieren sollte, so dass sie mit der biblischen Darstellung übereinstimmte und für den rechten Glauben und das Gewissen eines Christenmenschen vertretbar wurde. Nicht nur die Deutung der Abendmahlstexte, sondern das Verständnis der Heilslehre überhaupt ist das Anliegen seiner Darstellung in "De duabus naturis in Christo". Die sorgfältig entwickelte Terminologie und die streng logisch aufgebaute Darstellungsweise sollen nicht verbergen, dass diese Arbeit mit bewusster Rücksichtnahme auf die forma doctrinae und auf die Sprache des lebendigen Glaubens einen praktischen Zweck verfolgt."<sup>74</sup>

## 3.2 Chemnitz si lære om *communicatio idiomatum*

### 3.2.1 Kapittel XII: Fylgjene frå den hypostatiske unionen

Kapittel 12 brukar Chemnitz til å introdusera heilskapen i dei resterande delane av skriftet, og kapitlet er ei innleiing til handsaminga av lære om *communicatio idiomatum*, ei handsaming som heldt fram til siste kapitlet. I dette kapitlet er det tydeleg at han er komen til eit nytt punkt, og at det er måten Chemnitz skjønar personeininga på, som har leia han til lære om samfunnet mellom eigenskapane. For Chemnitz er det klart at det høyrer *noko meir til* enn berre å vedkjenna seg til ei spissformulering av Chalkedonavgjerda, om ein balanse mellom samstundes Gud og mann i to naturar, og ein heil Kristus. Calvinske og filippistiske teologar nekta ikkje formelt på ei stadfesting av denne formuleringa,<sup>75</sup> men Chemnitz stolar ikkje på at dei stadfestar han i høve til røyndomen i personeininga, som han skjønar som "*περιχώρησις*", til dømes når det kjem

---

<sup>74</sup> Hägglund 1980, s. 72. For litt meir om vurderinga av Loci-metoden i relasjonen Luther- Melanchton - Chemnitz, sjå Preus 1994, s. 253-256.

<sup>75</sup> T.d. skreiv Calvin under CA variata, 1540, som framleis kan seiast å stadfesta Chalkedonavgjerda i artikkel III.

til Kristi verk før og etter oppstoda. Nestorius sa og at han trudde på personeininga, skriv han, men vart dømd av di han nekta samfunnet som fylgde frå henne,<sup>76</sup> liknande dømme var Paulus av Samosata med sitt prinsipp om ἰδιότητος ἀκοινωνήτους.<sup>77</sup>

Omgrepet *communicatio idiomatum* skjønar Chemnitz som *ulike konsekvensar og fylgjer av røyndomen* i den hypostatiske unionen. ”an explanation of what arises from this hypostatic union of the two natures in Christ and what follows it.”<sup>78</sup> Desse konsekvensane og fylgjene vart av dei gamle fedrane kalla med eitt ord: κοινωνία, som på latin vert *communio* eller *communicatio*. Den hypostatiske unionen vil nemleg ikkje vera verkeleg utan at det fylgjer eit samfunn mellom eigenskapane til dei to naturane i Kristus.<sup>79</sup> For si eiga tid og eigen situasjon vil difor Chemnitz med kollegaer, her syner han til avgjerda om termen på Torgaumøtet 1576, halda fast på bruken av κοινωνία/*communicatio* sjølv om meiningsmotstandarane er redd for at ordet vil føra til ei samanblanding, utlikning eller endring av naturane. Ei slik redsla meiner Chemnitz er grunnlaus av di fedrane i Gamlekyrkja aldri såg dette som ei akutt innvending mot omgrepet, og i Skrifta er ordet i bruk utan at ein slik mistanke er naudsynt, det gjeld i høve til inkarnasjonen i Heb 2,14, om korleis Sonen tok del i kjøt og blod, κεκοινωνήκειν, og om κοινωνία mellom Den heilage Ande og dei heilage, 2 Kor 13,14.

*Communicatio idiomatum* skal nemleg aldri skjønast som om skilnaden mellom naturane og deira eigenskapar er borte, eller at naturane ikkje lenger er intakte i høve til seg sjølv. Som grunngeving for dette legg Chemnitz fram ei liste av fedresitat som syner at termen og før har vore i bruk i samanheng med personeininga og fylgjene frå henne. Fedrelista har Ireneus som fyrste ledd og Luther som siste, der Luther er den neste teologen sidan tida etter Damascenus. I Konkordieformelen kom dette fram ved å syna korleis

---

<sup>76</sup> Liknande tolking av Nestorius sitt mistak finn ein hjå Luther i "Von den Konziliis und Kirchen" WA 50, 587-588. "Aber Communicationem idiomatum wil er nicht zugeben", Luther meinte ved dette høvet at Nestorius godtok premissane, nemleg personeininga, men nekta konklusjonen eller fylgjene av dette, nemleg samfunnet mellom eigenskapane, til dømes at Gud kunne verta krossfesta, WA 50, 588-589.

<sup>77</sup> DNC, s. 158, 173, 292.

<sup>78</sup> DNC, s. 157.

<sup>79</sup> I Konkordieformelen framstillast *communicatio idiomatum* og som ei fylgje av personeininga, og at skal personeininga skjønast som røyndom må ein leggja til læra om *communicatio idiomatum realis*. Epit VIII, 2,9; Sol dec VIII, 20, 31.

kyrkjefedrane sette saman orda "koinônia" og "henosis" eller "communio" og "unio", "til forklaring av denne hemmelighet og forklart det ene gjennom det andre."<sup>80</sup> Viktig er det og at ordet "communicatio" skal skjønast i ei serleg meining. Chemnitz nemner debatten som har vore om den nærare definisjonen av ordet, og han legg til adjektivet "real" i motsetnad til ein "verbal"- kommunikasjon.<sup>81</sup> Naturane er ikkje berre sameina ved at dei har namna felles eller som noko ein berre seier, men fullt ut, i sanning, verkeleg eller med eitt ord; "realiter".<sup>82</sup> Når personeininga er verkeleg, so er samfunnet mellom eigenskapane til kvar av naturane i Kristus og verkeleg. Gud vert ikkje berre kalla eit menneske, men er eit menneske. Epit VIII, 2-3 seier at dette var hovudspørsmålet i heile striden, og nemner at motsetnaden til det lutherske standpunktet er at personeininga fører til eit samfunn berre i namnet, "Unio facit communio nomina".

For lettare å orientera seg i dispuuttane i samtida vil Chemnitz dela læra om *communicatio idiomatum* inn ulike kategoriar, kategoriar som han meiner gjev seg ut ifrå læra sjølv, og som gjeld for ulike aspekt ved ho. Dei ulike kategoriane, om og kor mange, var ikkje ein rein formalitet i striden, men eit viktig punkt, av di det hang saman med skjønnet av *communicatio idiomatum* som røyndom, og difor personeininga som røyndom. Chemnitz brukar mykje plass i kapittel XII til å introdusera kategoriane, og litt om innhaldet i kvar av dei. Seinare i skriftet kjem og liknande drøftingar av naudsynet av dei tre kategoriane, og serleg var det mykje motstand knytt til den tredje kategorien eller det 3.genus. Debatten om inndelinga i tre typar genera seier slik og noko om detaljnivået og nyansane i den kristologiske striden på siste halvdel av 1500-talet.

Chemnitz sine motstandarar var nemleg samde i *at* omgrepet *communicatio idiomatum* kunne brukast, men ikkje at det kunne brukast *slik som* visse lutherske teologar gjorde. Chemnitz var klar over skuldinga om at han hadde vore vel kreativ i inndelingane sine, og skriv som forsvar mot mistanken: "But we have not concocted (dikta opp) these classifications or poured them out of our heads, for the facts themselves (*res ipsa*) if they are correctly considered, show this distinction and arrangement in this phase of the

---

<sup>80</sup> Sol dec VIII 22.

<sup>81</sup> DNC, s.160. Liknande diskusjon DNC, s. 309-310.

<sup>82</sup> DNC, s.160. Lat s. 58.

doctrine. Moreover, the ancient church also taught this doctrine clearly and in almost the same way through these distinctions, even if not by the special names, but certainly in substance...”<sup>83</sup> Generelt ville desse berre vera med på at det 1.genus kunne brukast i samband med *communicatio idiomatum*, og dei meinte å finna støtte for dette i bruken av omgrepet hjå fedrane og skolastiske teologar.<sup>84</sup> Men Chemnitz heldt fast på at alle dei tre kategoriane er relevante som fylgjer frå personeininga, og at det finst ein skilnad mellom dei tre typane. Ved bruk av berre det 1.genus ville ein ikkje lukkast i å samla heilskapen i det bibelske Kristusvitnemålet, som er Chemnitz sitt overordna mål med inndelinga. "We cannot refer to the first genus or to only one category all the things which are predicated and enunciated in Scripture concerning the united natures and the person of Christ."<sup>85</sup>

Insisteringa på at det finst ein distinksjon mellom typane grunngjev Chemnitz med fedrane, serleg Kyrill av Alexandria (376-444), Leo 1 (400-461) og Damascenus (~675-749)<sup>86</sup>, då han meiner dei gjorde det same, og brukte liknande typar. Sjølve namna Chemnitz set på typane meiner han er fullstendig udramatiske grep, og dei tre genera kallar han: Det 1. genus - *communicatio idiomatum*(i snever meining), det 2. genus - *communicatio operationum*, og det 3.genus - *communicatio majestatis*.<sup>87</sup> Tidleg i den lutherske ortodoksien vart namna for desse tre: *genus idiomaticum*, *genus apotelesmaticum* og *genus majestaticum*. I det fylgjande skal det nemnast litt meir om kva Chemnitz legg i det 1. og 2.genus, før eg tek for meg hovudsaka, nemleg det 3.genus.

### 3.2.2 Kva meinest med det 1. genus ?

Handsaminga av *genus idiomaticum*, det 1.genus, finn ein i "De duabus naturis in Christo" i kapitla frå XIII til XVI. I FC finn ein det fyrste genus i Sol dec VIII, 36 - 45. Det er mogleg å finna eit medvite mønster i høve til korleis han byggjer opp desse

---

<sup>83</sup> DNC, s. 161. Liknande s.165: "this distinction is not something that we have just dreamed up recently, for the Fathers...."

<sup>84</sup> DNC, s. 171, 215.

<sup>85</sup> DNC, s.162.

<sup>86</sup> DNC, s. 165.

<sup>87</sup> DNC, s. 168, Lat, s. 62.

kapitla, likt det ein finn under handsaminga av den hypostatisk unionen. Det 13. kapitlet er prega av korleis han definerar saka ut i frå Skrifta, det neste korleis saka tidlegare har vore lært, vidare om viktige preposisjonar i Skriftbruken, og endeleg om kva trøyst eller nytte dei kristne har av denne delen av læra. Generelt kan ein seia at det 1.genus brukast som ein tolkningsnøkkel for visse typar av utsegn om Kristus i Skrifta, der grensene for bruken av det vert sette ved dei naturlege eigenskapane til naturane.<sup>88</sup> Det 1.genus definerar Chemnitz på same måten som Melancton: Det er ei tilskrivning der eigenskapen som naturleg høyrer til i den eine naturen vert tillagt<sup>89</sup> personen ved ein konkret term."Communicationem Idiomatum esse prædicationem, in qua proprietates uni naturæ conveniens, tribuitur personæ in concreto."<sup>90</sup> Det 1.genus er ei resiprok utveksling av eigenskapar mellom naturane, og gjeld like mykje begge vegar. Som krondøme kan ein nemna korleis Chemnitz ordla seg om saka i det 12. kapitlet. "The Son of God died,...not merely verbally but actually. Death is attributed really not to the divine nature in itself but in reality to the person."<sup>91</sup>

I samband med det 1.genus kjem omgerpsparet "abstrakt-konkret" i bruk for fyrste gongen i skriftet, og for Chemnitz er det ein viktig hermeneutisk nøkkel. Utgangspunktet for dette har han funne hjå Damascenus,<sup>92</sup> andre skolastikarar, og etter førebilete frå Luther sin bruk av desse omgrepa.<sup>93</sup> Bruken av dette var under hard diskusjon av di motstandarane hevda at Luther her sa i mot seg sjølv. Sjølvmotseiinga var knytt til at Luther slutta seg til bruken av skilnaden mellom abstrakte og konkrete ord, samstundes som han åtvare mot abstraksjon.<sup>94</sup> Hovudsaka er korleis abstrakt-konkret skal nyttast i høve til natur-person uttrykket. Den generelle regelen er at ord som refererar til nokon av *naturane* kallast *abstrakte*, medan orda som peikar på *personen* kallast *konkrete*. Abstrakte ord er knytt til dei to naturane sitt grunnhått, gjerningar og typiske eigenskapar, til dømes guddomen, guddomeleg, menneskeleg, manndom, menneskeleg natur, kjøt og

---

<sup>88</sup> DNC, s. 178.

<sup>89</sup> Av tribuo, dei mest aktuelle tydingane er: tillegge verdi, tilskrive, tildele, meddele.

<sup>90</sup> DNC, s.171. Latinsk tekst, s. 62.

<sup>91</sup> DNC, s.160.

<sup>92</sup> DNC, s. 175.

<sup>93</sup> DNC, s. 32-33.

<sup>94</sup> Hägglund 1980, s. 76-78.

blod. Å døy er ein typisk menneskeleg eigenskap, medan å forlata synd er ein guddommeleg eigenskap.

Chemnitz nemner vidare noko om at abstrakt kan skjønast på to måtar i høve til tenkjearbeidet i kristologien. Om ein vurderar Kristi menneskenatur *i* personeininga, då kan ein seia at Kristi lekam som er sameina med Logos gjer levande, og at Kristi blod reinsar frå synd. Slik vert då ein guddommeleg eigenskap, nemleg å gjera levande og reinsa frå synd, ikkje berre tilskrive personen, men og til den opptekne naturen sjølv på grunn av personeininga med Logos. Ein annan ting er det om termen abstrakt vert nytta på den måten at Kristi menneskenatur vert vurdert, eller abstrahert, hypotetisk sett *utanfor* personeininga. Slik som ved ordet "ein kvit vegg" der ein kan skilja ut farga "kvit" frå subjektet "veggen". Om ein gjer ein slik abstraksjon i kristologien kan ein ikkje seia at lekamen gjer levande eller at menneskenaturen skal tilbedast. Men ein slik type abstraksjon er ikkje av det gode, og det er ikkje i denne meininga Chemnitz tenkjer seg at termen abstrakt skal brukast eller skjønast.<sup>95</sup>

Eit konkret ord er ein "vocabulo significante hypostasin".<sup>96</sup> Konkrete ord kan vera knytt til ein av naturane eller begge. For den guddommelege naturen gjeld namn som Logos, Gud, Guds Son, herlegdomens Herre som konkrete ord eller nemningar, for den menneskelege naturen at han er mann, Menneskesonen, son til Maria, rotskotet til David; og for begge naturane vert Kristus, Immanuel, Messias og Atterløyser rekna som konkrete ord.<sup>97</sup> På grunn av røyndomen i personeininga meiner Chemnitz då at om ein finn ei konkret nemning som Guds Son i Skrifta, skal ikkje dette tydst som om berre den eine naturen, den guddommelege, med sine eigenskapar er omtala eller er i verksemd, men heile personen som eksisterar (subsistentem) i, og alltid har (constat) to naturar i seg. Liknande gjeld då for nemninga og det konkrete ordet Menneskesonen, den skjønast og slik at begge naturar eigentleg er rekna med i tekstsamanhengen.<sup>98</sup>

---

<sup>95</sup> DNC, s. 32-33.

<sup>96</sup> Lat, s. 64, DNC, s. 175.

<sup>97</sup> Liknande utgreiing i CT, BSLK s. 1107, 5-35.

<sup>98</sup> DNC, s. 175.



Chemnitz nemner 6 døme på korleis ein finn det 1. genus i Skrifta. Ved alle desse døma skal ingen av naturane, ved deira eigenskapar eller gjerningar, reknast som på utsida av veremåten eller handlinga til Kristus. Dei to fyrste typane er: ”1. When in Scripture the property of the divine nature is predicated (praedicatur) in concreto of the divine nature in Christ, as in John 5,19, “What the Father does, these things[abstrakt ord; ein guddommeleg eigenskap eller gjerning] the Son [den konkrete nemninga]does also,”...2. When in Scripture the property of the human nature is predicated in concreto of the human nature in Christ, as in Matt. 20, 18-19, the Son of Man[den konkrete nemninga] is betrayed into the hands of sinners, is crucified, and rises from the dead[abstrakte ord; menneskelege eigenskapar, gjerningar eller hendingar].”<sup>99</sup>

Då skriftet vart laga, nemner Chemnitz at det var “certain individuals” som hevda at det helst berre i døme som 3 og 4 nedanfor, døme som fær fram skilnaden mellom naturane, at det var høveleg å klassifisera utsegnene under omgrepet *communicatio idiomatum*. Det innebar at i døme som 1 og 2 skal den konkrete nemninga skjønast som om kun den aktuelle naturen som er indikert i nemninga, er omtala eller er i verksemd, utan at den andre naturen med sine eigenskapar tek del eller er tilstades. I døme 1 gjer då eventuelt Sonen alle dei tinga som Faderen gjer berre i den guddomelege naturen, og i døme 2 vert det berre eit menneske som lir og døyr.<sup>100</sup> Chemnitz er ikkje samd i dette, og meiner at alle dei 6 døma kan klassifiserast under *communicatio idiomatum*, av di det 1.genus gjeldt resiprokt for kvar av naturane, og av di dei konkrete orda aldri kan skjønast som om nokon av naturane er på utsida eller ute av tale, men dei *peikar alltid på heile personen*, den inkarnerte Kristus.

Dei neste døma under det 1.genus er: “3. When in Scripture the property of the divine nature is attributed in concreto to the human nature in Christ, as in John 6,62, “If you shall see the Son of Man ascending where he was before..” or in 1 Cor 15,47, “The Second Man is from heaven.” ”For,” as Augustine says, ”whatever God does in Christ, He cannot be said not do have done also as man, for God is man.” 4. When in Scripture

---

<sup>99</sup> DNC, s. 176. Lat, s. 64.

<sup>100</sup> Drøftinga her er lik SD, VIII 38.

the property of the human nature is predicated in concreto of the divine nature in Christ, as in 1 Cor 2,8 the Lord of glory is crucified; Acts 3,15 “You have killed the author of life;” Acts 20,28 “God has redeemed the church with his own blood”...5. When the properties of the natures are attributed to the person, the things which are proper to each nature are attributed in concreto, regardless of which nature is involved, e.g. 1 Tim 2,5 “The Mediator between God and men, the man Christ” or Acts 20,28 “God[konkret term; knytt til den guddommelege naturen] has redeemed the church[abstrakt ord; gjerning gjort etter begge naturane].” 6. When a property which belongs to one nature, either the divine or the human, is attributed concretely to both natures, such as “Christ is yesterday,...” that is, from eternity Heb 13,8. Likewise, Christ[konkret nemning; knytt til begge naturane] is born of the Virgin Mary[abstrakt ord; gjerning knytt til den menneskelege naturen], Matt 1,18ff....”<sup>101</sup>

### **Luther forsvarast og er vitne for genus idiomaticum**

Det 1.genus var ikkje eit lærepunkt utan konflikt, for og her spela innvendingane om anten samanblanding av naturane eller kløyving av personen ei rolle, til dømes knytt til korleis ein skulle bruka konkrete og abstrakte ord. Slik som punktet om det 1.genus er lagt fram i Sol dec VIII, kan ein seia at Zwingli sin tolkingsnøkkel "alloiosis"<sup>102</sup> er bakgrunnen for framstillinga til Chemnitz i kapitla frå XIII til XVI.<sup>103</sup> "Alloiosis" tydde at i ulike utsegn om Kristi liding og herleggjering skulle berre den naturen som tok del etter sine naturlege eigenskapar skjønast. Når det til dømes er skrive at dei krossfesta herlegdomens Herre, 1 Kor 2,8, skjøna Zwingli dette som om berre menneskenaturen tok del i handlinga utan samfunn med guddomsnaturen.<sup>104</sup> Liknande kunne Kristus berre vera nær under nattverden etter guddomsnaturen, sjølv om innsetjingsorda nemner menneskenaturen, av di å vera på fleire stader på ein gong ikkje er mogleg etter dei naturlege eigenskapane i menneskenaturen. Tendensen var at menneskenaturen vart

<sup>101</sup> DNC, s. 176.

<sup>102</sup> Oddvar Jensen har kalla "alloiosis" for sjølv krystallisasjonspunkt for drøftinga av det avgjerande ved einingskristologien. Jensen 1987, s. 160.

<sup>103</sup> Eit punkt liknande det 1.genus er ikkje eksplisitt formulert i Epitome, men Epit, VIII 12-14 nemner liknande dømme som Chemnitz brukar under det 1.genus i DNC.

<sup>104</sup> WA 26, 321. LU V, 100-101.

halden på utsida i guddomelege ting, og guddomsnaturen på utsida av menneskelege ting, som er hovudsaka i uttrykket "extra calvinisticum" om at det endelege ikkje kan bera det uendelege.<sup>105</sup> Luther tolka Zwingli slik at han her sette heile frelsa på spel, og kløyvde personen når han gjorde eit slik skilje i gjerninga.<sup>106</sup>

I kapittel XIV kjem Chemnitz til skuldinga som var knytt til Luther si lære om *communicatio idiomatum*. Kapitlet er ved sidan av kapittel XXV og XXX den tydelegaste staden i skriftet i høve til å skjønna kva rolle Luther har i kristologien hjå Chemnitz, og korleis han brukar skriftene hans. Hovudsakleg er Luther i bruk som eit vitne frå nær kyrkjesoge, i ei liknande rolle som kyrkjefedrane, men er og noko som skal forsvarast. Kapittel XIV er i sin heilskap ei einaste lang fedreliste i form av sitat som i hovudsak er ordna kronologisk. Det vil seia at han byrjar ved Ignatius og Justin, og nemner til saman om lag 20 av kyrkjefedrane, med Luther som den siste og i hovudsak den einaste sidan 700-talet, med unnatak for ein generell bruk av nokre skolastiske vendingar. Luther har slik ei sjølvsgd rolle som kyrkjefar, og han setjast over alle teologane i middelalderen. Ein kan og merkja seg at kvantitativt er Luther gjeven mest plass av alle, meir enn dei som elles dominerar, Damascenus, Kyrill av Alexandria, Leo I.

Chemnitz siterar i kapitlet frå 5 ulike arbeid av Luther, der 4 av dei 5 sitata bokstaveleg inneheldt uttrykket *communicatio idiomatum*.<sup>107</sup> Chemnitz samlar altso inn kristologien hjå Luther på ein serskild måte, og set han opp i sitt eige system. Dei fem skriftene er henta frå heile perioden omlag 1525 til 1546, og er: "Von den letzten Worten Davids", 1543, WA 54, "Die Disputation de divinitate et humanitate Christi", 1540/43, WA 39, II, "Enarratio 53. Capitis Esaiæ, 1544/50, WA 40, III", "Vom Abendmahl Christi, Bekenntnis," 1528, WA 26, og "Das xiv. und xv. Cap. St.Johannis, 1537, WA 45".

Chemnitz var medviten om at Luther ikkje skilde dei ulike aspekta i lære om *communicatio idiomatum* so tydeleg ut frå kvarandre som han sjølv gjorde, og han peikar inne i mellom Luther-sitata på at noko av det Luther skriv om eigentleg kan klassifiserast

---

<sup>105</sup> Hägglund 1981, s. 287. "Finitum non est capax infiniti", Preus 1994, s. 371.

<sup>106</sup> Sol dec VIII, 38-45. Sitata er frå "Von Abendmahl Christi" 1528, og "Von den Konziliis und Kirchen" 1539, ein parafrese frå det siste skriftet brukar Chemnitz i kapittel XVI, DNC, s. 212.

<sup>107</sup> DNC, s. 190-194.

under det 3.genus.<sup>108</sup> Sitata Chemnitz brukar frå Luther er prega av det paradoksale i personeininga og fylgjene dette paradokset har for korleis ein skjønar to store hendingar i frelsessoga, inkarnasjonen og krossdauden. Dei to naturane er eina under ein person, ein Son, og namna til dei to naturane, Guds Son og Maria sin son, kan brukast om kvarandre som subjekt i heile Kristi verk, inkludert skaparverket. Frå skriftet "Von den letzten Worten Davids", som Chemnitz parafaserer, nemner han som døme at det på grunn av *communicatio idiomatum* vert rett å seia at Guds Son vart fødd av møyi og krossfesta av jødane, det vil seia at ved desse døma vert abstrakte eigenskapar i menneskenaturen tilskrive personen ved ei konkret nemning for den guddomelege naturen.<sup>109</sup>

Chemnitz kommenterar inne i mellom sitata på eit konfliktpunkt i høve til Luther-tolkinga i samtida, "some people take these expressions of Luther in an evil or sinister sense,"<sup>110</sup> I utsegnene til Luther som at Guds Son leid og døydde og at Sonen til møyi held oppe himmel og jord,<sup>111</sup> såg motstandarane til Chemnitz døme på at Luther blanda naturane saman ved å gjera ein eigenskap som hørde til i ein av naturane til ein eigenskap i den andre.<sup>112</sup> Chemnitz meiner at innvendinga ikkje er rett, av di Luther brukte abstrakte og konkrete ord etter same mønsteret som han sjølv har funne hjå skolastiske lærarar.<sup>113</sup> Chemnitz syner då til "Vom Abendmahl Christi" for å finna døme på eit slikt samsvar. Her skriv Luther at innvendinga om at guddommen ikkje kan lida er rett, "but yet because the deity and the humanity in Christ are one person, therefore, on account of such personal union the Scripture attributes to the deity whatever belongs to the humanity and vice versa."<sup>114</sup>

I kapittel XVI, om nytten ein har av denne læra om det 1.genus, legg Chemnitz fram saka på liknande måte som i kapitel XI der han nemnde at av naudsyn til mennesket si frelse måtte Kristus vera både Gud og mann samstundes. Bruken av konkrete ord om personen og abstrakte ord for naturane, kan læra oss mykje om mysteriet i inkarnasjonen og

---

<sup>108</sup> DNC, s. 193. Hägglund 1980, s. 81.

<sup>109</sup> DNC, s. 190-191. WA 54, 89-92.

<sup>110</sup> DNC, s. 192.

<sup>111</sup> DNC, s. 192, utsegnet er henta frå "Enarratio 53. Capitis Esaiae" WA 40 III, 707.

<sup>112</sup> Liknande kom fram i WA 26, 324, 1-3. LU V, s. 103.

<sup>113</sup> DNC, s. 188, 192.

<sup>114</sup> DNC, s. 193. Jfr. LU V, s. 101, WA 26, s. 321. Sitatet er og brukt i Sol dec VIII, 41-42.

atterløysinga, og dei kristne vil mista mykje trøyst om ein gjev opp denne måten å tenkja og tala på. Dei kristne i Gamlekyrkja forsvara utsegnen qeoto,koj på grunn av dette, av di mennesket er ureint frå morslivet og fødselen av, og slik trengte at ikkje berre eit menneske vart fødd av Maria, men eit menneske som var personleg eina med Guds Son. Chemnitz syner og til biletet som Luther bruka i "Von den Konziliis und Kirchen". Her tenkjer Luther seg at om det ikkje lenger skal heita at Gud døydde, so vil mennesket med sine synder vera fortapt, og vegja for tungt i vektskåla. Men når Gud vart menneske i Kristus kunne han plasserast i vektskåla, og difor er det rett å seia at Gud leid og døydde, og at dette vil vegja tyngre enn alle heimsens synder.<sup>115</sup>

### 3.2.3 Kva meinest med det 2.genus?

Det 2.genus, genus apotelesmaticum, er nært bunde saman med det 1.genus, og handsamast frå kapittel XVII til XVIII, omlag 20 sider. Lærepunktet har ei merksemd på døme frå lidingssoga, og skal syna at det ikkje berre var menneskenaturen åleine som gjekk gjennom dette stadiet i Jesu liv. I dei to kapitla dominerar Damascenus som førebilete i framstillinga, til dømes ved korleis han forsvara både Chalkedon-avgjerda og avgjerda på det sjette kyrkjemøtet om spørsmålet om berre ei vilje i Kristus.<sup>116</sup> Det 2.genus har å gjera med Kristi gjerning som Mellommann og Frelsar, der ei setning frå Kalkedon-konsilet ofte brukast, nemleg om at "each nature in Christ "performs in communion with the other that which is proper to each."<sup>117</sup>, slik at ein aldri kan seia at naturane i Kristus har sine egne handlingar utan verkeleg samfunn med den andre naturen. Slik det er ein person, er det ei handling, og ein må alltid tenkja at begge naturane tek del i Kristi gjerning. Her finn Chemnitz i tillegg eit tydeleg døme på at ordet koinwni,a var i bruk under fleire aspekt enn berre at eigenskapane til kvar av naturane vert tilskrive personen ved ein konkret term. "For the definitions of the Council of Chalkedon teach that both natures in Christ perform in communication with one another

---

<sup>115</sup> DNC, s. 212. Brukt i Sol dec VIII, 44.

<sup>116</sup> DNC, s. 220, 222, 229-230

<sup>117</sup> DNC, s. 163.

(μετὰ κοινωνίας) what is proper to each of them. Although, as I said above, I do not want to quarrel about words, yet since the universal council has expressly called this category a communication(κοινωνία) and added the words "that which is proper (ἴδιον) to each nature," it should be obvious even to children that this is the κοινωνία τῶν ἰδίων, that is, the communication of attributes."<sup>118</sup>

Namnet apotelesmaticum er knytt til *effekten* og føremålet for inkarnasjonen, at Kristus gjorde si gjerning i, gjennom og etter begge naturane samstundes.<sup>119</sup> Atterløysinga av mennesket er ein slik effekt som berre var mogleg om begge naturane tok del i handlinga. Vitnemåla om dette i Skrifta fell då under denne kategorien. I argumentasjonen for dette legg Chemnitz vekt på at slik måtte det vera av guddommeleg naudsyn. For at Adams fall skulle rettast opp att, måtte Kristus vera ein verkeleg mellommann. Skulle synda sonast måtte Guds Son ha ein menneskenatur, slik at det var mogleg å lida og døy, og gjeva livet sitt som offer for å stilla Guds vreide, krasa hovudet åt slangen og sigra over dauden. Samstundes var ikkje guddomsnaturen inaktiv i lidinga og dauden, men tillot at lidinga fant stad, styrkte og held menneskenaturen oppe slik at han kunne tola byrden av heimsens synder.<sup>120</sup> Som eit aspekt som ligg nær det han legg fram, ser Chemnitz at menneskenaturen her tek del i noko som er over og imot dei naturlege eigenskapane. Men dette aspektet høyrer til under det 3.genus. Grensene for det 2.genus gjeng ved dei naturlege eigenskapane til naturane, det som naturleg høver for kvar av dei.

---

<sup>118</sup> DNC, s.215.

<sup>119</sup> Sol dec VIII, 46-47, "hva utøvelsen av Kristi embete (officii Christi) angår, så handler og virker ikke personen i, med, gjennom eller etter èn natur alene, men i, etter, med og gjennom begge naturene,".

<sup>120</sup> DNC, s. 222-223.

### 3.3 Genus majestaticum

I den delen av oppgåva som fylgjer vil ein ta opp det tredje aspektet i Chemnitz si lære om *communicatio idiomatum*, *genus majestaticum*. *Genus majestaticum* er handsama i Sol dec VIII, 48-87, og er emnet for dei ti tesene i *Catalogus Testimoniorum*.

Lærediskusjonane kring dette punktet i kristologien sette verkeleg skiljelina i den kryptocalvinistiske striden, og det var umogleg for partane å fylgja kvarandre. "Auch unter den Theologen Augsburgischen Bekenntnisses gab es einige, die - ohne den "Sakramentierern" zuzustimmen - doch die Meinung vortrugen, dass der menschlichen Natur Christi nichts zugeschrieben werden dürfte, was "über oder wider ihre natürliche, wesentliche Eigenschaft sei".<sup>121</sup> I kapitla frå XIX - XXVI i "De duabus naturis in Christo" arbeider Chemnitz med å syna korleis Skrifta, fedrane og Luther peikar i same retning i høve til dette, nemleg at Kristi menneskenatur har meir enn sine naturlege eigenskapar som ei fylgje av den hypostatiske unionen. Han vil i kapitla frå XIX - XXVI syna kva desse eigenskapane er, korleis dette er skildra i kjeldene, og kvifor det 3.genus er naudsynt og viktig. Som ein del av dette må han og svara på skuldinga om nye dogmer og om monofysittisme eller samanblanding av naturane som kom serleg sterkt fram under det 3.genus. Mykje av strukturen og den saklege rekkjefylgja i argumentasjonen i desse kapitla tykkjest å ha sett sitt preg på korleis Sol dec VIII 48-87 er bygd opp.

#### 3.3.1 Kva meinest med *genus majestaticum* ?

I innleiingskapitlet til det 3.genus, kapittel XIX, er Chemnitz oppteken av å syna at det er Skrifta sitt vitnemål om Kristus som er utgangspunktet for det han lærer. Som inngang nemner han 3 skriftstader som han meiner har med det 3.genus å gjera. Det fyrste er Ef 1,20-21 som skildrar korleis Kristi menneskenatur er høgja, "exaltata est", over alt som heiter menneske, englar og over alle namn som kan nemnast. Det andre er korleis

---

<sup>121</sup> Hägglund 1980, s. 72. Formulert slik i Sol dec VIII, 48 "For det tredje er det enda noe helt annet når det blir spurt, talt eller gitt en fremstilling, om ikke dermed naturene i den personlige forening i Kristus har noe annet eller mer enn bare deres naturlige, vesensmessige egenskaper.."

majesteten til mennesket Kristus gav frå seg ei slik stråling og ljøs i Matt 17,2 at læresveinane vart forferda og fall til jorda, og det tredje korleis strålane frå majesteten blinda Paulus på Damaskusvegen, Apg 9.<sup>122</sup> Slike skriftstader kan ikkje tolkast og systematiserast inn under dei to fyrste genera, men dei utgjer eit eige aspekt eller ein art, ”genus”, i læra om *communicatio idiomatum*.

Det som desse skriftstadene peikar imot, skjønar Chemnitz som naudsynt i kyrkjelæra med omsyn til eksistensielle, oppbyggjelege og polemiske grunnar. ”it is useful and necessary for a truly salutary comprehension, of both the person and the work of our Savior Jesus Christ that we gain as clear an understanding of this doctrine as the Word of God reveals, for many and wondrous comforts come to us from it. There are also many disputes which cannot be settled without a correct understanding of this doctrine.”<sup>123</sup> Det som stend på spel er det frelsande kjennskapet til Kristus, det som gjev rettferd for Gud og æveleg liv (Jes 53,11; Joh 17,3).<sup>124</sup> Som ein del av dette legg Chemnitz her, og vidare i framstillinga, vekt på at denne læra ikkje kan skjønast ved bruk av vitet, og at læra sitt ”korleis” ikkje kan gripast. Han ynskjer dessutan ein sakleg diskusjon om emnet, då ein i dette livet alltid skjønar i delar, og saka er ein del av det store mysteriet om inkarnasjonen. Her treng ein ljøs frå Den Heilage Ande, og saka kan berre skjønast i det ein trur. ”Non intelligendum esse, ut credamus, sed credendum esse, ut intelligamus”.<sup>125</sup>

For skuld oversynet deler han *genus majesticum* fyrst inn i to hovudkategoriar, der den eine er visse overnaturlege gåver (*creata & finita dona*)<sup>126</sup> som formelt høyrer til i menneskenaturen i Kristus, medan den andre er eigenskapar som høyrer til i sjølv guddommen. Av desse to var det med tida kome ei semje kring den fyrste kategorien,<sup>127</sup> og den vert difor berre handsama i eit kort kapittel, XX, medan den andre kategorien framleis var høgst kontroversiell. Den vert då gjeven stor merksemd i kapitla frå XXI – XXVI, om lag 150 sider, noko som er omlag 1:3 av boka. Den fyrste kategorien vil difor

---

<sup>122</sup> DNC, s. 241.

<sup>123</sup> DNC, s. 241.

<sup>124</sup> DNC, s. 257.

<sup>125</sup> Lat s. 91, DNC, s. 241.

<sup>126</sup> Lat, s. 93.

<sup>127</sup> DNC, s. 255, 257.



ikkje nemnast meir enn det som har kome fram so langt, og når ein i det vidare nemner ”det 3.genus eller genus majesticum” meiner ein den andre kategorien.

I høve til kapitla om den andre kategorien av det 3.genus finst det eit mønster i korleis Chemnitz legg fram saka. Han vil for det fyrste gjeva eit oversyn om saka i kapittel XXI, so prova nærare kvifor ikkje det 3.genus fører til samanblanding av naturane i XXII. Når so skuldinga om dette er teke vekk, legg han fram korleis han skjønar saka i ljuset av den hypostatisk unionen i kapittel XXIII. Vidare gjev han grunnar for sitt skjøn med ein gjennomgang av dei viktigaste avsnitta frå Skrifta i XXIV, og korleis fedrane lærte eit 3.genus i kapitla XXV og XXVI. I dei fleste av desse kapitla ligg fylgjande spørsmål til grunn i framstillinga: Kvifor er eit 3.genus naudsynt, kva type eigenskapar er det kommunikasjonen eller givnaden gjeld, kva natur er det som er objektet for kommunikasjonen, den menneskelege eller guddommelege, og korleis er ein slik kommunikasjon mogleg utan samanblanding ?

I kapittel XXI skildrar Chemnitz det viktige punktet i læra si slik: "For a simpler, easier, and fuller explanation and understanding of this point we shall take certain passages from Scripture and the Fathers which demonstrate that to Christ have been given in time (data esse...in tempore)<sup>128</sup>, not indeed according to the divine but according to the human nature, those gifts which cannot be called created qualities or habitual gifts but which of necessity can be understood only of the attributes belonging to the divine nature of the Logos Himself."<sup>129</sup> Som døme på kva som ligg i uttrykket ”majesticum” nemner han eigenskapane "å ha allmakt" Matt 28,18, "å ha alle ting under seg" Ef 1,22; Heb 2,8, "å ha fått mynde til dom" Joh 5,27, "å gjera levande" Joh 6,54, å ha del i Faderen si æra Joh 17,5, "å reinsa frå synd" 1 Joh 1,6-7; Heb 9,14, samt Kol 2,9 om at heile guddomsfullnaden bur lekamleg i Kristus.<sup>130</sup> Han kan og bruka eit samleuttrykk som ”the complete power and activity of the Logos”.<sup>131</sup> Det må vera klårt, skriv han, at desse

---

<sup>128</sup> Lat, s. 98.

<sup>129</sup> DNC, s. 259.

<sup>130</sup> Jfr. Sol dec VIII, 54-55.

<sup>131</sup> DNC, s. 264.

eigenskapane som gruppa av skriftstadene skildrar vart kommunisert<sup>132</sup> eller gjeve til Kristus "i tida" på grunn av den hypostatisk unionen, er meir enn skapte gåver. Med "i tida" meiner han frå og med augneblinken då menneskenaturen vart avla i Maria sitt liv, eller "from the moment of the conception".<sup>133</sup>

### 3.3.2 Fører det 3.genus til ei endring, utlikning eller samanblanding av naturane?

Den polemiske brodden i framstillinga er knytt til forsvaret mot skuldinga om at lutheranarane i læra om genus majesticum hadde laga nye dogme (novo dogmata)<sup>134</sup> i høve til Skrifta og fedrane. I uttrykket "nye dogmer" låg serleg innvendinga mot at *Kristi menneskenatur hadde del i guddommelege eigenskapar og gjerningar*, eller om ein vil seia det slik; at det endelege kunne bera det uendelege. Motstandarane meinte her at dette ikkje var mogleg, og at ein slik kommunikasjon per definisjon måtte føra til samanblanding.<sup>135</sup> Skuldinga attgjev han slik: "The accusers say that if we describe the attributes which are peculiar to the divine nature as being communicated to Christ according to His human nature, or if the human nature has a share in them, it then must follow that either a commingling, conversion, or equating of the natures or of their essential attributes will occur."<sup>136</sup> Chemnitz tok ikkje lett på skuldinga, og i eit langt kapittel (XXII) tek han opp dette, for å prova at dei guddommelege eigenskapane vart gjeve til menneskenaturen *på ein annan måte* enn ved samanblanding. Skuldinga om ein feil liknande som hjå Eutyches hadde fylgd den lutherske kristologi og nattverdlære frå striden på 1520-talet,<sup>137</sup> via den andre nattverdsstriden på 1550-talet til Konkordieformelen.<sup>138</sup>

---

<sup>132</sup> Andre verb som nyttast i staden for "communicare" er at menneskenaturen i Kristus, er "given" s. 245, "bestowed" s. 252, "granted" s. 341, "glorified" s. 245, "elevated" s. 245, eller "have a share in" s. 267, "received" s. 245, "retain/possesses" s. 257, dei guddommelege eigenskapane.

<sup>133</sup> DNC, s. 302. Liknande s. 84, 263, 281. Sol dec VIII, 13.

<sup>134</sup> Lat 91, DNC, s. 242.

<sup>135</sup> DNC, s. 267-268.

<sup>136</sup> DNC, s. 267.

<sup>137</sup> LU V, s. 103, WA 26, 324,1-3.

<sup>138</sup> Jfr. Epit VIII, 27-29, Sol dec VIII, 61-63, CT, Tese 4, 5 og 7.

Motparten sitt standpunkt var at om Kristus framleis hadde ein vanleg menneskenatur, so kunne han ikkje ha samfunn eller del i dei guddommelege eigenskapane, og til dømes vera lekamleg nær i nattverden, eller andre stader på jorda, men menneskenaturen var på ein lokal definert stad i himmelen. Ergo lærte dei lutherske teologane falskt om Kristus som sant menneske.<sup>139</sup> "Sakramenterarane" tolka då dei aktuelle skriftstadene som anten skapte, overnaturlege gåver, eller at dei guddommelege eigenskapane som skriftstadene nemner vart gjeve til personen etter den guddommelege naturen, eventuelt for andre gong.

Chemnitz fylgjer opp sin noggranne måte frå tidlegare i skriftet, og understrekar at ramma for kommunikasjonen av majesteteten er at både den guddommelege og menneskelege naturen med eigenskapar framleis er intakt, "that the substantial difference of the natures and essential attributes of each nature in the person of Christ remains unimpaired... we must continue to safeguard this teaching and in no case allow a commingling or conversion or equation either of the natures or of the essential attributes of each nature"<sup>140</sup> Kommunikasjonen i det 3.genus er ikkje ein kommunikasjon av naturen, "essential communication",<sup>141</sup> slik som i Treeininga der Faderen frå æva føder og kommuniserar til Sonen heile sin fullnad og alle sine eigenskapar. Om det var ein slik kommunikasjon i det 3.genus er Chemnitz samd i at det ville vera å blanda saman naturane. "If, therefore, the attributes peculiar to the Deity are communicated essentially to the humanity, then the natures in the person of Christ would no longer be distinct and separate, as Creator and creature."<sup>142</sup> Her held Chemnitz seg til ein regel frå Gamlekyrkja som seier at eigenskapane til den eine naturen aldri kan verta eigenskapane til den andre, til dømes som hjå Damascenus: "A property (ιδιότης) is inviolate(ἀκίνητος)."<sup>143</sup> Slik er det framleis berre snakk om ein guddom i Kristus, ei allmakt, eitt liv, og ei guddommeleg gjerning.

---

<sup>139</sup> Sol dec VIII, 2.

<sup>140</sup> DNC, s. 267. Understrekinga finn ein att gjennom heile skriftet s. 16, 71, 77, 174, 216. Liknande Epit VIII 6, 18, 21; Sol dec VIII 7-8, 19.

<sup>141</sup> DNC, s.269.

<sup>142</sup> DNC, s.270.

<sup>143</sup> DNC, s. 270. Sol dec VIII, 8.

Den gruppa av skriftavsnitt som Chemnitz handsamar, og som det var strid om, er avsnitt som historisk sett hadde vore under hard diskusjon før, og som var ein del av bakgrunnen for sentrale formuleringar knytt til Treeiningslære og kristologi ved kyrkjemøta i 325, 381, 431 og 451. Chemnitz syner difor vidare, ved hjelp av ein historisk ekskurs, at freistinga til å tolka dei omdiskuterte avsnitta som om Kristus etter ikjøtinga berre har ein natur er reell.<sup>144</sup> For når dei gamle las i Skrifta at dei guddommelege eigenskapane var gjeve til den opptekne naturen i Kristus trudde dei at ei samanblanding, endring og utlikning hadde funne stad. Dette gjaldt ikkje berre i samband med striden rundt Eutyches, men og i mange av dei tidlegare stridane. Ved hjelp av ei fedreliste, som i hovudsak gjeng frå Justin til Damascenus, syner han noko om korleis fedrane løyste tolkingsoppgåva utan å blanda saman naturane, slik at ein betre kan koma unna denne fara i samtida. Løysinga for Chemnitz vert paradokset i tonaturslæra, slik han finn det i regelen til Justin om at det som var, vart verande og det som ikkje var kom til,<sup>145</sup> og hjå Athanasius: "1. Christ is of the same substance(ὁμοούσιος) as the Father according to His deity and consubstantial with His mother according to His humanity. 2. He is equal with the Father according to His deity and beneath the Father according to His humanity."<sup>146</sup> Chemnitz meiner at han framleis er innanfor denne ramma frå Gamlekyrkja når han legg fram kva det 3.genus er.

### **Majesteten er kommunisert *til* menneskenaturen**

Ein viktig ting for Chemnitz i høve til korleis ein skal tolka dei aktuelle skriftstadene er det ein kan kalla for *retninga* i det 3.genus, at kommunikasjonen gjeng *frå* den guddommelege naturen i Kristus *til* den menneskelege, og ikkje omvendt. Eigenskapane som er omhandla i det 3.genus høyrer ikkje til i menneskenaturen, men kjem frå og høyrer til i den guddommelege. Dette spelar ei stor rolle når Chemnitz tek opp tolkingsvariantane åt motstandarane om at skriftavsnitta skildrar ein givnad til, eller opplyfting av den guddommelege naturen i tida, og difor held Kristi menneskenatur heilt

---

<sup>144</sup> Chemnitz nemner Caspar von Schwenkfeld (1490–1561) som eit døme på dette frå samtida, DNC, s. 274.

<sup>145</sup> DNC, s. 272.

<sup>146</sup> DNC, s. 273.

på utsida av dei guddommelege eigenskapane. Til saman er det snakk om 5 innvendingar frå sakramenterarane, der 4 er variantar av at skriftavsnitta skildrar ein givnad eller kommunikasjon til guddomsnaturen, medan eitt er at avsnitta kun nemner skapte og endelege gåver.<sup>147</sup>

Det Chemnitz meiner mot dette er at *den guddommelege naturen*, på grunn av at han er fullkomen i seg sjølv, *ikkje kan ta imot noko eller få noko i tillegg eller verta opplyft*. Dette har han nemnd ved fleire høve, til dømes i introduksjonskapitlet XIX: "the divine nature of Christ in itself has received nothing from the hypostatic union,"<sup>148</sup>, og i XXI.<sup>149</sup> Dei eigenskapane som skriftavsnitta nemner er eigenskapar som Logos hadde frå æva av, for "how could He be true God if He did not possess from eternity a vivifying life and dominion over all things? For by the confession of all godly men it is a property of the true deity that Shaddai (Sjaddaj) is in Himself complete(αὐτοτελής), sufficient, in need of nothing, capable of neither increase nor decrease, subject to neither addition nor subtraction."<sup>150</sup> Chemnitz vender her med sin argumentasjon skuldinga om samanblanding av naturane tilbake mot sakramenterarane, på den måten at han skuldar dei for å rota med den guddommelege naturen i Kristus når dei har gjort den mottakeleg for endring, tillegg og opplyfting, og han nemner forsiktig Arius.<sup>151</sup>

At kommunikasjonen har denne serlege retninga *frå* den guddommelege naturen i Kristus *til* den menneskelege, stadfestar Chemnitz og ved hjelp av to reglar som Gamlekyrkja nytta for å tolka skriftasnittet som er i fokus. "Likewise, Theodoret in Dialogus I cites this rule of Athanasius: "Whatever the Scripture says that Christ received in time pertains to the humanity and not to the deity." And Leo says in Epistola 124 ad Palaestinos: "Whatever Christ received in time He received according to the humanity, to which were given the things it did not possess."<sup>152</sup> Denne retninga stadfestast og i skriftet gjennom på den måten at den guddommelege naturen stend i aktiv form, medan menneskenaturen

---

<sup>147</sup> DNC, s. 278-285.

<sup>148</sup> DNC, s. 244. Sol dec VIII, 49.

<sup>149</sup> DNC, s. 259-260. Liknade kapittel XII, s. 157, og XXIII, s. 287.

<sup>150</sup> DNC, s. 284. Dette nemnast og i liknande vendingar s. 280 og 287.

<sup>151</sup> DNC, s. 259, 260, 284. Liknande i Epit VIII, 39.

<sup>152</sup> DNC, s. 260, Leo-regelen nyttast og s. 282. Det same er nemnd i Sol dec VIII, 57, der det er sett som ein viktig tolkingsnøkkel.

stend i passiv, "so that in Christ the assuming nature is the divine and the assumed nature is the human.....in the very act of conception the Son of God assumed this entity of human nature into the unity of His own person so that it subsisted in His person and was sustained by it;...so that this body was not that of some other individual or another person, but the very body of the Son of God Himself."<sup>153</sup>

### 3.3.3 περιχώρησις som berebjelke i det 3.genus

Med kapittel XXII meiner Chemnitz at han har rydja vegen for ei framstilling av måten det 3.genus gjeng føre seg på. Han opnar kapittel XXIII, som har overskrifta "De vero modo communicationis Majestatis", med å slå fast at det no må vera tydeleg og klårt nok at dei guddommelege eigenskapane som Skrifta nemner som gjevne til Kristus i tida, skal tolkast som ein givnad til personen etter menneskenaturen (secundum assumptam eius humanam naturam),<sup>154</sup> og ikkje til guddomsnaturen. I tillegg gjeng han på ny imot innvendinga om at det ikkje er mogleg å skjøna korleis eit 3.genus kan gå føre seg på utan samanblanding. Dette er eit argument som ikkje gjeld i teologien, for noko slikt er mogleg for Gud, og Skrifta lærer eller tillet ein slik kommunikasjon utan samanblanding. "Should we not rather give the glory to God, believing with the simple obedience of faith what the Scripture testifies, even if we do not understand or grasp how this can take place without commingling or equating?"<sup>155</sup> Chemnitz meiner det er vantrua som spør slik motstandarane gjer, og han syner til Luk 1,37, at ingen ting er umogleg for Gud, og 1 Tim 3,16 der Paulus kallar det at Gud er openberra i kjøtet for eit stort mysterium. Han brukar og sitat frå Justin og Kyrill mot dei rasjonelle innvendingane.

I kapitlet vil Chemnitz heilt enkelt syna at grunnen til at genus majesticum ikkje fører til samanblanding er måten han skjønar den hypostatiske unionen på, det vil seia ei sameining som ved περιχώρησις. Han held difor fram med å slå tilbake mot

---

<sup>153</sup> DNC, s. 76, liknande hjå Leo I s. 245.

<sup>154</sup> Lat, s. 111. DNC, s. 287.

<sup>155</sup> DNC, s. 288. Liknande s. 306.

"sakramenterarane", og i dette kapitlet er det han som skuldar dei for ikkje å ta nok omsyn til røyndomen i at Kristus er ein person. Dette gjer han ved mykje hjelp frå fedrane, både ved deira bruk av bilete og direkte utsegn om saka. Kapitlet pregast av ei utbrodering av biletet med glødande jern,<sup>156</sup> av biletet om tilhøvet mellom sjel og lekam og av stikkordet "περιχώρησις". Av fedrane er det Kyrill som har fått mest plass i kapitlet, og har vore eit viktig førebilete for Chemnitz sin måte å formulera seg på. Skuldinga om ein nestoriansk tendens hjå Zwingli med etterfylgjarar hadde gjort Kyrill sine arbeid aktuelle, og Chemnitz meiner at han ikkje seier noko meir enn avgjerda frå Efesus-konsilet i 431, om at "The flesh of Christ was made life-giving or has received the power to give life, is life-giving, and makes alive."<sup>157</sup>

*Biletet med glødande jern* er eit døme som Chemnitz har henta frå Gamlekyrkja si skildring av den hypostatiske unionen, og som han meiner liknar måten Skrifta skildrar Kristus på i 2 Mos 3,2 om den brennande tornebusken, Op 1,15 om glødande bronse, og Kol 2,9 om at i Kristus bur heile guddomsfullnaden lekamleg. Biletet kjem opphavelig frå Origenes, og var seinare i bruk hjå til dømes Augustin, Kyrill, Basilius og Damascenus.<sup>158</sup> I glødande jern er nemleg to ulike naturar sameina slik at dei samstundes er intakte i høve til seg sjølv og sine naturlege eigenskapar, og samstundes er eina i ein felles veremåte og verknad. I sameininga gjev elden jernet del i fullnaden av sin natur og eigenskapar, som å gløda, gjeva varme og å skina. På grunn av sameininga med elden vil jernet difor verka over sine naturlege eigenskapar, og der retninga gjeng frå elden *til* jernet. Elden er ikkje i eininga med jernet prega av å vera svart og kaldt, slik jernet er prega av å gløda, skina og gjeva varme. Dei to naturane i Kristus har seg i mellom eit tilhøve som liknar dette, skriv Chemnitz. Menneskenaturen i Kristus gløder, varmar og skin av guddommeleg majestet, ikkje i kraft av eigne eigenskapar (οὐ καθ' ἑαυτόν), men i kraft av den hypostatiske unionen med guddomsnaturen, det vil seia som ved περιχώρησις.<sup>159</sup> Noko han til dømes illustrerar med eit Kyrill-sitat: "The flesh of Christ is life-giving, not according to its own nature but according to the union with the living

<sup>156</sup> Liknande i Sol dec VIII, 19, i samband med personeininga, og 64 - 66 ved det 3.genus.

<sup>157</sup> DNC, s. 331. Striden mellom Nestorius og Kyrill er gjevne stor merksemd under kristologien i Loci Theologici, Vol 1, s. 114-126.

<sup>158</sup> DNC, s. 244, 294-295.

<sup>159</sup> DNC, s. 289. Elles i kapitlet s. 290, 291, 292.

Logos, that is, the flesh of Christ gives life, but not of itself (καθ' ἐαυτήν) but by another (κατ' ἄλλο)."<sup>160</sup>

pericw,rhsij skildrar ein type av sameining som ikkje berre gjer klårt at naturane er eina, på ein eller annan måte, som to metallstykker eller to bord som er spikra saman,<sup>161</sup> slik som Samosata og Nestorius skildra personeininga i Kristus. ”but by interpenetration(περιχώρησις) – it embraces and penetrates the iron with its essence, completely and yet without commingling.”<sup>162</sup> Dette tyder at ”the assumed human nature contains the whole Logos”<sup>163</sup>, og at ingen del av menneskenaturen er utan preg av guddomsnaturen. Litt seinare oppsummerar han med eigne ord heile saka slik: "But rather the whole fullness of deity dwells personally in the assumed nature in such a way that the divine majesty in all its fullness shines forth in the assumed nature, and the divine strength and power exercise and carry on their works of majesty and omnipotence in, with, and through the assumed nature."<sup>164</sup>

Bruken av biletet med glødande jern har og å gjera med diskusjonen om communicatio idiomatum skulle skjønast som ein seiemåte eller som røyndom. Det er klårt at jernet verkeleg tek del i elden sine eigenskapar og gjerningar. Chemnitz understrekar difor at det er naudsynt å leggja ordet "real" framføre det 3.genus med omsyn til motstandarane. "By using the term "real communication" we can show up and expose such men to the light. Therefore they are inimical and hostile to this term."<sup>165</sup> Motstandarane kunne nemleg gå god for ein verbal kommunikasjon av majesteteten til menneskenaturen, slik dei gjekk god for uttrykket at Kristi lekam "vere/i sanning" var nær i nattverden. Men i same stunda som ordet "real" kom inn var det slutt på semja, noko som kom serleg klårt fram i samband med det 3.genus.

---

<sup>160</sup> DNC, s. 292. Liknande s. 295, 331.

<sup>161</sup> DNC, s. 292.

<sup>162</sup> DNC, s. 290-291.

<sup>163</sup> DNC, s. 96, 124.

<sup>164</sup> DNC, s. 303.

<sup>165</sup> DNC, s. 310.



### 3.3.4 Kvifor eit 3.genus?

Som ein del av diskusjonen om uttrykket "real communication" kjem Chemnitz attende til spørsmålet om kvifor det 3.genus er naudsynt, og kvifor det er viktig.<sup>166</sup> Han skriv: "And I repeat the warning I gave earlier, that in the first genus, as we commonly call it, when we say that God was crucified and died, we are saying that there was a real communication, but we add that this communication took place in the person and not in the second nature, namely, the divine. But in the third genus, or classification, we say that the communication of majesty really took place not only in the person but also in the assumed nature, just as the power of shining and burning is communicated to heated iron in a true and actual way, yet without commingling, conversion, or equation."<sup>167</sup>

Problemstillinga handlar om tilhøvet mellom det 1. og 2. genus på den eine sida og det 3.genus på den andre. Kva er skilnaden, eller kvifor treng Chemnitz eit 3.genus? Den fyrste delen av svaret er enkel, Chemnitz har eit 3.genus av di han har funne det slik i Skrifta, hjå fedrane og innanfor Luther sin bruk av *communicatio idiomatum*, og alt han har gjort er å samla og ordna det han har funne der.

Den andre delen av svaret kan utfaldast meir ved å sjå nærare på korleis Chemnitz sjølv nærma seg denne problemstillinga. Det er tydeleg at for Chemnitz er ikkje det bibelske vitnemålet om Kristus fullgodt utan det 3.genus, og ein kan og spørja om ikkje Chemnitz ser det 3.genus som naudsynt for røyndomen i personeininga i det heile. Om ein berre hadde dei to fyrste genera meinte Chemnitz at kristologien stod open for ei nestoriansk kløyving av Kristi person, og påstanden om at det endelege ikkje kan bera det uendelege, noko Chemnitz såg som ei redusering av sjølv inkarnasjonen. "Das sogenannte genus majesticum bildet eine Hauptfrage in der Christologie von Chemnitz, teils weil diese Lehre damals umstritten war, teils weil er darin eine äusserste, aber notwendige Folgerung der unio personalis sah."<sup>168</sup> I kapittel XXII kom det fram at det var ei viss semje kring det 1. og kanskje det 2. genus (med unnatak av tillegget om "in realiter"), innanfor grensene til kvar av naturane sine naturlege eigenskapar, men ikkje om det

---

<sup>166</sup> Diskusjonen elles nemnd DNC, s. 175, 178, 184, 211, 238, 245-246, 261-262, 279, 342, 389.

<sup>167</sup> DNC, s. 311.

<sup>168</sup> Hägglund 1980, s. 81.

3.genus. "Some of them...insist that we must speak only in the concrete, that is, through words which indicate the person, arguing that the assumed nature of Christ must not be described as having received anything or as possessing anything as a result of the union."<sup>169</sup> Stikkordet "in concreto" var det lengste opponentane kunne gå, medan Chemnitz vil lenger: "this teaching is not complete or perfect, if we consider only the natural and essential properties of the natures in Christ; nor is the doctrine of the communication (κοινωνία) perfect or complete if we only teach under the first genus that the attributes of the natures are attributed or communicated to the person, and under the second classification that each nature in Christ performs in communion with the other that which is proper to it."<sup>170</sup>

Frå setninga "God was crucified and died" kan ein freista å få fram korleis Chemnitz tenkjer seg skilnaden mellom dei ulike genera i læra om communicatio idiomatum. Under det fyrste genus, som ei fylgje av personeininga, kom det fram korleis eigenskapar som er typiske for den eine naturen, i setninga ovanfor; å lida og døy, vart tilskrive eller kommunisert *til personen* ved ein konkret term, in concreto. For det er ikkje ein naturleg eigenskap i den guddommelege naturen å lida og døy, men Gud lid etter den menneskelege naturen som er intimt eina i Kristi person. Her meiner då Chemnitz at ingen av naturane er skildra å gjera noko atypisk eller overnaturleg. Frå kapittel XVII, under det 2.genus, la Chemnitz fram korleis begge naturane i samfunn med kvarandre utfører det som er typisk og naturleg for dei i høve til det doble kravet i soningsverket. Nemleg både å kunne lida og døy for mennesket, og samstundes bera all heimsens synder og gjennom døden overvinna Guds vreide, synd og Satan si makt. Verknaden av at Kristus døydde kunne ikkje ha vore so stor utan at det fann stad eit verkeleg samfunn mellom naturane og deira eigenskapar. Men i det 3.genus finn det i tillegg stad ein verkeleg kommunikasjon mellom eigenskapane *til* den eine av naturane, ein kan seia "in abstracto", til den menneskelege. Slik at menneskenaturen tek del i guddommelege eigenskapar og gjerningar på ein måte som er atypisk og overnaturleg for dei. "so that in

---

<sup>169</sup> DNC, s. 279. Liknande s. 178, 389

<sup>170</sup> DNC, s. 245.

these works of Christ the Savior the human nature can cooperate even beyond and above its own natural properties."<sup>171</sup>

To bibelavsnitt som Chemnitz meiner peikar mot dette er Joh 6,51(6,50-56) og 1 Joh 1,7.<sup>172</sup> Joh 6,51 som seier at Kristi lekam gjer levande eller gjev æveleg liv, altså ein skriftstad der ein abstrakt term for menneskenaturen, "Kristi lekam", er subjekt for ein guddommeleg verknad eller eigenskap, "levandegjering". Her er ikkje berre guddommelege eigenskapar tilskrive menneskenaturen, in concreto til dømes ved namnet Menneskesonen, men og i ei serleg tyding av "in abstracto", til menneskenaturen med eigenskapar. "But because the deity of the Logos does not restore and impart life to the world by itself, but in the incarnate state and in, with, and through the assumed nature, therefore the flesh of Christ is also said to give life, because it has dwelling within it in complete fullness the power of vivification and possesses the life-giving life itself personally united with it."<sup>173</sup>

Det same er tilfellet i 1 Joh 1,7, der ein abstrakt term for menneskenaturen, "Jesu Kristi, hans Sons blod", er subjekt for den guddommelege eigenskapen "å reinsa frå synd". Dette gjeld for Chemnitz både i samband med krosshendinga si fullbrakte soningsverk, og i Kristi tenesta med å dela ut frelsesgodene etter himmelfarten (Heb 9,12-14).<sup>174</sup> Det er ikkje ein typisk eller naturleg eigenskap og verknad som her tilskrivast blodet, men ein verknad som er naturleg for guddomsnaturen. "It is proper, therefore, for God to cleanse and destroy sin (Is 43,25), but Scripture clearly attributes this action not only to the person of the incarnate Christ according to the deity, but also to His blood according to the humanity. And we must not understand this only as a matter of merit when His blood was poured out on the cross, but it is also to be understood as a matter of efficacy and

---

<sup>171</sup> DNC, s. 218.

<sup>172</sup> 1 Joh 1,7 er nemnd ofte, til dømes DNC, s. 16, 260-261, 331, 333. Sol dec VIII, 59 "For det tredje taler Skriften ikke bare i allminnelighet om Menneskesønnens person, men tyder det også uttrykkelig om den antatte menneskelige nature, 1 Joh 1..."

<sup>173</sup> DNC, s. 331.

<sup>174</sup> DNC, s. 261, 333.

application; for Scripture attributes our very justification and the reconciliation of the sinner with God to this blood.”<sup>175</sup>

### 3.3.5 Skriftavsnitt om kommunikasjonen av majesteteten

Vonaleg har det allereie kome fram noko om korleis Chemnitz freistar å få fram at han fyrst og fremst arbeider uti frå Skrifta i alt det han gjer, og kva skriftstader som er sentrale for han. Skriftstadene samlar han opp på ny i eit eige kapittel som tek føre seg kvart av dei viktigaste skriftorda. Chemnitz er i kapittel XXIV komen fram til eit fyrebels mål i skriftet. Med kapittel XXII og XXIII meiner han å ha prova at genus majesticum ikkje fører til samanblanding, avdi det skjønast utifrå det sereigne ved den hypostatiske unionen. Når no denne hindringa er vekke kan han gå vidare. Målet for Chemnitz er at trua ikkje lenger skal vera bygd på autoriteten til fedrane og konsila, men fullt og heilt på apostlane og profetane sin grunnvoll, og han vil syna korleis Skrifta talar om inkarnasjonen og eigenskapane som er gjeve til Kristus i tida etter hans menneskenatur. Kapitlet er heilt gjennom prega av korleis han legg ut Skrifta og hans eigne formuleringar, og har uvanleg få fedresitat.

Kva vers meiner då Chemnitz er dei viktigaste prova i Skrifta for eit 3.genus i læra om *communicatio idiomatum*? Kapitlet har han delt i elleve delar, og raskt nemnd er desse Kol 2,9; Matt 28,18; Heb 1,3; ulike andre ord om æra og majesteteten, salvinga av Anden, dei om Kristi allkunna og visdom, Joh 6,51-55 om å gjera levande, Joh 5,27 om mynde til å døma, 1 Joh 1,7; Heb 9,14 om å reinsa hjarta og samvit frå synd, om korleis Kristus og som menneske tek del i Messias sitt virke som Hovud, Konge og Prest, og endeleg om korleis ulike stader skildrar Kristi menneskenatur som ein del av objektet for den frelsande trua og tilbedinga.<sup>176</sup> Chemnitz meiner at Skriftprova for det 3.genus er massivt, og målet han har med desse er at dei til saman skal syna: (1) at eigenskapane som Skrifta skildrar som gjevne til Kristus i tida skal skjønast som ein kommunikasjon til

---

<sup>175</sup> DNC, s. 261.

<sup>176</sup> Sol dec VIII, 55, 67-76 nemner mykje av det same i høve til eigenskapane, og dei viktigaste avsnitta frå Skrifta. I Epit VIII, nemnast Fil 2,7; Matt 28,18; Ef 4,10 og Kol 2,9 under majestetsaspektet, 16 og 34.

menneskenaturen, og ikkje til guddomsnaturen (2) at givnaden gjeld meir enn skapte gåver, for i tillegg gjeld han eigenskapane i sjølv guddommen, og (3), at dei guddommelege eigenskapane har samfunn med menneskenaturen på ein annan måte enn ved samanblanding, etter same måten som i personeininga.<sup>177</sup>

## **Kol 2,9**

I det fylgjande vil ein nemna litt meir om korleis Chemnitz legg ut Kol 2,9; Matt 28,18; Heb 1,3 og Joh 17,5. "The foremost passage is that remarkable statement of Paul in Col 2,9: "In Christ dwells the whole fullness of the Godhead bodily."<sup>178</sup> Kol 2,9 vart og nærare utlagt i kapittel IX,<sup>179</sup> og Chemnitz skriv at det han lærer under det 3.genus er bunde til korleis han skjønar dette. Serleg viktig er det å finna ut kva som ligg i orda "heile guddomsfullnaden" og "lekamleg" i Kol 2,9. Chemnitz meiner at Paulus med uttrykket "heile guddomsfullnaden" meiner noko meir enn ein fullnad av skapte gåver og ibuande nåde slik som ein og kan finna hjå kristne. Heile guddomsfullnaden må tyda Kristi guddom, komplett og perfekt, noko som og inkluderar alle eigenskapane i guddommen. "lekamleg" skjønar Chemnitz som eit uttrykk for den opptekne menneskenaturen, og at det samstundes peikar på at guddomsfullnaden bur i Kristi menneskenatur på ein personleg måte. "just as Athanasius, Augustine, and Theodoret, who explain the adverb "bodily" or corporaliter not as a transfusion of the natures or a commingling of the essences but as a hypostatic or personal union."<sup>180</sup> Vidare skriv Chemnitz at Kol 2,10 stadfestar at fullnaden er noko meir enn eit vanleg nærver, for i Kristus har dei kristne alt dei treng av signing og sæle, og at dette kjem til dei via "hovudet" som er av same naturen som dei sjølv. "so that as from our Head to us as members all these blessings are distributed and flow and are given as our help from His fullness."<sup>181</sup>

---

<sup>177</sup> DNC, s. 339.

<sup>178</sup> DNC, s. 313.

<sup>179</sup> DNC, s. 117-119.

<sup>180</sup> DNC, s. 314.

<sup>181</sup> DNC, s. 314.

Ef 4 skildrar korleis Kristus gjer, verkar og syter for alt det kyrkja treng til oppbygging og frelsa, noko som er eit guddommeleg verk. Men dette gjer han ikkje berre ved guddomsnaturen åleine, adverbet "lekamleg" i Kol 2,9 syner og at dette finn stad i, med og gjennom den opptekne menneskenaturen. "And the divine nature of the Son manifests, exercises, carries on, and completes all of its saving activities toward all of His members through this total fullness, not by itself and apart from the human nature but rather in, with, and through that nature by which head and members are related."<sup>182</sup> Som eit døme på dette brukar Chemnitz Mark 5,30 om kvinna som vart frisk ved å røra kappa til Jesus, av di Guds kraft gjekk ut i frå han og lækte ho. Den som kjem nær Jesu menneskenatur, kjem samstundes nær heile guddomsfullnaden. Det er difor ved Jesu menneskenatur ein skal søkja og finna Den Treeininge Gud, for om ein møter Gud i hans absolutte guddom,<sup>183</sup> kan me ikkje nærma oss, skriv Chemnitz, på grunn av at synda har framandgjort mennesket.

### **Matt 28,18**

Matt 28,18 "Eg har fått all makt i himmelen og på jorda" er det verset som har fått størst plass i kapitlet.<sup>184</sup> Samanhengen for verset i Matteus, skriv han, er knytt til at mange av disiplane kunne tvila på om Jesus var nær med den same lekamen som han hadde vorte krossfest og gravlagd i, og at Kristus her syner at oppstoda av lekamen er verkeleg og at han talar til dei med den stemma dei kunne kjenna att frå tidlegare. Og i kontrast til krossfestinga er det han no stend fram og seier: "Eg har fått all makt..." Spørsmålet om korleis skal ein skjønna ordet "all makt", og samanhengen i høve til nedringsstadiet og høgjinga er det sentrale i utleggjinga. Som nemnd under kapittel XXII nytta opponentane her ein anna tolkingsnøkkel og hevda at denne allmakta vart gjeve på ny eller stadfest til den guddommelege naturen i Kristus,<sup>185</sup> eller at menneskenaturen etter høgjinga har fått

---

<sup>182</sup> DNC, s. 315.

<sup>183</sup> DNC, s. 315. "In his absolute deity.. "Liknande Sol dec VIII, 87.

<sup>184</sup> Verset diskuterast i Sol dec VIII, 68-75, Epit VIII, 35. Dei ulike versa som skal kasta ljøs over Matt 28 her i DNC, s. 316-322, nemnast og i CT, s. 1108.

<sup>185</sup> DNC, s. 316.

del i ein slags "mediam potentiam",<sup>186</sup> som er ein mellomting mellom Gud si makt og makta til andre skapningar. I kapittel XXIV kjem det og fram at opponentane hevda at ordet ἐξουσία i Matt 28,18 tyder ei lågare form for makt enn δύναμις.<sup>187</sup> Men Chemnitz meiner at Kristus etter sin guddomsnatur aldri mista eller la allmakta til sides, men var skjult til stades i nedringsstadiet. Utsegnet må difor tolkast om menneskenaturen, og at Kristus no etter nedringa kan syna og vil utøva allmakta i fullt mon i og gjennom menneskenaturen.

Chemnitz meiner at hendinga i Matt 28 er den same som vart føresagd i Dan 7,13-14 om korleis Menneskesonen skal førast fram for Gud og gjevast herredøme, ære og rike som skal vara æveleg. Dette er slik meir enn skapte gåver, og i tillegg peikar adjektivet "all" og orda "himmelen og på jorda" på at det er ein guddommeleg eigenskap som er meint i verset, og noko som gjeld både i og utanfor kyrkja. Dette stadfestast ved Sal 2; 8; 110; Matt 11,27; Joh 13,3; Ef 1,22. Frå samanhengen i Matt 28, der Kristus sender ut apostlane og skal samla kyrkja alle stader i verda, dreg Chemnitz og nokre slutningar. Han set dette som ein parallell til Ef 4, slik at Kristi allmakt skal vara og stydja arbeidet i kyrkja på den måten at Kristus som hovud, og etter sin menneskenatur, er nær hjå alle medlemmane. "For the divine nature of the Son wishes to exercise, carry on, and fulfill all His essential authority, strength, and efficacy in the ministerial office and in the church in, with, and through the assumed nature according to which He is our Brother and we are flesh of His flesh"<sup>188</sup>

### **Heb 1,3**

Det tredje dømet gjeld kva som ligg i at Kristus i tida sette seg ved Høgre handa åt Gud (ad dexteram Dei), og serleg ein nærare utgreiing av uttrykket "Høgre handa åt Gud" eller "majesteteten si høgre hand" som i utgangspunktet Heb 1,3. Uttrykket var tidleg i nattverdsstriden brukt som kristologisk grunngjeving mot at Kristi lekam kunne vera nær

---

<sup>186</sup> Epit VIII, 35.

<sup>187</sup> DNC, s. 319

<sup>188</sup> DNC, s. 318.

i nattverden, og til dømes tolka Zwingli uttrykket som ein lokal stad i himmelen, og at Kristus difor ikkje kunne vera nær i nattverden etter sin menneskenatur.<sup>189</sup> Når Chemnitz legg ut "Høgre handa åt Gud", tyder det ikkje ein serskild stad her eller der, men eit heilskapsord for Gud si makt og gjerning (Divinam potentiam et operationem).<sup>190</sup> Ordet famnar både Messias-gjerninga og hans styre over alle ting, slik han har funne det serleg ut ifrå Salmane. Der er det i bruk om å driva fiendane tilbake, Sal 21,8-9, å vera nær og høyra bøn, Sal 20,6[7], å gjeva frelse og livd, Sal 17,7; 98,1; 108,6. Etter sin guddommelege natur er Kristus frå æva Høgre handa åt Gud som Faderen gjer alle ting ved, men då menneskenaturen er personleg eina med guddomsnaturen, tek og Kristus del i desse gjerningane som menneske.

Chemnitz meiner at Kristus sette seg ved Høgre handa åt Gud etter den same naturen som han leid, døydde og vart gravlagd i. "Scripture speaks in this way of Christ's session at the right hand of God so that it may show clearly that also with respect to His human nature, according to which He was crucified, dead, and raised again, Christ is placed at the right hand of the majesty and power of God, as Matt 26,64 shows. When they were offended at the sight of His weakness, He says, "You will see the Son of Man sitting on the right hand of power and strength.""<sup>191</sup> Å krossfestast, døy, gravleggjast og stå opp att er eigenskapar eller gjerningar som er naturlege og typiske for menneskenaturen, men å sitja ved Høgre handa åt Gud er ein eigenskap som er over og imot dei naturlege. Som prov på at dette fant stad etter menneskenaturen slik som hendingane i lidings saga og oppstoda gjorde det, nemner Chemnitz til dømes Ef 1,20 om at Gud "reiste han opp frå dei døde og sette han ved Høgre handa åt Gud i himmelen", og Apg 2, 32-36/Sal 110,1 "Denne Jesus som de krossfesta, han har Gud gjort både til Herre og Messias(v36)". Mange av dei andre versa han nemner tek og med kontrasten mellom Jesu liding og herleggjering, 1 Pet 3,21-22; Heb 1, 3-5; 12,2; Mark 16,19.

---

<sup>189</sup> Sol dec VIII, 28. Emnet har og fått sitt eige kapittel i skriftet, kapittel XXVIII.

<sup>190</sup> Lat, s. 127. DNC, s. 322.

<sup>191</sup> DNC, s. 323.



## Joh 17,5

Det siste dømet ein tek med frå kapittel XXIV er spørsmålet om kva som ligg i dei ulike orda for ære og majestet i Skrifta. Skal æra og majestet som er skildra som gjeve i tida til Kristus tolkast som ei guddommeleg ære eller som ei ære mellom Gud og det skapte? Chemnitz sine motstandarar meinte at ei guddommeleg ære ikkje kunne delast med noko som er skapt, slik som Kristi menneskenatur er. "They therefore argue that we must understand that some other created majesty which is inferior to the divine, yet superior to all created things, has been given to Christ in time according to His human nature."<sup>192</sup> Når Kristus er sett ved Høgre handa åt Gud so må det tyda noko meir, skriv Chemnitz. Tanken om eventuelt to ulike troner i himmelen, ei som Kristus sit på som Gud og ei som menneske, er håplaus og absurd, og ein har fått to "kristusar". Det er heller slik at ved den eine guddommelege trona, Høgre handa åt Gud, skal dei kristne søkja Kristus, og det er til trøyst for dei at han og sit der som menneske, slik at han kan ha medynk med vårt svake liv, Heb 4,16.

Det klaraste dømet på dette er i fylgje Chemnitz Joh 17,5 "Og *no*, herleggjer du meg, Far, med din eigen herlegdom som eg hadde hjå deg før verda vart til." På dette tidspunktet var Kristus rekna for berre å vera eit menneske, og han bed her om at guddomsæra må få skina og verta synleg i og gjennom den opptekn menneskenaturen. "For the plan of the humiliation was such that the divine glory did not always manifest itself clearly, fully, and gloriously in and through the assumed flesh with wich it was united in the personal union."<sup>193</sup> Då Kristus som Gud allereie hadde denne æra, må det vera Kristus som Mann som er mottakar for guddommeleg æra i tida. I same retning tolkar han dei kjende versa frå Fil 2,6-9. "Han audmjuka seg sjølv, og tok på seg ein tenar sin skapnad.....Difor har Gud storleg høgja han og gjeve han Namnet over alle namn." Nedringsstadiet tolkar Chemnitz slik at Kristi guddom var skjult tilstades, og Kristus haldt tilbake strålinga frå han, og høgjinga meiner han gjeld menneskenaturen som han leid og døydde i, og at guddomsnaturen etter oppstoda syner seg seg i fullt mon i, med og gjennom menneskenaturen. "But He willingly withdrew from His legal right and humbled Himself,

---

<sup>192</sup> DNC, s. 324.

<sup>193</sup> DNC, s. 326.

that is, He hid, restrained, and held back the use and demonstration of His divine glory and power in and through His flesh."<sup>194</sup>

### 3.3.6 Fedrane og Luther som vitne og autoritet for genus majestaticum

#### **Kapittel XXV – Vitnemål frå Gamlekyrkja**

Dei tidlegare kapitla Chemnitz har handsama so langt har nok allereie skapt inntrykk av kor ofte og kor stor rolle fedrane spelar i framstillinga hans, til saman er omlag ¼ av "De duabus naturis in Christo" fedresitat.<sup>195</sup> Kapittel XXV, som er det lengste i skriftet, stadfestar dette til fulle, og her kjem funksjonen som desse er tiltenkt tydeleg fram. Kapitlet byrjar: "In order that we may not appear to be devising strange interpretations for Scripture passages, creating paradoxes, inventing alien doctrines, or obtruding new terminology into the church, I am noting down some statements from the most ancient and approved writers of the orthodox church concerning the communication of majesty which we now shall discuss."<sup>196</sup> Chemnitz vil understreka at den lutherske tolkinga av dei aktuelle skriftstadene, og måten han formulerar seg på, ikkje er noko nytt i høve til kyrkjesoga. Tvert imot vil han syna at det er eit samsvar i heile argumentasjonsrekkja, frå Skrifta, til fedrane, via Luther og til det arbeidet han sjølv legg fram. Kunnskapen om Gamlekyrkja var eit serdrag hjå Chemnitz på den måten at han nok var den av teologane med den største kunnskapen om emnet,<sup>197</sup> og i "De duabus naturis in Christo" har han byta om på tradisjonsargumenta slik at fedrane dominerar meir i teksten enn Luther. I teksten til FC VIII dominerar Luther som vitne utanom Skrifta.<sup>198</sup> Skuldinga om eit nytt dogme i høve til fedrane var eit eige moment i den kristologiske debatten, og kan til dømes førast tilbake til usemja mellom Luther og Melancton som

---

<sup>194</sup> DNC, s. 327. Liknande Sol dec VIII, 26-27. I dei to siste kapitla, XXXII og XXXIII takast spørsmålet om nedringa og høgjinga opp i kvart sitt kapittel. Som ein digresjon kan det nemnast at Chemnitz si tolking av Fil 2, 9 (og Joh 5,27) liknar tolkinga av det same hjå Hugo Odeberg 1968, i artikkelen "Menniskosonen och mysteriet", s. 202, 205, 210.

<sup>195</sup> Preus, R. 1970, s. 49.

<sup>196</sup> DNC, s. 341.

<sup>197</sup> Preus 1994, s. 248.

<sup>198</sup> Hägglund 1980, s. 73. Epit VIII, 3, 17-18; Sol dec VIII, 1-4, 21, 26-28, 38-45, 80-86.

kom fram frå midten av 1530-talet, der ”Melanchton in writing to Brenz had spoken of Luther’s doctrine of the Supper as a ”new dogma” which was not found in the early church fathers.”<sup>199</sup> Luther tok sjølv i bruk meir av fedrane og kyrkjesoga i dei kristologiske arbeida sine mot slutten av livet,<sup>200</sup> og skuldinga om avvik frå fedrane vart ført vidare frå calvinske teologar som Zwingli sin etterfylgjar i Zürich, Heinrich Bullinger.<sup>201</sup> Chemnitz vil difor med fedresitata gjera det til ei kjend sak, ”a public testimony”,<sup>202</sup> at i dei lutherske kyrkjene lærer dei ikkje noko nytt i høve til læra om Kristus.

Fedresitata er vidare meint å skulle syna at fedrane ikkje berre rekna med eit 1. eller eit 2.genus, dei ulike variantane av ”in concreto”, der naturane handlar etter sine naturlege eigenskapar, men at dei og lærte ei tilskrivning av dei guddommelege eigenskapane til menneskenaturen, som i Chemnitz sitt 3.genus. ”Hence the following statements will clearly show – a matter which is disputed by many – that antiquity spoke of the genus of communication, not only in concrete terms that Christ, the Son of Man, received these gifts as man, but they also add definitive expressions to show that Christ received them according to His human nature, as (ut) man, in the capacity of (qua) man, insofar as (quatenus) He was man. They specifically mention the assumed nature by name, and they expressly state that these attributes have been given to Christ’s human nature or to his flesh”<sup>203</sup>

Fedrelista byrjar med Justin, og nemner vidare 30 ulike fedre frå Aust- og vestkyrkja, i eit kronologisk mønster han ofte nyttar, til dømes i lista i kapittel XIV. Lista avsluttast med ei avdeling Luther-sitat, og frå perioden 750 – 1500 er i hovudsak ingen teolog nemnd. Dei som har fått mest plass er Athanasius, Epiphanius, Augustin, Kyrill, Theodoret, Damascenus og Luther. I lista er det visse moment som er gjennomgåande for mange av sitata, utan å seia at det gjeld for alle av dei. Dei skal syna *at* genus majestaticum i det heile var eit lærepunkt og tema hjå fedrane. Dette gjer Chemnitz ved å peika på korleis

---

<sup>199</sup> Preus 1994, s. 174-175.

<sup>200</sup> Serleg ”Von Konzilien und Kirchen” 1539, WA 50.

<sup>201</sup> Mahlmann 1969, s. 9.

<sup>202</sup> DNC, s. 302, 342.

<sup>203</sup> DNC, s. 342.

dei skjønna skriftstader som til dømes Kol 2,9, korleis Jesus gjekk gjennom stengde dører, Ef 1,21-23; Joh 17,5; Matt 28,18 og Sal 110,1. Vidare syner mange av sitata korleis fedrane såg dette i samband med frelseslæra og undringa over inkarnasjonen, og korleis dei lærte at grunnen for kommunikasjonen er "because of" eller "through the union".<sup>204</sup> I det fylgjande tek ein Augustin og Athanasius ut som døme.

### **Det 3.genus hjå Athanasius og Augustin**

Frå dei sitata Chemnitz brukar frå Athanasius (296-373),<sup>205</sup> kan ein sjå at han har vore eit viktig førebilete for måten Chemnitz har tenkt og formulera seg på. Mange av sitata er henta frå striden med Arius, og skriftene om dette. Her var til dømes skriftavsnitta om høgjinga, og at Jesus har fått namnet over alle namn ein viktig del av diskusjonen. Arius hevda at sidan Skrifta nemner desse tinga som gjevne til Kristus i tida, var ikkje naturen Logos hadde før inkarnasjonen verkeleg guddommeleg. Mot dette hevda Athanasius at Paulus i Fil 2,9 ikkje meiner at det er guddomsnaturen som vert høgja, men menneskenaturen, av di guddomsnaturen allereie var høgja. I høgjinga av menneskenaturen såg Athanasius ei stor trøyst, skriv Chemnitz, ho fann stad på grunn av oss og for oss, likeeins vart han salva og helga med Anden, "So that the sanctification which is bestowed upon the Lord as a man is then spread abroad from Him upon men."<sup>206</sup> Dette som eit motstykke av kva som hende med Adam, for då han synda spreidde synda seg til alle menneske, men no når Herren har vorte menneske og knust slangen, vil han spreia denne rikdomen til alle menneske.

Vidare tolka Athanasius orda "allmakt" og "æra" i Matt 28,18; Joh 17,5 og Op 5,12 slik at Kristus her vil gjera det klårt at han som menneske tok imot det han som Gud alltid hadde hatt. Liknande var det som menneske Herren fekk høyra orda frå Sal 110,1 "Sett deg ved mi høgre hand, til dess eg har lagt fiendane dine under føter". Hjå Athanasius finn ein og den generelle tolkingsnøkkelen, kalla Athanasius-regelen, som Chemnitz sjølv bruka i

---

<sup>204</sup> DNC, s. 343, 346, 366, 379.

<sup>205</sup> DNC, s. 346-350.

<sup>206</sup> DNC, s. 347. MPG 26, 112-113.

kapittel XXIV: "Whatever Scripture says that the Son received in time, it says with reference to the humanity, not the deity."<sup>207</sup>

Når det gjeld Augustin (354-430)<sup>208</sup> skal ein nemna to høve der Chemnitz meiner at han lærde eit aspekt liknande det 3.genus. Det fyrste er knytt til korleis Augustin tolkar Fil 2,9, og korleis han skjønar tilhøvet mellom nedringa og høgginga. Namnet over alle namn har Kristus fått etter same forma som han døyde i, menneskenaturen, "Thus in the form in which He was crucified He was also exalted, and a name was given to Him which is above every name."<sup>209</sup> Mange av sitata er knytte til at begge naturane i Kristus er komplette og intakte ved dei ulike hendingane i frelsessoga, både i lidinga og høgginga.

For det andre kan ein merkja seg korleis Augustin legg ut hendinga der Jesus gjeng inn til læresveinane gjennom stengde dører etter oppstoda. Denne hendinga er eit viktig døme i Augustin-sitata. Korleis var noko slikt mogleg? Ved allmakta vart det laga eit born i møyi utan mann, og ved den same makta kunne Kristi lekam gå gjennom stengde dører mot naturlovane om tettleik og vekt. "Should we deny that it was a human body because we see that it enters through closed doors, something which is contrary to the nature of the body? All things are possible for God. It is manifest also that to walk on water is contrary to the nature of this body, and yet the Lord not only walked on water before His Passion, but He also caused Peter to do so. Therefore, after His resurrection He did what He wished with His body."<sup>210</sup>

### **Vitnemål frå Luther om genus majesticum**

Når det gjeld Luther har ein sett at i dei sentrale og lange kapitla frå XXI – XXV spelar han inga dominerande rolle. Det kan vera at om Chemnitz berre hadde argumentert ut ifrå han so hadde det ikkje vore nok i høve til den oppgåva han hadde i samtida. Luther var sjølv under mistanke for å ha laga eit nytt dogme, og at han låg for nær den romersk-

---

<sup>207</sup> DNC, s. 350.

<sup>208</sup> DNC, s. 361-364.

<sup>209</sup> DNC, s. 361. MPL 42, s. 747.

<sup>210</sup> DNC, s. 363. MPL 40, s. 304.

katolske nattverdlæra, slik at ved berre å referera til han ville Chemnitz ha kome like langt i høve til utgangspunktet.<sup>211</sup> Luther er likevel sett høgt i kapitlet, og er rekna som ein av fedrane, som siste leddet i ei kanonisk rekkje frå Gamlekyrkja, og han reknast som den viktigaste teologen sidan Johannes Damascenus. Hjø Luther har Chemnitz funne eit knippe av sitat som han meiner fell inn under det 3.genus, og som han kan ha bruka som modell for utforminga av eit eige genus om majesteteten. Avdelinga med Luther-sitat opnast slik: "Testimonies of Luther. However I shall add some statements from Luther also which show that he thought and spoke on the basis of Scripture and with the ancient church in regard to the communication of the majesty."<sup>212</sup>

Til saman inneheldt avdelinga 18 sitat, som er henta frå Kyrkjepostillen, anna kommentararbeid og frå meir dogmatiske arbeid hjå Luther. Dei fleste av skriftstadene er knytt til høgginga eller herleggjeringa av Kristus, at han har alle ting under seg og har teke sete ved Høgre handa åt Gud. Det vil seia Heb 1,1-12; Matt 11,27; 28,18; Dan 7,27; Sal 8; 110,1. Elles er og kommentarar om Joh 1,14; 6; 7,6-10; Luk 2,40; Rom 1,3-4 brukt som sitat. Ut ifrå dette utvalet so skjønar Chemnitz og Luther Matt 28,18 og "Høgre handa åt Gud" og nedring-høgging i same meining, nemleg at det hendte med omsyn til menneskenaturen, og at det gjeld guddomelege eigenskapar, og at grunnen er personeininga. I høve til bruken av Luther-sitat under det tredje genus i Sol dec VIII er sitatet frå "Vom Abendmahl Christi, Bekenntnis" om det repletive nærveret ikkje teke med her, medan sitatet frå "Von den letzten Worten Davids" er med.<sup>213</sup> Det fyrste Chemnitz nemner mellom Luther-sitata er eit utsegn som stadfestar tolkingsnøkkelen han har brukt so langt, Athanasius-regelen. I samband med ei preike over Heb 1 heiter det hjå Luther "...alles, was von Christus nydrung unnd erhohung ist gesagt, soll dem menschen tzugelegt werden; denn gottlich natur mag widder genyddert noch erhohet werden."<sup>214</sup>

---

<sup>211</sup> Mahlmann 1969, s. 10-11. Dei lutherske teologane var skulda for berre å halda seg til Luther, medan sveitsarane meinte at Augustin var deira hovudvitne. Skuldinga gjekk og ut på at dei lutherske teologane sette Luther høgare enn Skrifta.

<sup>212</sup> DNC, s. 384.

<sup>213</sup> Jfr. Sol dec VIII, 80-84, 85-86 og DNC, s. 385.

<sup>214</sup> DNC, s. 384, WA I I, 150, 8-10.

Like etter kjem uttrykket som tykkjest vera viktig for Chemnitz sitt sitat-utval, nemleg "according to the humanity/secundum humanitatem/nach der Menschheit",<sup>215</sup> Uttrykket nemnast 8 gonger i dei 18 sitata. Det kan vera verd å sjå litt nærare på bruken av dette i sitatet som er sams for Sol dec VIII og kapittel XXV. Sitatet lyder slik hjå Chemnitz: "Christ has two generations, or two natures, in one inseparable person. According to the first generation, which did not take place in time but from eternity, He received this eternal power or deity from God the eternal Father. According to the second, temporal, and human generation, the eternal power of God is bestowed upon Him, but in time and not in eternity. For Christ's human nature was not from eternity as the divine was, but from the moment of time in which the deity was united with the humanity into the one person. This man is the Son of Mary, and yet through the communication of attributes He is called the omnipotent, eternal God who possesses eternal power, the Creator and Preserver of all things, because now He is one person with the divine nature and therefore true God. The eleventh chapter of Matthew, verse 27, also says this: 'All things have been given Me of the Father.' And the last chapter of Matthew says: 'All power is given Me in heaven and on earth.' To which 'Me'? To Me as Jesus of Nazareth, the Son of Mary, born a man. From eternity I have had that power from the Father, before I assumed the human nature. But after I began to be a man, I received the same power in time also according to the human nature, but I used it secretly and will not show it openly until the time of the resurrection and ascension, when I am to be revealed and manifested gloriously."<sup>216</sup>

I sitatet kan ein seia at Luther i same aneddraget nemner både det konkrete, 1.genus, og abstrakte aspektet, 3.genus, under omgrepet *communicatio idiomatum*. Det tyder at heile mennesket Jesus frå Nasareth har samfunn med den guddommelege eigenskapen "allmakt", og dette uttrykkjast både ved den konkrete termen "Son of Mary" og den abstrakte termen "according to the human nature". Sitatet syner og til ein skilnad mellom Chemnitz og Luther i høve til abstraheringsnivå og framstillingsmåtar, og til korleis Chemnitz deler inn Luther sin kristologi. Der Luther kan nemna heilskapen og kontrasten i kristologien på nokre få setningar, skiljer Chemnitz dei ulike aspekta meir ut ifrå

---

<sup>215</sup> DNC, s. 384, Lat, s. 157. WA 54, s. 50,7.

<sup>216</sup> DNC, s. 385.

kvarandre og kan bruka mange kapittel på kvar av dei. Til dømes so finst omgrepet *communicatio idiomatum* i to ulike avsnitt i "Von den letzten Worten Davids",<sup>217</sup> og det eine hamnar i Chemnitz si inndeling under det 1.genus, og det andre altso under det tredje. Ein kan kanskje seia at Luther uttrykte seg meir heilskapeleg og paradoksalt enn det Chemnitz gjer.

I vurderinga av tilhøvet mellom læra om *communicatio idiomatum* hjå Chemnitz og kristologien hjå Luther har Hägglund hevda at det trass alt finst eit generelt samsvar mellom dei. "Es dürfte berechtigt sein, wenn man sagt, dass Chemnitz' ausführliche Darstellung der Christologie mit den drei Genera der *communicatio idiomatum* in grossen und ganzen eine Weiterentwicklung der Ansätze bedeutete, die schon bei Luther vorhanden waren."<sup>218</sup> Dette meiner han og gjeld for det 3.genus: "Auch in der Darstellung dieses Lehrpunktes geht es um die Fortbildung und Klärung der Christologie Luthers, auch wenn Luther - wie Chemnitz bemerkte - das dritte Genus der *communicatio idiomatum* nicht *expressis verbis* von dem ersten unterschieden hatte."<sup>219</sup> Han skriv vidare om Chemnitz si sondring mellom utsegn knytt til konkrete og abstrakte ord, at skilnaden stundom kan verta vanskeleg å få auga på. Til dømes finst det ei mengd av Luther-sitat som handlar om majesteteten til menneskenaturen, slik som utsegna om at verda sin skapar ligg i krubba oll., som sakleg skulle seia det same som det 3.genus, men som hjå Chemnitz vert dømme på det fyrste. Chemnitz si eksplisitte handsaming av det 3.genus skjønar då Hägglund i retning av hans sterke ynskje om å understreka at kommunikasjonen av majesteteten til menneskenaturen, ikkje berre skal uttrykkjast ved hjelp av konkrete ord, men og ved hjelp av abstrakte.<sup>220</sup>

"not only in concreto, that is, with reference to the person only by the use of concrete terms, but also these attributes can rightly be said to be given to the Son of Man, using the terms which denote the human nature of Christ as it is personally united with the Logos. The Scholastics called this terms abstract, that is, these attributes were given to

---

<sup>217</sup> WA 54, s. 89-92, jfr. DNC, s. 191, og WA 54, s. 49-50, jfr. DNC, s. 385.

<sup>218</sup> Hägglund 1980, s. 80.

<sup>219</sup> Hägglund 1980, s. 81.

<sup>220</sup> Hägglund 1980, s. 82.



Christ according to his humanity, or the human nature in Christ received them. However, the human nature does not receive or possess them abstractly, that is, if this nature is considered by itself, apart from the union, or in the union, by , through, in or according to itself; but the human nature receives them only through the plan of the personal union, as we tried to explain."<sup>221</sup>

### 3.4 Bruken av det 3.genus i truslivet og i kyrkja

Med kapitla frå XXVII til XXXIII held Chemnitz fram under det som i overskrifta nemnast som "related questions", og kan kallast for skriftet sin fjerde del. Denne delen utgjer omlag 1/5 av skriftet, men det er ikkje snakk om noko eigentleg temaskifte i høve til genus majesticum og merksemda om korleis Kristi menneskenatur er høgja i personeininga, men det er gjort av omsyn til lengda på diskusjonen som hadde vore. Dette hang serleg saman med eigenskapen "allstadverande", som Chemnitz i kapitla frå XIX - XXVI fyrebels har halde unna i framstillinga, og om kva nytte Kristi lekam har for trua og tilbedinga hjå dei kristne, serleg for stadiet i frelsessoga etter oppstoda. I denne siste delen av oppgåva vil ein fyrst handsama spørsmålet om Kristi allstadverande meir utfyllande, av di det er her det finst ei spaning i tilhøvet mellom Luther og Chemnitz. Til slutt ser ein kort på kapitla XXIX og XXXI om Kristi menneskenatur i høve til tilbeding, tru og trøyst.

#### 3.4.1 Læra om at Kristus er alle stader hjå Chemnitz

##### **Bakgrunnen for drøftinga**

I føreordet til skriftet nemner Nicolaus Selnecker noko om dei harde diskusjonane som hadde vore, og at spørsmålet om "ubiquitet" var ein viktig bakgrunn for naudsynet av

---

<sup>221</sup> DNC, s. 389.

Chemnitz sitt arbeid.<sup>222</sup> Diskusjonen om Kristi lekam sitt allstadverande, og bruken av spottordet "ubiquitet", hadde i si tid vorte starta som ein reaksjon på deler av Luther sin argumentasjon i nattverdskriftene frå 1527 og 1528. Reaksjonen mot denne læra kom ikkje berre frå "reformert" hald, men og frå CA-teologar som mellom anna Melanchton.<sup>223</sup> I skriftet frå 1527 "Dass diese Wort Christi (Das ist mein Leib etz) noch fest stehen widder die Schwermgeister", hevda Luther at Kristi lekam var alle stader utifrå korleis han skjønna personeininga og uttrykket Høgre handa åt Gud. "Er sagte sogar, dass selbst wenn Christus die Worte "Das ist mein Leib" nicht gesagt hätte, es doch als zwingend anzunehmen wäre, dass der Leib Christi im Abendmahl vorhanden sei, weil Christus zur rechten Gottes sitze und deshalb an allen Orten anwesend sei."<sup>224</sup> Eit slikt nærver skulle likevel ikkje skjønast som eit utstrakt, lokalt nærver, som ved materielle ting, men noko som Gud kunne gjera i sin visdom og si allmakt. Ein måtte og ifylgje Luther skilja mellom Gud sitt generelle allstadverande i og hjå alt det skapte, og når han var nær for mennesket, staden der ein skal søkja og finna Gud, "...ein anders ist, wenn Gott da ist, vnd wenn er dir da ist, Denn aber ist er da, wenn er sein wort dazu thut vnd bindet sich damit an vnd spricht, hie soltu mich finden,..."<sup>225</sup>

I skriftet frå 1528 "Von Abendmahl Christi. Bekenntnis", i Zwingli-delen<sup>226</sup> av skriftet, er læra om at Kristi menneskenatur *er* allstadverande stadfesta og utmeisla endå meir. Den kristologiske innvendinga frå Zwingli om at ledda i Apostolicum "for opp til himmelen, sit ved Høgre Handa åt Gud Fader den allmechtige" tala imot eit slikt nærver, førde til at Luther gjekk vidare med denne læra, og laga mellom anna ei lengre drøfting av saka som gjev assosiasjonar til kapittel XXX hjå Chemnitz. Merksemda Luther gav desse drøftingane kan ein sjå på som ein del av opphavet for kvifor Chemnitz sjølv har lagt so stor vekt på det 3.genus.

---

<sup>222</sup> DNC, s. 23.

<sup>223</sup> Preus 1994, s. 109, 285.

<sup>224</sup> Hägglund 1980, s. 83. WA 23, 145,13-19.

<sup>225</sup> Hägglund 1980, s. 83. WA 23, 150,13-15.

<sup>226</sup> LU V, s. 61-135.

Luther oppsummera i 28-skriftet i 4 punkt kvifor han held fast på at Kristus kunne vera nær i nattverden og etter sin menneskenatur, i eit sitat som er brukt i FC VII.<sup>227</sup> Fyrste punktet er trusartikkelen om at Jesus Kristus er fullt og heilt Gud og menneske i ein person, udelt og uskiljeleg. Det andre at Høgre Handa åt Gud er eller tyder alle stader, det tredje at Guds ord ikkje kan lyga, og det fjerde at Gud kan vera nær på ein stad på minst tre måtar: den lokale, den diffinitive og den repletive.<sup>228</sup> Desse tre formene for nærver drøftar so Luther utfyllande, og ein del av dette er sitert i Sol dec VIII, 81-84. Kristi lekam sitt nærver i nattverden knytte Luther til den diffinitive måten, som er den same typen som når Jesus gjekk inn igjennom stengde dører i Joh 20, og ein måte han er tilstades på for mennesket. Her er Kristus ikkje-handfast tilstades på ein romleg stad. Det repletive nærver handlar om korleis Skaparen overnaturleg fyller alt, er nær i alt og heldt oppe alt, og stend samstundes sjølv utanfor alt det skapte. Luther meinte at Kristi lekam eller menneskenatur hadde del i alle desse tre måtane for nærver som ei fylgje av personeininga. "Altså har Kristi ene legeme et tredobbelt vesen eller kan være til stede på alle de tre måtene.." <sup>229</sup>

### **Kapittel XXX Kristus er nær i kyrkja etter begge naturane**

Kapittel XXX har som si fullydande overskrift "De præsentia totius personæ Christi, secundum utramque naturam in Ecclesia", og kapitlet er det nest lengste i skriftet. I hovudsak er Kristi nærver noko Chemnitz plasserar som ein del av Kristi frelsesverk, der Kristus held fram som mellommann, frelsar og hovud, og er nær dei sine som framleis kjempar i kyrkja på jorda. Ei liknande merksemd på Kristi nærver i kyrkja ved drøftinga av spørsmålet finn ein i Sol dec VIII, 77-78, "nemlig at han også etter sin antatte menneskelige natur både kan og er nærværende hvor han vil ("ubicunque velit"),<sup>230</sup> i særdeleshet at han er nærværende hos sin kirke og menighet på jorden." Spørsmålet om nærver er elles teke opp i Epit VIII, 7, 16, 27-32, og i CT, tese 9 og 10. Ved introduksjonen av emnet nemner han nok ein gong at trøysta og vissa for eit

<sup>227</sup> Epit VII, 10-14, Sol dec VII, 93-103.

<sup>228</sup> WA 26, s. 326,29 - s. 327,20. LU V, s. 104.

<sup>229</sup> LU V, s. 110. WA 26, s. 335,29-30.

<sup>230</sup> BSLK, s. 1043.

kristenmenneske stend på spel i saka. Han held fram med å hevda at han ikkje har laga eit nytt dogme, men at det han lærer er noko som fylgjer utifrå ei fast og enkel utlegging av Guds ord. Der Skrifta har klare ord og lovnader om at den heile Kristus vil vera nær, der er han nær, sjølv om det ikkje let seg gjera å skjønna korleis dette hender.

Kapitlet er i sin heilskap ei lang drøfting av om, og på kva måte Kristus kan vera nær på, både i høve til eit frelsande nærver i kyrkja og i alt det skapte utanfor. I praksis tydde dette ei merksemd kring ulike måtar for nærver (*de modis praesentiae*)<sup>231</sup> som Kristi menneskenatur kan ha, avdi alle var samde i at Kristus var nær etter sin guddommelege natur. Merksemda vert grunngjeve slik: "Because there exists not only a divine but also a human nature in the person of Christ, there have been great disputes in our own time concerning the latter nature; for example, as to where and how the entire person of Christ according to both natures, or according to His assumed and human nature, is present, or is willing and able to be present."<sup>232</sup>

Til saman deler Chemnitz denne drøftinga opp i 5 delar, utifrå dei ulike typane av skriftutsegn han fant. Dette var ein annleis måte enn hjå Luther skriv Hägglund: "Gegenüber dieser argumentation Luthers [som i 1527- og 1528-skrifta] gab Chemnitz im 30.Kapitel von "De duabus naturis in Christo" eine völlig selbständige Darstellung der praesentia Christi. Er behandelte sie in differenzierter Weise genau nach den betreffenden Bibeltexten."<sup>233</sup> *Den fyrste* måten hjå Chemnitz tek føre seg forma som Kristi lekam eller menneskenatur hadde under det synlege livet på jorda, det vil seia mellom konsepsjonen i Maria sitt liv og sin død på krossen. "The Gospel history testifies first of all, therefore, that Christ in the time of His visible and external life on earth according to the flesh, in His body, visibly and perceptibly, physically and locally, in a circumscribed and local manner, according to the condition of this life, was in a definite place...and with normal movements in space He moved from one place to another according to the natural

---

<sup>231</sup> DNC, s. 423, 427

<sup>232</sup> DNC, s. 425.

<sup>233</sup> Hägglund 1980, s. 84.

attributes of the human body.”<sup>234</sup> Denne måten å vera til stades eller nær på, utstrakt og lokal, vart lagt til sides ved himmelferda skriv han.

Den *andre* måten er forma som Kristi lekam har etter at han for opp til himmelen. Dette er ei form som kallast ”general glorification”,<sup>235</sup> og som Chemnitz skiljer frå den æra som Kristi menneskenatur har i personeininga med Logos. Forma er ei som Kristus, som er fyrstegrøda av dei som har stått opp att, relativt sett deler med dei frelste i himmelen og er lik den forma dei frelste skal ha ved oppstoda av lekamen. Ein slik lekam kallast i Skrifta ein andeleg lekam, mellom anna ut i frå stader som Matt 22,30; 1 Kor 15,42 - 44 og Fil 3,21. I denne forma skal Kristus koma attende til jorda på den siste dagen. Det Chemnitz vil slå fast når han nemner denne forma er å stadfesta at lutheranarane lærer at Kristus etter himmelferda og opphøgginga framleis er eit sant menneske, komplett og utan samanblanding, og at det ikkje er etter denne forma for lekamleg nærver dei meiner den heile Kristus til vanleg er nær i nattverden og i kyrkja. Chemnitz legg likevel til at Kristus ikkje kan setjast grenser for eller lenkjer på i denne forma og at han *kan* syna seg på jorda idag og etter denne forma. “yet in His body, even after His ascension and before the judgment, He can be present or can manifest His bodily presence on earth whenever, wherever, and however He wishes (quandocunque, ubicunque, & quomodocunque vult,) even in visible form.”<sup>236</sup> Dette siste meiner Chemnitz var tilfellet når Paulus møtte Herren på Damaskusvegen i Apg 9, og slik han synte seg i fengslet for den same i Apg 23,11.

### **Korleis Chemnitz skjønar tilhøvet mellom kristologi og nattverd**

Den *tredje* måten som Chemnitz drøftar er spørsmålet om korleis Kristi menneskenatur er tilstades i nattverden.<sup>237</sup> Chemnitz skriv hypotetisk at om det ikkje hadde fantes klare ord og lovnader om at Kristus og etter sin menneskenatur, etter himmelferda, vil vera nær i den kjempande kyrkja på jorda, ville han ikkje ha slutta noko om det berre på grunnlag av den hypostatisk unionen. Chemnitz meiner generelt at slutningsfylgja må gå *frå* Skrifta

---

<sup>234</sup> DNC, s. 426.

<sup>235</sup> DNC, s. 430.

<sup>236</sup> DNC, s. 431. Lat, s. 177.

<sup>237</sup> DNC, s. 432 – 448.

og *til* personeininga, eit standpunkt han var kome fram til i skriftet "Repetitio" frå 1561.<sup>238</sup> Chemnitz kjem her inn på tilhøvet mellom nattverd og kristologi, og nyttar høvet til å gjeva eit meir heilskapeleg oversyn i konflikta. Chemnitz vil her prova at Kristi lekam sitt nærver i nattverden er mogleg utan samanblanding eller utlikning av naturane, og krevjer samstundes av opponentane at dei må prova, av naudsyn, kvifor ei bokstaveleg og enkel tolking av innsetjingsorda ikkje kan einast med trusartikkelen om Kristus og forbodet mot samanblanding frå dei 4. - 6. kyrkjemøta.

Opponentane sin argumentasjon og standpunkt var at når Kristi framleis var eit sant menneske, med naturlege eigenskapar, og at ein slik menneskenatur etter sine naturlege eigenskapar ikkje kan vera nær på fleire stader samstundes, og godkjende kyrkjemøter ikkje tillet ei fjerning av Kristus som sant menneske, må ein slutta frå dette at trua talar imot at innsetjingsorda skal tolkast i si enkle og bokstavelege meining. Feilen hjå desse, skriv Chemnitz, er at dei tenkjer for rasjonelt og set for klare grenser for kva Sonen kan gjera, for i si allmakt kan han vera nær etter menneskenaturen på fleire stader samstundes, på ein annan måte enn etter dei naturlege eigenskapane, utan at dei naturlege eigenskapane vert borte. Feiringa av nattverden er ei guddommeleg handling og difor ikkje underlagt naturlovene. "For He can be present wherever He wills with His essence unimpaired and with His essential properties intact, in a supernatural, divine, or heavenly way that is incomprehensible to us."<sup>239</sup> For å syna kvifor ikkje kristologiske argument kan brukast mot ei enkel og bokstaveleg tolking av innsetjingsorda nemner Chemnitz vidare samvitsfullt og noggrant 4 grunnar. Overordna for desse 4 grunnane er at dei alle har med Sonen si allmakt og vilje å gjera, og måten han skjønar personeininga på.

Ved den fyrste grunnen peikar Chemnitz attende til det 3.genus om at menneskenaturen i personeininga har noko meir enn berre sine naturlege eigenskapar, og kan ta del i gjerningar som er over og imot desse. Kva desse eigenskapane og gjerningane er vil han likevel ikkje slutta noko om utan klare vitnemål frå Skrifta. Men i innsetjingsorda til nattverden har ein slike klare skriftord, og difor er den heile Kristus, etter begge naturane,

---

<sup>238</sup> Mahlmann 1969, s. 217-218.

<sup>239</sup> DNC, s. 436.

nær sjølv om det gjeng imot dei naturlege eigenskapane til menneskenaturen. Nokre fedresitat om korleis Jesus gjekk inn gjennom stengde dørar leggjast til her.

Den andre grunnen har med korleis ein nærare skjønar personeininga. Menneskenaturen har ikkje sin eigen hypostase, men eksisterar i og under Logos, og er ein u`fistavmenon. Etter inkarnasjonen er menneskenaturen so intimt sameina med heile guddomsfullnaden i Sonen at han alltid har menneskenaturen nær seg sjølv og i seg sjølv, naturane er "ἀδιαστάτως" og "ἀδιαίρετως",<sup>240</sup> udelt og uskiljeleg sameina. Då kan korkje rom eller stad setja eit skilje mellom naturane i Kristus, sjølv om dette tyder eit tilhøve mellom det endelege og det uendelege som ein ikkje kan finna døme på i naturverda. Frå personeininga sluttar difor Chemnitz at når det finst eit ytre ord og ein lovnad om at Kristi lekam er nær, då er han nær kvar og når som helst han vil det. Uttrykket "Han vil/He wills/vult" gjeng att ofte på desse sidene,<sup>241</sup> og vert sett i samanheng med Sonen si allmakt og vilje. "For this presence of Christ's assumed human nature...is not a natural or an essential presence, but a voluntary and wholly free presence which depends only on the will and power of the Son of God, that is, on His promises and assertions to us whereby with definite word He assures us of His will to be present with His human nature."<sup>242</sup> Chemnitz sin hyppige bruk av "Han vil" er bakgrunnen for at omgrepet "multivolipresens" brukast om læra hans om Kristi allstadverande, som er serleg knytt til det spesielle nærveret etter begge naturane i kyrkja.<sup>243</sup>

For det tredje kan innsetjingsorda stå ved lag utifrå tolkinga av uttrykket "Høgre Handa åt Gud", då dette ikkje tyder ein lokal stad, men heller Gud sin uendelege majestet, makt og autoritet. Når menneskenaturen er opplyft so høgt og har del i Gud si makt og majestet kan Sonen vera nær etter menneskenaturen kvar som helst han vil. Det kan verka som at Chemnitz finn utgangspunktet meir ut ifrå eigenskapen "allmakt" enn "allstadverande" i måten han skjønar uttrykket på, og at ein mogleg grunn til dette kan vera at han skjønar allmakta som eit meir overordna uttrykk enn allstadverande, til dømes som i Apostolicum

---

<sup>240</sup> DNC, s. 443-444, stikkorda er frå Chalkedonavgjerda og frå Damascenus.

<sup>241</sup> Til dømes 5 gonger mellom s. 442-447.

<sup>242</sup> DNC, s. 446.

<sup>243</sup> Schlink 1961, s. 189. Schlink peikar til Sol dec VIII, 29, 78, 92 for korleis dette har kome til uttrykk i KF.

"åt Gud Fader den allmechtige", og at kristologien hjå han har eit meir generelt preg, og ikkje berre er orientert ut ifrå nattverdsstriden. Den fjerde og siste grunnen liknar den andre.

### **Om Kristi nærver elles i kyrkja**

Den *fjerde* måten for nærver som Chemnitz finn i Skrifta er utsegn som skildrar korleis Kristus alltid er nær dei sine i den kjempande kyrkja på jorda.<sup>244</sup> Det er ikkje slik, skriv han, at Kristus trekk menneskenaturen attende etter samlinga i kyrkja og berre let guddomsnaturen vera att hjå dei kristne i deira kvardag, freistingar og trengsler. Eit slikt nærver er lova til dømes i Matt 28,20. Personen som stod framfor læresveinane og gav lovnaden var den gongen tilstades i begge naturane, og lovnaden gjeld framleis på denne måten. Chemnitz tolkar og utsegn som Matt 18,20, om at der to eller tre er samla i namnet hans der er han midt imellom dei, og Ef 3,17 om at Kristus må bu i hjarta, etter same prinsippet som han om att og om att har kome attende til, nemleg at naturane i Kristus er so intimt sameina at eitkvart utsegn om Kristus i Skrifta alltid skal skjønast som om begge naturane er inkludert i samanhengen. Kristus har alltid menneskenaturen nær seg og i seg, ἐν τῷ λόγῳ.<sup>245</sup> Når motstandarane hevdar at berre guddomsnaturen er meint i lovnadene, meiner Chemnitz at dei kløyver personen og gjer sameininga mellom naturane om inkje. Kristus vert då hjå dei berre samstundes Gud og mann på ein stad, nemleg i himmelen, men elles i kyrkja på jorda og nær dei kristne er Kristus på utsida og utanfor menneskenaturen, på grunn av den store fråstanden i høve til tid, rom og stad.

#### 3.4.2 Er Kristi menneskenatur nær i og hjå alt det skapte ?

Til slutt i kapitlet brukar Chemnitz nokre sider på ein *femte* måte for nærver, som tek føre seg spørsmålet om Kristus etter begge naturane og er nær hjå all skapningen utanfor

---

<sup>244</sup> DNC, s. 448-462.

<sup>245</sup> DNC, s. 452.



kyrkja (de aliis creaturis, quæ extra Ecclesiam sunt).<sup>246</sup> Serleg ved dette punktet i drøftinga hjå Chemnitz har det vore nokre som har spurd om Chemnitz her ikkje berre vil distansera seg frå Krypto-calvinistane, men at han og vil markera ei grense i høve til Luther, Brenz og Andreae sine framstillingar av eit generelt allstadverande. "Nur in einem einzigen Punkt wurde damals - wie noch heutzutage in der Forschung - in Frage gestellt, ob die Deutung von Chemnitz den Intentionen Luthers entsprach oder nicht. Gemeint ist sein Verständnis der Allgegenwart Christi,"<sup>247</sup> Det var dette punktet som gjorde at ein del lutherske teologar valde side for anten Chemnitz eller Andreae, og som difor ikkje ville skriva under FC. Til dømes gjaldt dette områda Braunschweig, Prøysen, Schleswig og Anhalt.<sup>248</sup>

I kapittel XXX er utgangspunktet for Chemnitz at han stadfestar at heile Kristi person er generelt allstadverande. Skrifta er klar, skriv han, på at alle ting er underlagt Kristus som Herre; dyra på marka, fuglane i lufta og fiskane i havet, og elles alt i himmelen og på jorda og under jorda. Då kan og vil han ikkje fjerna eller halda menneskenaturen utanfor herredømet han har over alle ting og frå opphaldet av heile verda, (generalidominatione...administratione seculi).<sup>249</sup> Chemnitz stadfestar eit slikt allstadverande på same måten som ved tidlegare guddommelege eigenskapar og gjerningar. Det vil seia at Kristus som menneske ikkje tek del i herredømmet i kraft av sine naturlege eigenskapar, men i kraft av at menneskenaturen eksisterar ἐν τῷ λόγῳ og er lyft opp til å få namnet over alle namn.

I høve til spørsmåla om Kristi lekam og er i stokkar og stein, i frukt, i fuglane, i dyra på marka og fiskane i havet, eller om han ynskjer å verta søkt og funnen der, kjem Chemnitz sitt prinsipp om korleis Skrifta skal styra fylgjene av personeininga i bruk. Han skriv at sidan me ikkje finn klare og sikre lovnader om at Kristus vil verta søkt og funnen på desse stadene, og diskusjonen ikkje tener til trøyst og oppbyggjing, er det best å leggja desse spørsmåla til sides og heller venta til møtet med Kristus i æva, før ein finn svaret på

---

<sup>246</sup> DNC, s. 462-465.

<sup>247</sup> Hägglund 1980, s. 80.

<sup>248</sup> Preus 1994, s. 170, 283-284. Den viktigaste grunnen for at Prøysen ikkje skreiv under var at dei rett og slett ikkje likte Andreae.

<sup>249</sup> Lat, s. 192, DNC, s. 462.

alt dette.<sup>250</sup> Dette skriv han utan å seia at ikkje Kristi lekam kan vera nær, for det som er absolutt sant er at Kristus med sin lekam kan vera nær kvar som helst, når som helst og kor som helst han ynskjer, "Christum suo corpore esse posse ubicunque, quandocunque, & quomodocunque vult."

Som grunngeving for prinsippet om klare skriftord og atterhaldet om ein diskusjon kring nærveret i desse tinga, som han kallar "generalis ubiuitate"<sup>251</sup>, syner Chemnitz til nokre råd frå Luther i "Von Abendmahl Christi" og til eit Luther-sitat frå Jena-utgåva Vol 8.<sup>252</sup> Chemnitz er medviten om at Luther ofte hadde drøfta det generelle allstadverande, men tolkar han slik at han til slutt heller ikkje ynskjde å drøfta dette lenger. Chemnitz skriv at dette gjorde Luther av omsynet til dei einfaldige og på grunn av at motstandarane nytta drøftinga som eit høve for å koma bort frå hovudsaka, nemleg tolkinga av innsetjingsorda, inn i endelause sofistiske labyrintar. Chemnitz syner og til at fedrane ikkje tala om stokkar, steinar, fuglar og fiskar, men at dei haldt seg til nattverden og dei kristne, når dei diskuterte Kristi allstadverande.

Hägglund ser nærare på korleis Chemnitz tolkar Luther under den femte måten for nærver i kapitlet, og skriv at sjølv om Chemnitz med rette finn støtte for atterhaldet i sitatet frå "Von Abendmahl Christi", so var det ikkje meint prinsipielt frå Luther si side, men noko han skreiv i ein augneblink av resignasjon over motstandarane. "Was von Luther angesichts einer bestimmten Situation aus Resignation vor dem Unverstand der Gegner geäußert wurde, wird bei Chemnitz zu einer prinzipiellen Stellungnahme: Die Gegenwart Christi in der Kirche soll nicht von einer allgemeinen omnipraesentia, sondern nur von klaren Schriftworten her definiert werden."<sup>253</sup> Det andre sitatet Chemnitz brukte frå Jena-utgåva hadde han mistydd som Luther-sitat, men det var eigentleg eit sitat frå Melanchton. Hägglund finn vidare at atterhaldet Chemnitz syner i kapittel XXX, er eit standpunkt han og la fram ved andre høve, og som han hadde kome fram til ved tida då dei skreiv under Konkordieformelen. I eit lite skrift frå 1577 "De incarnatione...", som

---

<sup>250</sup> Dette standpunktet eller atterhaldet er innhaldet i tese 10 i CT, BSLK, s. 1133.

<sup>251</sup> DNC, s. 464

<sup>252</sup> DNC, s. 464, rådet er og nytta s. 446.

<sup>253</sup> Hägglund 1980, s. 86-87.

var eit svar på nokre teser hjå krypto-calvinistane, skreiv han at han ikkje ville nekta at Kristi lekam er alle stader, men at "man nicht aus einem Vorhandensein Christi in jedem Brot und in allen Bechern schliessen könne, dass er notwendig auch im Brot und Wein des Abendmahls gegenwärtig sei."<sup>254</sup> Chemnitz vil berre gjera slutningar om emnet utifrå klare skriftord, noko som tyder at innsetjingsorda er fundamentet som trua byggjer på i høve til Kristi lekam sitt nærver under nattverden.

Når Jacob Preus drøftar Chemnitz sitt standpunkt i samband med det generelle allstadverande er han oppteken av å syna proposjonane i skilnaden mellom Luther - Brenz/Andreae - Chemnitz, utan å nekta at han finst. Tendensen er at Andreae friare peikar på det generelle allstadverande ("general omnipresence"), medan Chemnitz strengare held seg til det spesielle ("specific omnipresence"),<sup>255</sup> det vil seia at Skrifta styrer kor mykje ein skal seia. I Konkordieformelen meiner han at begge tendensane er tekne med. I Epit VIII, 30, kjem Andreae si meining fram slik, som eit av punkta han seier nei til: "11. At det på grunn av den menneskelige naturs egenskaper er umulig for Kristus å være mer enn ett sted om gangen med sitt legeme, og ennå mindre overalt("nedom ubique")."<sup>256</sup> Medan Chemnitz i Sol dec VIII, 92 fær fram si meining slik: "Men at Kristus gjennom sin guddommelige allmakt, kan være tilstede med sitt legeme hvor han vil,("ubicunque voluerit"),<sup>257</sup> særlig der hvor han i sitt Ord har lovet et slikt nærver, som i Den hellige nattverd."

Det er denne skilnaden som Schlink kallar eit kompromiss der korkje Chemnitz eller Andreae fekk det heilt som dei ville.<sup>258</sup> Preus skriv om dei ulike tendensane i FC VIII at Chemnitz og Brenz/Andreae, som kjende kvarandre, ikkje vurderte dette som noko kyrkjekløyvande, sjølv om det var mange rundt situasjonen som såg han som stor nok til anten ikkje å skriva under, eller å taka parti med anten Andreae eller Chemnitz. Preus balanserar skilnaden, "a slightly varying position"<sup>259</sup> opp imot hovudsaka som gjaldt om

---

<sup>254</sup> Häggglund 1980, s. 87.

<sup>255</sup> Presu 1994, s. 288.

<sup>256</sup> BSLK, s. 810.

<sup>257</sup> BSLK, s. 1048.

<sup>258</sup> Schlink 1961, s. 189, note 25.

<sup>259</sup> Preus 1994, s. 288. Sjå og Preus si lange fotnote om saka frå s. 371-374.

ein var samd i at Kristi lekam verkeleg var nær i nattverden slik som innsetjingsorda lydde, og til prinsippet om at mennesket skulle søka Gud der han var nær for mennesket. Dette meiner Preus at dei begge var samde i. Dessutan syner han til at i både Epitome og Solida Declaratio kjem punktet om Kristi allstadverande inn som eit underpunkt av fylgjene av personeininga og samfunnet med majesteteten.<sup>260</sup> Preus legg og til at Chemnitz sitt vesle atterhald ikkje gjorde han meir populær i calvin-venlege krinsar, men at han framleis vart sett på som ein som lærte den forhatte ubiquitetslæra. Grunnen for Chemnitz sitt standpunkt meiner Preus ligg i at han rett og slett meinte dette var endå nærare Skrifta og at det var ein måte å styre unna spekulasjonar og latterleggjering på, for om mogleg å samla fleire av områda under Konkordieformelen, utan å gå imot Luther.

### 3.4.3 Kristi menneskenatur i høve til tilbeding, tru og trøyst

I kapittel XXIX tek Chemnitz opp spørsmålet om korleis ein skal tilbedja, påkalla, æra og tru på Kristus. Som ei fylgje av tendensen til å skilja personen åt hjå motstandarane, såg Chemnitz ei fare for at sjølve trua på Kristus kunne verta endra i høve til kva som er objektet for ho, og med det ville heile frelsa setjast på spel. Han skriv mellom anna: "We are therefore discussing nothing less than the remission of sins, salvation, and the other benefits of the Savior."<sup>261</sup> I samtida var det nokre som hevda at menneskenaturen ikkje eigentleg var ein del av objektet for tilbedinga, men berre Logos etter sin guddomsnatur, for om ein tilbad menneskenaturen i Kristus gav ein det skapte ei ære som ikkje høvde. Mot dette hevda Chemnitz at trua ikkje berre ser til guddomsnaturen i Kristus, men og til menneskenaturen som han fullførde frelsa i. Det er rett at tilbeding ikkje må gjevast til det skapte, men unnataket er Kristi person som både er Gud og mann.<sup>262</sup> Liknande at Kristus etter begge naturar høyrer bøner, ser liding, hjelper og stydjer dei kristne. Til dømes syner Chemnitz til Fil 2,10 om korleis alle ein dag skal bøya kne for Jesu namn, til korleis Athanasius svara på Apollinaris si innvending om menneskedyrking og liknande døme frå Gamlekyrkja.

---

<sup>260</sup> Preus 1994, s. 287. Liknande gjeld for Luther, Hägglund 1980, s. 80.

<sup>261</sup> DNC, s. 411.

<sup>262</sup> DNC, s. 415.

I kapittel XXXI under overskrifta "Korleis fedrane fann trøyst i Kristi menneskenatur", syner han korleis fedrane, og serleg Kyrill, fann nytte og trøyst i at Kristus og etter sin menneskenatur er nær dei sine som kjempar under krossen på jorda. Dette punktet har og sitt opphav frå striden på 1520-talet der Zwingli med fleire hevda at menneskenaturen var utan nytte for trua, ut i frå ei tolking av Joh 6,63, og serleg etter oppstoda og himmelferda.<sup>263</sup> Påstanden om dette attgjev Chemnitz i kapitlet slik: "They argue that now after the ascension the divine nature of the Son by itself, without using the human nature for this purpose, administers and accomplishes in the church all these things which pertain to the office of Messiah."<sup>264</sup> Med støtte frå fedrane skjønar Chemnitz saka på ein motsatt måte, ut ifrå frelseslæra og menneskesynet, og føremålet for inkarnasjonen. Det er naudsynt ut i frå korleis mennesket er blitt framandgjort for Gud at Kristus handlar med det og kjem til det og som menneske. "since our nature through sin has been separated and alienated from the grace, life, and salvation which are in the divine nature, so that it can no longer endure the bare Deity that deals with it in divine judgment any more than straw can endure a consuming fire. Therefore, the Son of God as our Mediator took upon Himself by the personal union a nature which is akin to ours and of the same substance with us except for sin;...And since the weakness of our faith, which is weighed down with the burden of the flesh, cannot in this life rise to the arcane places of heaven or shed light upon them, Christ Himself comes to us, is wholly present with His church, and joins Himself as Head with His members, who are struggling here on earth. And He does this in, with and through this nature by which He is our Brother, akin to us, and of the same substance with us. In this way He leads us to communion and fellowship with the divine nature."<sup>265</sup>

---

<sup>263</sup> LU V, s. 98, 121-135.

<sup>264</sup> DNC, s. 473.

<sup>265</sup> DNC, s. 472.



## 4.0 Avslutning

Oppgåva har synt at utgangspunktet for omgrepa "communicatio idiomatum" og "genus majesticum" i "De duabus Naturis in Christo", finn Chemnitz i grunnregelen frå Athanasianum om to sanne naturar i ein person, og at ein korkje skal blanda saman naturane eller skilja personen. Chemnitz legg noggrant og samvitsfullt dette til grunn, og brukar regelen gjennom heile skriftet, og ein kan seia at han heile vegen finn leia mellom Nestorius og Eutyches. I tillegg er det viktig å kjenna til at Chemnitz skjønar den hypostatisk unionen i ei serleg meining. Den menneskelege naturen eksisterar ikkje i og for seg sjølv, men den "eksisterar i nokon annan" (ἐνυπόστατον), og det unike ved personeininga i Kristus skjønast ved hjelp av stikkordet "περιχώρησις", som tyder at naturane er sameina ved gjennomtrengjing og kvarandreverknad. Dette skal understreka kor intim sameininga er, og at Kristus verkeleg er både Gud og Mann, og slik er det og må det vera av omsyn til frelseslæra.

Sagt på ein enkel måte so skal communicatio idiomatum (samfunnet mellom eigenskapane) og genus majesticum hjå Chemnitz berre stadfesta og sikra eit slikt skjøn av personeininga, og omgrepa brukast i måten ein tolkar Skrifta på. Communicatio idiomatum skal syna at naturane er sameina ikkje berre i namnet, men og som røyndom, slik at Kristi person og verk er eitt. Aldri skal ein skjønna eit utsegn om Kristus i Skrifta slik at nokon av naturane er utanfor personen eller handlinga i samanhengen. Chemnitz deler læra om dette inn i tre genera, noko som var eit serdrag for han, men som var gjort etter føredøme frå Gamlekyrkja. I dette systemet heng uttrykka natur-person, og konkret-abstrakt, saman på ein slik måte at abstrakte ord peikar på naturane med deira eigenskapar, guddomeleg eller menneskeleg, medan konkrete ord peikar på personen, til dømes Sonen, Menneskesonen og Kristus. Det 1. genus kan best oppsummerast ved hjelp av 1 Kor 2,8 om at Herlegdomens Herre vart krossfesta, ein menneskeleg eigenskap tilskrivast eit konkret uttrykk for guddomen på grunn av personeininga. Dei konkrete orda kan brukast om kvarandre som subjekt for handlinga. Det 2.genus handlar om at

begge naturane tek del i soningsverket, etter sine naturlege eigenskapar, men i samfunn med kvarandre.

Det 3.genus, om kommunikasjonen av majesteteten, var det mest diskuterte, og har fått mest merksemd i skriftet. Lærepunktet har fått ei sereiga form hjå Chemnitz, i måten har han samla og sett saman det han har funne om dette i Skriften, fedrane og Luther. I oppsummert form handlar det 3.genus om at Kristi menneskenatur, som ei fylgje av personeininga, har eller tek del i guddomelege gjerningar som gjeng over og imot dei naturlege eigenskapane i menneskenaturen, samstundes som menneskenaturen framleis er ein sann menneskenatur. Her tilskrivast altså eit abstrakt ord, ein guddomeleg eigenskap, til dømes å sitja ved Høgre Handa åt Gud, til noko anna abstrakt, nemleg menneskenaturen. Noko som gjorde at motstandarane meinte at Chemnitz med kollegaer blanda saman naturane, og som slik serleg kom i strid med deira føresetnad om eit strengare skilje mellom materie og ande, eller prinsippet "Finitum non est capax infiniti".

At menneskenaturen i Kristus har del i dei guddomelege eigenskapane finn Chemnitz i alle dei tre kjeldene Skriften, fedrane og Luther. Det 3.genus heng saman med korleis ein skulle tolka skriftstader som Kol 2,9; Matt 28,18; Heb 1,3; Joh 17,5, Fil 2,6-9, Joh 6, 51 og 1 Joh 1,7. Ved hjelp av fedrane og Luther, og si eiga utleggjing, tolkar han desse avsnitta slik at dei skildrar *guddomelege eigenskapar*, at dei er kommunisert *til* menneskenaturen, og ikkje til guddomsnaturen. Majesticum peikar på summen av desse eigenskapane, eit slags samleord for Gud si allmakt og gjerning. Grunnen til at dette ikkje fører til at ein blandar saman naturane er måten han skjønar personeininga på, nemleg ved "περιχώρησις", som i glødande jern, og at det er eit mysterium som er mogleg for Gud utan at mennesket kan skjøna det.

Grunnen til at det 3.genus er viktig for Chemnitz er at han såg dette som ei fylgje av læra om røyndomen i personeininga, og difor i samband med frelseslæra. Chemnitz tolkar situasjonen slik at det 1. og 2.genus ikkje er nok for å koma bak opponentane sitt standpunkt om at personeininga berre gjer at naturane har eit felles namn, men ikkje er sameina utover dette. *Utan genus majesticum meiner difor Chemnitz at kristologien i*



*den lutherske kyrkja stend open for ei nestoriansk kløyving av Kristi person og verk, og ei redusering av mysteriet i inkarnasjonen.* Chemnitz si endelege grunngeving for det 3.genus er at det er ein del av Skrifta sitt vitnemål om Kristus, og at det er ein del av den frelsande kunnskapen om han, jamfør Jes 53,11 og Joh 17,3.

## **Luther og Chemnitz**

Når det gjeld tilhøvet mellom Chemnitz og Luther, er det viktig å kjenna til at Chemnitz er annleis i stilen og arbeidsmåten. Den noggranne, utfyllande og varsame stilen hans gjev eit anna inntrykk enn når ein les Luther, og han set ting saman på ein annan måte enn han. Chemnitz sin kristologi er forma vel so mykje etter Skrifta og fedrane, som etter Luther. Til dømes so er Athanasius, Kyrill og Damascenus viktig for korleis Chemnitz har sett ting saman og formulert seg. Men sakene han gjev mest merksemd har han teke over frå Luther, og har sitt opphav i nattverdsstriden på 1520-talet. Dette gjeld for korleis Chemnitz legg vekt på punkta som det nærare skjønnet av personeininga, forsvaret mot skuldinga om samanblanding av naturane, motstanden mot "alloiosis", og sambandet som dei tre genera har til frelseslæra.

Når det gjeld det 3.genus hjå Chemnitz har oppgåva synt at dei begge brukte Athanasius-regelen som tolkingsnøkkel for korleis ein skjønar dei skriftstadene som skildrar at Kristus vart gjeve noko i tida, nedra eller høgja. Uttrykket "Høgre handa åt Gud" og Matt 28,18 er døme på korleis dei tenkjer på same måten, begge meiner at det skildrar guddomelege eigenskapar, at ikkje berre det konkrete ordet for menneskenaturen tok imot desse, og at "Høgre handa åt Gud" ikkje er ein lokal stad, men eit uttrykk som peikar mot majesteteten og det høgaste. Begge var og samde i at det grunnleggjande i inkarnasjonen, ei sameining av det endelege med det uendelege var mogleg for Gud, sjølv om det gjekk imot naturlovane, og at det låg ei avgjerande trøyst i at Sonen som handlar med mennesket, sjølv er eit menneske og mellommann.

I høve til eigenskapen "allstadverande" syner Chemnitz eit større atterhald enn Luther når det gjeld det generelle allstadverande, det Kristus har del i som skapar og Herre i

universet. Chemnitz går ikkje imot dette og seier seg usamd med Luther, men han tonar det ned. I kapittel XXX syner dette seg på den måten at han har lagt mest merksemd på korleis Kristus er nær dei kristne etter begge naturane som Frelsar og Mellomamn, det ein kan kalla det spesielle nærveret, eller multivolipresensen. Ein skal likevel ikkje draga atterhaldet for langt, for i det spesielle nærveret hjå Chemnitz, og i bruken av uttrykket "Han vil/He wills/vult"- vera nær, ligg det ikkje eit modererande uttrykk i og for seg, men det skal peika på allmakta, og at Kristus som menneske tek del i allmakta. Ein kan og vita om at det var meininga til Chemnitz å gjeva kristologien eit meir generelt preg, og at skriftet skulle syna kva grunnleggjande prinsipp som låg under det at Kristi menneskenatur var allstadverande.

Likevel vil ein seia at inntrykket ein har frå arbeidet med Chemnitz, og det ein kjenner til frå Luther, at Luther lukkast betre i å peika mot paradokset når han samstundes haldt saman både skaping og atterløysing, og at Luther i dette er vel so bibelsk som det vesle atterhaldet til Chemnitz. Som oppsummering sluttar eg meg difor til det Hägglund har skrive om dette. "Chemnitz hat bewusst und in einer bestimmten Richtung die Christologie Luthers fortgebildet. Die Zentrale Lehre von der unio personalis hat er in aller Genauigkeit durchdacht und definiert. Er hat auch stark zum Ausdruck gebracht, wie diese Lehre ihren Höhepunkt in den lutherischen Gedanken über dei majestas hominis Christi erreichte. Nur an einem Punkt hat er dabei die Perspektive eingeengt, nämlich in der Anwendung der Lehre von der Allgegenwart des Leibes Christi. Er hatte dafür nicht nur pragmatische, sondern auch theologisch-inhaltliche Gründe: Nur von dem offenbarten Willen Gottes her können über das Wesen Gottes die richtigen Aussagen gemacht werden. Der Wille Gottes aber kann nur durch das offenbarte Wort Gottes richtig erkannt werden. Mit diesem Standpunkt war Chemnitz sicher nicht weit von dem Luthers entfernt, wenn er auch nicht in allem Luthers Weite der Argumentation erreichte."<sup>266</sup>

---

<sup>266</sup> Hägglund, s. 88. Oppsummeringa er likt som hjå Pieper 1951, s. 205. "Luther and Brenz are said to have shown the greater daring and consistency; Chemnitz is said to be more Scriptural. For this opinion there is no historical basis. Though "the second Martin" is indeed the greatest dogmatician of the second half of the 16th century, he does not attain to the stature of "the first Martin", also in his skillful application of Scripture."

## 5.0 Kjelder:

- Chemnitz, Martin. *The Two Natures in Christ*. Omsetjing J.A.O. Preus. Concordia Publishing House, St. Louis, Missouri, 1971.
- Chemnitz, Martin. *De duabus naturis in Christo*, 1653 via Universitetet i Bergen.
- Chemnitz, Martin. *Loci Theologici*, Vol 1, omsett av Jacob A. O. Preus, Concordia Publishing House, St. Louis, Missouri, 1959
- *Die Bekenntnisschriften der evangelisch-lutherischen Kirche*, Vandenhoeck & Ruprecht, 1963.
- Dingel, Irene. "*The Preface of The Book of Concord as a Reflection of Sixteenth-Century Confessional Development*", *Lutheran Quarterly* Volume XV, Nr. 4, 2001, s. 373-395.
- Elert, Werner. *Morphologie des Luthertums*, Erster Band. Verlag C. H. Beck, München 1965.
- Hjelde, Lønning, Rasmussen. *Martin Luther Verker i utvalg*, bind V. Gyldendal Norsk forlag, Oslo, 1982.
- Holmquist/Nørregaard. *Kirkehistorie*, II Den nyere tid. J.H.Schultz Forlag, København, 1965
- Hägglund, Bengt. "Majestas hominis Christi" *Wie hat Martin Chemnitz die Christologie Luthers gedeutet?* *Lutherjahrbuch*, 47. Jahrgang. 1980, s. 71-88.
- Hägglund, Bengt. *Teologins Historia En dogmhistorisk översikt*. Gleerups Förlag, 1981.

- Jensen, Oddvar Johan. KRISTI PERSON Til betydningen av læren om Kristi person i Martin Luthers teologi 1520 – 1546., Bergen 1987
- Luther, Martin. WA 23, 26, 50, 54
- Luther, Martin. Luther's Works, Volume 15. Concordia Publishing House, St. Louis, Missouri, 1972.
- Luther, Martin. Luther's Works, Volume 41, Fortress Press 1961.
- Mahlmann, Theodor. Das neue Dogma der lutherischen Christologie Problem und Geschichte seiner Begründung. Gütersloher Verlagshaus, 1969.
- Mæland (Red.). Konkordieboken Den evangelisk-lutherske kirkes bekjennelsesskrifter. Lunde Forlag, Oslo, 1985.
- Pieper, Francis. Christian Dogmatics, Vol II. Concordia Publishing House, St. Louis, Missouri, 1951.
- Preus, Jacob A.O. The Second Martin The Life and Theology of Martin Chemnitz. Concordia Publishing House, 1994.
- Preus, Robert D. The Theology of Post-Reformation Lutheranism A study of Theological Prolegomena. Vol 1, Concordia Publishing House, St. Louis, 1970.
- Preus, R. D., and Rosin W.(Ed.). A Contemporary Look at the Formula of Concord. Concordia Publishing House, St. Louis, 1978.
- Schlink, Edmund. Theology of the Lutheran Confessions. Fortress Press, Philadelphia, 1961.
- Skard, Bjarne. Inkarnasjonen En dogmehistorisk fremstilling. Forlaget Land og Kirke, 1971.
- TRE(Teologische Realenzyklopädie), band 7. Walter De Gruyter, 1981.

